



Høgskolen i Bergen

Masteroppgaven

M120BUL613

Predefinert informasjon

Startdato:	11-05-2016 14:00	Termin:	2016 VÅR
Ausltningsdato:	18-05-2016 12:00	Karakterform:	Norsk 6-trinnsskala (A-F)
SIS-kode:	M120BUL613 1 MA	Studiepoeng:	60
Eksamensform:	Masteroppgaven og individuell muntlig eksamen		
Intern sensor:	Anne-Stefi Teigland		

Student

Kandidatnr.: 51

Informasjon fra deltaker

Jeg godkjenner avtalen om Valgt
tilgjengeliggjøring av
masteroppgaven min i
BORA:



HØGSKOLEN
I BERGEN

BERGEN UNIVERSITY COLLEGE

Framstillingar av India i atlas for
barn- og unge

Portrayals of India in Children's
Atlases

Ruth Veslegard Austrheim

Master i barne- og ungdomslitteratur

Avdeling for lærarutdanninga

Innleveringsdato

16.05.2016

Forord

To års studie i barne- og ungdomslitteratur nærmar seg slutten. Eit år med fleire spennande forelesingar om interessante emne innanfor barnelitteratur og praksis i litteraturformidling. Lesing av litteratur og forskning innanfor barnelitteratur-feltet har vore nyttig og lærerikt, spesielt med tanke på året vi hadde i vente då masteroppgåva skulle skrivast. Dette året har vore ein prosess med mykje tankar, idear, læring og hardt arbeid. Eg har lært meg å fordjupe meg i eit emne, noko som har vore vanskelig til tider, men også svært lærerikt og interessant. Eg valde eit tema eg synest er både aktuelt og spennande.

Utfordringar har dukka opp på vegen til eit ferdig produkt. Hjelpsame, nyttige, konstruktive og interessante kommentarar frå rettleiar, Sarah Hoem Iversen har vore svært nyttige i slike periodar. Spørsmål dukka stadig opp og ho var aldri lenger enn ein e-post vekke til å ”dra” meg i gong igjen. Hennar engasjement for denne oppgåva har også vore svært motiverande og viktig i denne prosessen. Ein stor takk til deg Sarah!

Ein stor takk til alle dei involverte på barne- og ungdomslitteratur-seksjonen som også har vore svært engasjerte og hjelpsame på undervegs-seminara vi har hatt gjennom dette året. Dei har teke seg tid til å setje seg inn i alle studentane sine oppgåver og komme meg nyttige tilbakemeldingar.

I prosessen med å skrive ei masteroppgåve har eg opplevd at eit så sjølvstendig arbeid til tider kan vere svært krevjande og litt einsamt. Men heldigvis har morosame og lange lunsjpausar med mine gode med-studentar Ida og Benedicte hjelpt mykje på humør og motivasjon. Seminara med dei andre med-studentane Espen, Solveig, Elisabeth og Guro har også vore til mykje hjelp. Gode innspel der alle tok seg til å setje seg inn i andre sine arbeid skapar eit positivt og godt fellesskap som eg vil sitja igjen med i lang tid.

Ruth Veslegard Austrheim

Bergen, mai 2016

Samandrag

I møte med kulturar som skiljar seg frå sin eigen er haldningar til andre land og menneske avgjerande for utfallet av dette møtet. Haldningane barn har i dette møtet blir mellom anna avgjort utifrå kva dei lesar, kva dei høyrer på skulen, eller av foreldre, lærarar og andre vaksne. I lesing av atlas for barn kan ein barnelesar lære mykje nyttig om korleis menneske i andre land enn sitt eige lever, korleis landskapa ser ut og kva som er viktige næringsressursar. Men inneheld atlas til dømes stereotypiske førestillingar om andre kulturarar kan dette påverke lesaren sine haldningar og oppfatningar.

Oppgåva diskuterer om det blir fremja stereotypiske førestillingar om India gjennom atlas for barn-og unge og om India blir framstilt som ein del av Orienten. Då atlas består av illustrasjonar, bilete og verbal tekst undersøker eg også i kva grad atlas fremjar ein fagleg sanningsverdi. Orienten er eit fagomgrep som blir nytta om land i Austen og menneska derifrå. Då stereotypiar ofte oppstår om andre grupper enn ”si eigen” vil det vere nyttig å undersøke kva stereotypiar som oppstår om eit austleg land i atlas som er produsert i Vesten. Sanningsverdi er eit omgrep som blir nytta for mellom anna å sjå truverdigheita i bilete, illustrasjonar og verbaltekst. Difor vil det vere nyttig å sjå kor høg sanningsverdi atlas har for å avgjere om stereotypiane som eventuelt har oppstått står fram som truverdige. For å kunne svare på desse spørsmåla har eg valt ut fire atlas som skal vere mitt materiale i denne undersøkinga. Atlas er gitt ut mellom 1995-2014 og er alle produsert i europeiske land. Materialet består av atlas *Mitt første Atlas* (1995), *Barnas verdensatlas* (2000), *Jorden rundt* (2011) og *Kart for oppdagere og eventyrlystne* (2014).

I undersøkinga av bileta, illustrasjonane og verbalteksten i framstillingane av India i materialet fant eg at dei til ein viss grad framstilte stereotypiske førestillingar dersom ein ser framstillingane i lys av teorien eg har nytta meg av i denne oppgåva. India blir også framstilt som ein del av Orienten dersom ein ser dette i lys av korleis Orienten har blitt omtala og framstilt tidelegare i litteraturen. Sanningsverdien er alltid til stades, men truverdigheita er sterkast i tre av atlas, då *Kart for oppdagere og eventyrlystne* nyttar seg av illustrasjonar som fjernar seg frå det realistiske.

Abstract

When meeting with cultures that distinguish themselves from ones own, attitudes towards other countries and people are decisive for the outcome of this meeting. The attitudes of children in these meetings are affected by among other things what they have read, what they are told at school or by their parents, teachers and other adults. By reading an atlas for children they can learn many useful things about how people in other countries live. They can also learn about the landscapes and important resources in other countries. If the Atlas contains stereotypical notions about other cultures, this can influence the reader's attitudes and perceptions.

This thesis discusses whether atlases meant for children promote stereotypical notions about India and whether or not India is portrayed as part of the Orient. Since these Atlases consist of illustrations, photographs and texts, I will also be looking at how factually accurate these portrayals are. The Orient is a term used for countries in the east and their people. As stereotyping often occurs toward groups that differ from your own, it will be useful to examine what, if any of this is present in an atlas produced in the west. Truth value is a concept that is useful for, among other things, examining the credibility of images, illustrations and verbal texts in factual books. Therefore it would be helpful to examine how accurately other countries are portrayed in order to determine whether any stereotypes that have arisen stand out as credible, and have any truth value. In order to answer these questions I have chosen four atlases as the basis for this study. The Atlases were released between 1995-2014 and are all manufactured in European countries. The material consists of *Mitt første Atlas* (1995), *Barnas verdensatlas* (2000), *Jorden rundt* (2011) and *Kart for oppdagere og eventyrlystne* (2014).

Upon examining this material, I found that there was certain degree of stereotypical portrayals if seen in light of the different theories I have outlined in the thesis. India is portrayed as part of the Orient similar to older literature. The truth value is always present, but the credibility is strongest in three of Atlases. *Kart for oppdagere og eventyrlystne* uses a lot of illustrations that appear unrealistic.

Innholdsfortegnelse

<i>1. Bakgrunn for val av tema og problemstilling</i>	1
1.2 Teoretisk grunnlag og oppbygging av oppgåva	3
1.3 Forklaring av omgrep	6
1.4 Veggen vidare i oppgåva	10
<i>2. Presentasjon av materialet</i>	11
<i>3. Teoretisk bakgrunn</i>	17
3.1 Postkolonial litteraturteori	18
3.2 Orienten/"Dei andre"	20
3.3 Stereotypiske førestillingar	24
3.4 Sanningsverdi: bilete, illustrasjon og tekst	35
<i>4. Analyse av materialet</i>	42
4.1 Beskriving av India i materialet	42
4.2 Natur og dyr	45
4.3 Framstilling av menneske i India	50
4.4 Kultur og religion	59
<i>5. Oppsummering og avsluttande drøfting</i>	70
5.1 Stereotypiar og sanningsverdi	70
5.2 Menneska i India som ein del av Orienten	74
5.3 Avslutning	78
5.4 Veggen vidare	81
Primærlitteratur	82
Sekundærlitteratur	82

Figur 1: <i>Mitt første Atlas</i> (1995, Boyle).....	12
Figur 2: <i>Barnas verdensatlas</i> (2000, Sale)	13
Figur 3: <i>Jorden rundt</i> (2004, Ganeri.& Oxlade).....	14
Figur 4: <i>Kart for oppdagere og eventyrlystne</i> (2014, Mizielinska & Mizielinski).....	16
Figur 5: <i>Jorden rundt</i> (2011, Ganeri & Oxlade).....	43
Figur 6: <i>Mitt første Atlas</i> (1995, Boyle).....	44
Figur 7: <i>Kart for oppdagere og eventyrlystne</i> (2014, Mizielinski & Mizielinski)	45
Figur 8: <i>Barnas verdensatlas</i> (Sale, 2000).	45
Figur 9: "Kamel" <i>Kart for oppdagere og eventyrlystne</i> (2014, Mizielinski & Mizielinski)).	49
Figur 10: "Kamel" <i>Jorden rundt</i> (2011, Ganeri, & Oxlade).....	49
Figur 11: "Krydderseljar i turban" <i>Barnas verdensatlas</i> (2000, Sale)	56
Figur 12: "The Ideal" <i>Mitt første Atlas</i> (1995, Boyle).....	62
Figur 13: "The Real" <i>Mitt første Atlas</i> (Boyle, 1995).....	62
Figur 14: "Hindu-danser" <i>Kart for oppdagere og eventyrlystne</i> (2014, Mizielinska & Mizielinski)	64
Figur 15: "Elva Ganges" <i>Jorden rundt</i> (2011, Ganeri. & Oxlade).....	67
Figur 16: "Elva Ganges" <i>Barnas verdensatlas</i> (2000, Sale).....	67

1. Bakgrunn for val av tema og problemstilling

Maps from virtually every culture and period, from a Babylonian world map of 600 BCE to Saul Steinberg's "View of the world from 9th Avenue," express the human tendency to see one's own community as the natural center of the world, and by implication superior to the communities arrayed around that center. (James R. Akerman, 2012, s. 1)

Sitatet til Akerman (2012, s. 1) peiker på menneske sitt behov for å sjå seg i sjølv i sentrum og vere overlegen til dei samfunna som finn seg rundt. I denne oppgåva vil eg undersøke korleis India blir framstilt i atlas for barn- og unge. Då desse bøkene er produsert i Vesten ser ein korleis dei vestlege landa oppfattar dei som er rundt og tileignar landa og menneska eigenskapar og avgjer kva som skal leggst vekt på i framstillinga av "dei". India var i 200 år underkasta av Storbritannia, "The West" på grunn av koloniseringa og om ei slik "underkasting" framleis finn stad i litteratur for barn vil vere nyttig å diskutere i denne oppgåva.

Julaftan 2014 opna den 5 år gamle nevøen min ein presang han sette svært stor pris på, nemleg ein globus tilpassa barn. På denne globusen var det plassert ulike motiv på ulike land og verdsdelar. India var mellom anna representert med ein tiger og ein elefant, Japan med eit bonsai-tre og ei geisha-kvinne, medan USA blei representert med traktor, motorsag, helikopter og cowboyar. Globusen viste store kontrastar mellom verdsdelane. Den var svært fin å sjå på og nevøen min var fasinert. Men kva gjer den med inntrykket til ein som frå før har eit snevert verdsbilete? Framstillingane som globusen representerer gir tilskodaren eit bilete av verda som er ufullstendig, forenkla og stereotypisk. Ein slik globus må sjølvstundt forenklast i høve aldersgruppa den er meint for, men er det "riktig" å representere USA med moderne teknologi og India med to dyr?

På det litterære feltet kan ein finne globusar i form av atlas. Dette er populære bøker for barn. Dei består av kart og illustrasjonar av ulike element frå eit land, slik som globusen. Eit av

kompetansemåla for 7. årsteg er at elevane skal kunne ” lese tekstar om menneske som lever under ulike vilkår, og drøfte kvifor dei tenkjer, handlar og opplever hendingar ulikt” (Kunnskapsdepartementet, 2013). Atlasa kan bidra til å gi barn, uvilkårleg kva land dei er i frå, ei breiare forståing for kva kulturell og geografisk bakgrunn ”andre” menneske har. Då verda i dag finn seg i ei flyktningskrise kjem mellom anna yngre barn til Noreg. Fleire av desse barna hugsar truleg lite frå heimlandet sitt. Blir barna, i lesing av atlas, hindra å sjå realistiske framstillingar av deira heimland? Ein kan også stille spørsmål om atlasa bidreg til ei fullverdig forståing av andre land, eller om dei bidreg til å fremje stereotypiar og førestillingar om ”dei andre”. Srividya Ramasubramanian (2005) viser til Mitra (1999) som hevdar at vår forståing av andre kulturar og nasjonar rundt om i verda ofte er farga av minna som vi har fått gjennom mediert visuell informasjon (Mitra i Ramasubramanian, 2005, s. 243). Det vil altså seie at informasjonen lesaren får gjennom atlasa er med på å danne den forståinga han/ho har om ein kultur eller eit land.

I dei fleste tilfelle i lesing av kart er det truleg få som tenker over kvar kartet kjem i frå eller kven som har konstruert det. I atlas for barn er det ikkje berre kart over land, verdsdelar og verda som blir presentert, men også andre element rundt og på karta. Bilete, illustrasjonar og fakta om eit land, område, eller verdsdel er ofte vanleg. Kva faktorar er det som avgjer kva som skal vektleggjast i framstillingane? Sudeshna Roy (2008) viser til Sandhya Rao (2001), som er utgjevar og forfattar i India. Rao (2001, i Roy, 2008) peiker på at hennar erfaring som barnebokforfattar er at vestlege forlag unngår å publisere bøker som ikkje har illustrasjonar som møter deira visjonar om India. Rao (2001, i Roy, 2008) meiner at når forlag i USA stiller krav til kva barnelitteratur om India skal innehalde, kan dette auke andelen av element som framstiller India som eit eksotisk land (s. 4). I utgjevnaden av atlas bør slike faktorar som Rao (2001, i Roy, 2008) hevdar ligg til grunn for kva som skal vektleggjast i bøker som India vere i fokus i utgjevnad av atlas for barn.

Formålet med denne oppgåva blir dermed å undersøke korleis atlas for barn- og unge frå 1995 til 2014 framstiller India gjennom natur, dyr, menneske, kultur og religion då India har eit stort mangfald på alle desse områda. Eg vil undersøke i kva grad atlasa gir ei stereotypisk framstilling av India, om landet blir framstilt som ein del av ”Orienten” og i kva grad bilete og verbaltekst fremjar ein fagleg sanningsverdi. Orienten er eit fagomgrep som kan bli brukt om Austen og menneske derifrå. Då stereotypiar ofte er noko som oppstår om andre grupper

vil det vere nyttig å undersøke kva stereotypiar som eventuelt blir framstilt om India i atlas som er produsert i vestlege land. Sanningsverdi er eit omgrep som blir nytta for mellom anna å sjå truverdigheita i bilete, illustrasjonar og verbaltekst. Det vil dermed vere nyttig å undersøke kor høg sanningsverdi atlasane har for å avgjere om stereotypiane og India som ein del av Orienten eventuelt står fram som truverdige.

1.2 Teoretisk grunnlag og oppbygging av oppgåva

Atlas for barn- og unge er ein sjanger innanfor barnelitteraturen ein finn lite forskning om. Korleis kulturar eller land blir framstilt og omtala i atlas, som er ei viktig kjelde for slike opplysningar, verkar ikkje som å vere ein prioritet innanfor forskning om barnelitteratur. Derimot finn ein forskning om korleis andre land og kulturar blir framstilt i både skjønnlitterære-og andre sakprosa-bøker for barn.

Kathryn Castle (1996) har mellom anna undersøkt korleis India har blitt framstilt i historie/samfunnsfags-bøker for barn i Storbritannia på 1800-talet. I hennar undersøkingar fant ho mellom anna at India blei omtala som ein anarki-stat, med ei befolkning som var i konstant krigføring. Ifølgje europeiske standardar kunne ein knapt kalle India for ein nasjon (Castle, 1996, s. 13).

Sarah Hoem Iversen (2010) har i hennar doktoravhandling skrive om encyklopediar og ordbøker frå 17-og 1800-talet for barn. Der har ho mellom anna undersøkt korleis religion blir framstilt og omtala. Iversen (2010) finn mellom anna at kristendom er i sentrum for kva som blir delt med lesaren, medan andre religionar som Islam, hinduisme og buddhisme blei framstilt som primitive samanlikna med kristendommen. Dei andre religionane gav eit bilete av stereotypiske førestillingar som at dei var absurde, latterlege eller farlege og skulle helst ikkje bli representert i ordbøkene i det heile teke (s.232). Bileta i fleire av ordbøkene forsterka inntrykket av "the Orient as 'Other'", til dømes ved å beskrive hinduar som villmenn og blodtørste eller barnslege og latterlege (s. 252).

Edward Said er spesielt kjend for å ha skrive boka *Orientalismen Vestlige oppfatninger av Orienten* som først blei gitt ut i 1978. Boka er ein kritikk til forholdet mellom Aust og Vest.

Said blir omtala som Orientalismens far då dette omgrepet fekk mykje merksemd etter utgjevnaden av denne boka. Said set spørsmålsteikn ved innhaldet i førestillinga om Orienten som gir eit bilete av ein mystisk, sensuell og fjern verdsdel med kulturell trekk som er så annerleis enn dei som eksisterer i Oksidenten, den vestlege verda (1994, s. III). Denne førestillinga som Said (1994) diskuterer gir eit grunnlag for mi undersøking, om atlasa framstiller Indarar som ein del av Orienten. I lys av Said vil eg presentere stereotypiske førestillingar som eksisterer om India og indarar, då dei er ein del av det som blir kalla Orienten.

Gjennom lesing av postkolonial teori kjem det fram at framstillingar av postkoloniale land ofte gir eit bilete av at menneska som blir framstilt er usjølvstendige, mystiske og umoderne. Homi Bhabha har analysert korleis stereotypiar er kome til og blitt integrert i kultur og litteratur, gjennom gjentakning, eller den repeterte representasjonen av visse idear, bilete, ord og ideologiar om dei koloniserte (Bhabha i Burney, 2012, s. 59). I eit fleirkulturelt samfunn som dei fleste barn er ein del av i dag, treng barna eit meir fullverdig bilete av dei ulike landa. Ein kan dermed stille spørsmål til om atlasa gir eit fullverdig inntrykk av India. I atlas for barn blir illustrasjonar og bilete brukt til å vise kva og kven som eksisterer i eit land eller område. Det er sjølv sagt ikkje mogeleg å vise alt. Forlaga må difor ta val når dei skal bestemme kva og kven som kome til syne i framstillinga av dei ulike landa.

Gayatri Chakravorty Spivak kritiserar vestlege akademikarar for å kategorisere menneske med ulik bakgrunn, ulik sosial og økonomisk status, ulike interesser og-det viktigaste for Spivak- ulikt kjønn under ein felles term når dei snakkar om ”dei kolonialiserte” eller ”dei undertrykte” (Claudi, 2013, s. 203-204). Dei vestlege akademikarane gjer same feil som kolonistane, nemleg å konstruere eit menneske som får status som ”den andre” som er skapa og definert og ikkje kan definere seg sjølv (Spivak 1998/2009, i Claudii, 2013, s. 204). I atlas for barn som er produsert i Europa og USA definerer dei seg sjølve og ”andre” kulturar ved bruk av bilete, illustrasjonar og verbaltekst, utan at ”dei andre” får sagt noko om korleis dei ville definert seg sjølve. Dei blir gjennom forlaga tileigna eigenskapar som dei sjølve kanskje ikkje kan stå inne for.

Gunther Kress og Theo van Leeuwen (1996) stiller seg kritiske til truverdigheita i bilete og illustrasjonar. Dei diskuterer om det vi ser eller høyrer faktisk er sant, eller om det berre løgn,

fiksjon eller noko utanfor realiteten. Atlas for barn er faktabøker og det er forventa at dei skal formidle sanning til lesaren. Som eg har nemna, kan ein dermed diskutere om dei eventuelle stereotypiske framstillingane også har ein høg sanningsverdi og om dei då blir meir truverdige enn dei framstillingane som eventuelt har ein låg sanningsverdi.

Forsking om framstillingar av India i skjønnlitteratur for barn i Vesten finn ein mellom anna i Roy (2008) si undersøking: *A Critical Discourse Analysis of Representation of Asian Indian Folk Tales in US-American Children's Literature*. Roy (2008) har mellom anna undersøkt skjønnlitterære bøker om India frå offentlege bibliotek i USA. Desse bøkene inneheld illustrerte folkeforteljingar om India. Bøkene representerer og gir eit bilete av korleis India blir framstilt som land i litteratur for barn. Roy (2008) har brukt tre ulike kategoriar i hennar analyse; natur og ville dyr, fattigdom og motgang og spirituelle ritual (s. 5).

I analysen av atlasane frå mitt materiale, vil eg dele analysekapitlet opp i liknande kategoriar, slik som Roy (2008) nytta seg av. Eg vil bruke kategoriane: natur og dyr, framstillingar av menneske i India og kultur og religion. Under kategorien natur og dyr vil eg fokusere på korleis mellom anna landskapet er illustrert, kva dyr som er representert og kva betyding dette har for om India blir framstilt som ein del av Orienten og om framstillingane fremjar stereotypiar som eksisterer om India. I kapitlet om framstillingar av menneska i India vil eg undersøke kva yrker menneska som blir framstilt har, kva aktivitetar dei er i og om dei blir framstilt som mystiske og eksotiske. I kapitlet om kultur og religion vil eg drøfte korleis dei ulike kulturane blir framstilt i atlasane gjennom mellom anna palass, tempel og bygningar. Eg vil også diskutere korleis religion blir framstilt og korleis atlasane presenterer til religiøse element og ritual.

Å nytte seg av slike kategoriar kan vere problematisk då det er fleire element som kryssar dei ulike kategoriane. Dans er til dømes noko som er ein del av indisk kultur og religion, men sidan det er menneske som utfører dansen har eg valt å legge diskusjonen rundt nokre av dansarane under kategorien, ”korleis menneske blir framstilt”. Men eg vil også diskutere dans innanfor under-kategorien, religion då det er fleire ”typar” dansarar som blir framstilt i samband med hinduismen. Sjølv om nokon av kategoriane kryssar kvarandre meiner eg likevel at ved å nytte seg av slike kategoriar blir analysen meir oversikteleg. Då atlasane viser svært mange fellestrekk kunne analyse av eitt og eitt atlas ført til mykje gjentaking av viktige

poeng. Ei slik analyse kunne blitt ”tung” å lese.

Forskinga eg har presentert i dette delkapitlet er noko av det som ligg til grunn for mitt val av tema til denne masteroppgåva. Det som også gjer denne oppgåva interessant og ikkje minst relevant, aktuell og viktig for forskning på barnelitteratur er at ein finn få, eller ingen undersøkingar om akkurat atlas for barn. I barn sitt møte med andre kulturar spelar denne sjangeren, som skal presentere fakta, ei viktig rolle og det er dermed viktig å tenkje over kva som eigentleg blir lagt vekt på i framstillingar av andre kulturar og land då framstillingane bidreg til å påverke barn si oppfatning av ”andre”.

1.3 Forklaring av omgrep

Eg vil i dette delkapitlet forklare kva som blir lagt til grunn i dei mest sentrale omgrepa for denne oppgåva og grunngi kvifor eg har valt å bruke dei i mi oppgåve.

1.3.1 Postkolonialisme

Postkolonial teori vil i denne oppgåva nyttast som eit analyseverktøy, der atlas blir lest kritisk i lys av denne teorien. Frå 1400-talet og fram til byrjinga av 1900-talet hadde vestlege land, som til dømes Spania, Portugal og Storbritannia kjempa til seg herredøme nærare 85% av jordas landareal (Loomba, 2005, i Claudi, 2013, s. 190). Som eg nemna innleiingsvis hevda Roy (2008) at på grunn av den 200 år lange underkastinga India har vore under på grunn av koloniseringa av Storbritannia har ”The West” sett India under ein kateogri, kalla ”The Rest” (s.3). Claudi (2013) hevdar at dette ekstreme uttrykket for vestleg kolonialisme dannar det mørke bakteppet for utviklinga av postkolonialistisk teori. Denne teorien forsøker å forstå korleis vestlege land kunne vinna og oppretthalda sin dominans over kolonistatane, korleis dei som var koloniserte har ytra motstand mot desse vestlege landa, og korleis maktene og dei koloniserte samfunna har påverka kvarandre (s. 190). Vidare peiker Claudi (2013) på at postkolonialismen forsøker å utvikle eit teoretisk rammeverk for å belysa og analysa maktforholda mellom vestlege og ikkje-vestlege samfunn, først og fremst samfunn som tidlegare var under vestleg kolonimakt (s. 190).

1.3.2 Orienten/"Dei andre"

Omgrepet Orientalisme blir nytta om Asia og Austen, geografisk, moralsk og kulturelt sett (Said, 1994, s. 44). Ein nyttar det om som dei som finn seg innanfor dei geografiske grensene som blir omtala som Austen og om dei som har "same" normer, verdiar og haldningar. Said (1994) hevda at i Europa blei omgrepet Orientalisme nytta når ein snakka om ein "orientalsk personlighet, en orientalsk atmosfære, en orientalsk fortelling, orientalsk tyranni, eller en orientalsk produksjonsmåte og bli forstått" (Said, 1994, s. 44). Rania Maktabi skriv i forordet til Said (1994) at Orient og Oksident er to affektert-skapa idear som ikkje har rot i ei materialistisk verkelegheit (s. III). Orienten og Oksidenten er eit resultat av noko som blir kalla "imaginær geografi", altså eit fiktivt landskap om to ulike bilete av verda. På denne måten blir Orientalen representert som bilete av "den andre", ikkje-europearen. Dette biletet av orienten er med på å definere Oksidenten som Orienten si motsetnad (Maktabi i Said, 1994, s. III). Omgrepet "Orientalisme" blir i denne samanheng nytta til å undersøke om atlas gir ei framstilling av menneska i atlas som ein del av Orienten. Det vil vere nyttig å undersøke om India i atlas frå materialet, har blitt tildelt den "Orientaliske personlegheita" som Said (1994) peika på, og om atlas fremjar bilete av "den andre", som ikkje er europear.

1.3.3 Stereotypi

Eriksen & Sajjad (2015) definerer omgrepet *stereotypi* som "...forenklende beskrivelser av antatte kulturtrekk ved bestemte typer av mennesker, som fungerer grensesettende i forhold til dem" (s. 56). Eriksen & Sajjad (2015) hevdar også at stereotypiar kan oppstå om framande folk, men også kvinner, menn, arbeidarar og kongelege (s. 57). Døme på slike stereotypiar kan vere "kvinner er omsorgsfulle", "menn har fysiske yrker", "menn er flinke med økonomi" eller "kvinner er dårlige til å kjøre bil". Omgrepet *stereotypi* blir i denne oppgåva nytta i samband med at eg skal undersøke om eller i kva grad atlas gir ei stereotypisk framstilling av India. Stereotypiar oppstår ofte når ei gruppe har makt til å definere ei anna gruppe. Peggy Ochoa (1996) hevdar at innanfor kolonialismen har det oppstått binære motsetningar mellom grupper der kolonimaktene har hatt myndigheit til å definere "oss" mot "dei" (s. 221). Stereotypiar kan dermed oppstå når ei gruppe som har mykje makt definerer grupper som har mindre makt.

1.3.4 Sanningsverdi

Teori om sanningsverdi vil nyttast for å finne ut om atlasa fremjar ein fagleg sanningsverdi gjennom illustrasjonar, fotografi og verbaltekst. Kress og van Leeuwen (1996) skriv mellom anna om modalitet, eit omgrep som vil nyttast i analysen der eg diskuterer sanningsverdi. ”Modalitet” vil seie truverdigheita i den informasjonen lesaren av ei bok eller tilskodaren av eit bilete får (1996, s. 159). I dei fleste atlasa er det forlaga som bestemmer kva som skal vektleggast i informasjonen lesaren mottar. Blir sanningsverdien fullstendig når viktig informasjon om til dømes eit land, menneske i landet eller kulturen blir utelatt i framstillinga? Ingeborg Mjør (2015) nytta seg av teori om sosialemiotikk, språklege og multimodale ytringar, i undersøkinga om sanningsverdi i mellom anna fagbøker for barn. Anne Løvland referert i Mjør (2015, s. 50) har føreslått termen *signal om sanning*. Ho stiller spørsmålet ”På kva måte skal vi tru på teksten, kva type sanning eller verkelegheit representerer den?” (Løvland i Mjør, 2015, s. 49). Dette spørsmålet kan knytast til materiale til denne oppgåva, då atlasa skal presentere fakta, men det er tvil om kva verkelegheit dei representerer.

1.3.5 Atlas som fagtekst

Sidan atlas blir rekna som ein fagtekst vil eg byrja med definere kva det vil seie, deretter gå nærmare innpå kva eit atlas er definert som. Ved å lese ein fagtekst kan lesaren lære om ny informasjon, men også utvide den kunnskapen han/ho sit med frå før. Løvland (2012) hevdar at intensjonen med ein fagtekst vil vere å bygge opp nye omgrep, eller å utdjupe dei omgrepa lesaren allereie kjenner til (s. 82). Dersom lesaren av eit atlas til dømes har høyrd om India kan han/ho få utfyllande kunnskap om India ved å lese eit atlas. Løvland (2012) peiker på utfordringa med å skape slike tekstar for barn fordi livserfaringa er svært ulik hos tekstprodusent og lesar (s.82). Dersom tekstskaparen til dømes har vore i India og lesaren ikkje har det, sit dei to med svært ulik bakgrunnskunnskap. Å forenkla teksten og presentere element som lesaren kan relatere seg til vil dermed vere viktig i skapinga av fagtekstar.

Under kategorien fagtekstar finn ein også atlas for barn. Som eg vil gå nærmare innpå i beskrivinga av materialet inneheld atlasa bilete, illustrasjonar, kart og verbaltekst som ofte forklarar betydninga av eit bilete eller ein illustrasjon. Margaret Mallett (2004) omtalar atlas-

bøker som refererande tekstar og hevdar at slike tekstar tilbyr yngre lesarar ei sjølvstendig leiting av informasjon. Forfattarane og forlaga har tre moment i minne ved utgjeving av slike bøker: at designet til boka skal vere inviterande og enkelt å bruke, permen til boka skal vere tilpassa aldersgruppa til lesaren den er meint for og språket skal forklare idear og vere forsterkande i høve illustrasjonane i boka (s. 624). Atlasa frå materialet oppfyller med dette kravene som Mallett (2004) hevdar bør vere til stades.

Gode atlas-bøker for yngre barn skal ha klare kart og nøye forklare korleis ein skal bruke symbol og koordinasjonar, men også, som andre refererande bøker, krevjar dei ofte ein vaksen-forklarar i lesinga av atlas (Mallett, 2004, s. 624). I mitt materiale er det varierende kor nøye atlas beskriv kva eit kart er korleis ein brukar det. I somme tilfelle står barnelesaren friare til å utforska bøkene og vurdere sjølv korleis dei vil nytte seg av karta og informasjonen. I likskap med det eg undersøker i atlas frå mitt materiale hevdar også Mallett (2004) at ein må vere på vakt for ”forvrengt” informasjon. I til dømes bøker om andre kulturar, er det ein tendens til å gi eit unyansert, ukritisk eller eit idealisert bilete av enkelte samfunn (s. 629). Mallett (2004) trekk også fram ulike kritikkar av informasjonstekstar for barn. Ho viser til Margery Fisher (1972) som hevda at informasjonstekstar ikkje berre bør presentere fakta og idear, men også oppmuntre lesaren til ei kritisk lesing ved å gi lesaren hjelp til å tolke fakta (s. 630). For at eit barn skal vere kritisk til det som blir formidla i ein fagtekst, slik som i atlas, er det naudsynt at barnelesaren blir forklart kvifor han/ho bør vere det og korleis lesaren kan vurdere kva som bør vurderast som mistenksamt i framstillingar av andre land.

I nokre av atlas frå mitt materiale beskriv forfattarane kva eit atlas er og korleis lesaren kan bruke eit atlas på ein nyttig måte. *Mitt første Atlas* definerer seg sjølv som sjanger ved å forklare at eit atlas er ei kartbok eller eit biletverk der det blir vist form og storleik på land og hav, og kva dei heiter. Vidare blir atlas samanlikna med ein globus der det blir beskrive korleis Jorda dreier seg rundt ein usynleg akse. Slik Mallett (2004) peika på som ofte er naudsynt i lesing av atlas, har *Mitt første Atlas* skrivne ein ”guide” til vaksne som kan vere til hjelp dersom dei skal lese atlas saman med eit barn. I *Jorden rundt* beskriv dei heller kva eit kart er og korleis ein kan konstruere det. Atlaset samanliknar Jorda med ein rund ball og boka forklarar at karta blir meir riktige dersom dei også blir forma som ein rund ball. Vidare beskriv dette atlaset korleis ein lagar kart og samanliknar det med å skrelle ei appelsin, skala

må strekkast der dei er tynnast slik at dei blir som rektangel. Det blir også forklart at dersom ein skal lage eit kart, må ein gjere nokon områder på Jorda mindre og andre større.

Informasjon om kart kan vere nyttig for eit barn å lære. Det som eg likevel stiller spørsmål til i atlasa si forklaring av seg sjølv som bøker, er at ein ikkje finn informasjon om kvar dei har henta den informasjonen dei formidlar i bøkene sine. På denne måten kan det verke som at det er fritt ”spelerom” for å bestemme kva som vektleggjast i atlasa.

1.4 Vegen vidare i oppgåva

Atlas for barn er det eg tar utgangspunkt i når eg skal undersøke korleis vestlege haldningar til ”andre” blir framstilt for barn i hovudsak vestlege land, då det er det atlasa er produsert. Eg vil nytta meg av ei postkolonial lesing av atlasa og teoriar om andre framstillingar av Orienten. Eg vil også nytta meg av teoriar om stereotypiar og korleis og kvifor dei kan oppstå og undersøke korleis sanningsverdien i bileta, illustrasjonane og verbalteksten kan bidra til å påverke truverdigheita til det som blir framstilt.

Oppgåva er delt inn i fem kapittel saman med innleiinga. Eg vil vidare i denne oppgåva beskrive kva kriterier eg stilte til dei atlasa som skulle vere ein del av materialet. Eg vil beskrive korleis atlasa eg bygd opp, kva dei inneheld, kor dei er produsert og kven som har gitt dei ut. I neste kapittel legg eg til grunn den teoretiske bakgrunnen for analysekapitlet som byrjar i kapittel fire. I kapittel fem vil eg avslutningsvis drøfte og summe opp funna i analysen, deretter avslutte med nokre tankar og kommentarar til dei funna som har kome fram i denne oppgåva. Til slutt vil eg diskutere vegen vidare i dette forskingsfeltet.

2. Presentasjon av materialet

Eg stilte visse kriterier til dei atlasane som skulle nyttast i denne oppgåva. Dei kriteriene gjekk mellom anna ut på at atlasane nytta seg av kart i framstillingane av landa og verdsdelane som vart presentert. Atlasane måtte også bruke illustrasjonar og/eller bilete som viste ulike element frå det aktuelle landet eller den aktuelle verdsdelen. Med element meiner eg alt frå kultur, religion, geografi, osv. Atlasane måtte også bruke ei eller anna form for verbaltekst som forklarar eller presenterer fakta om det aktuelle landet eller verdsdelen. Denne verbalteksten kan kome i form av handskrift eller maskinskriven tekst. Hovudkriteriet for atlasane er at dei er multimodale, altså at dei bruker både bilete og tekst.

I denne oppgåva har eg valt å bruke fire atlas som er tilpassa barn- og unge. Atlasane er gitt ut i ulike land og alle oversett til norsk. Utgjevnadsår varierer frå 1995 til 2014. Alle atlasane presenterer land og geografiske element ved å kombinere verbaltekst, bilete og illustrasjonar. I verbalteksten blir det gjort nokre pedagogiske grep i form av interaktive tekstar eller som presentert fakta om eit land, ein by, verdsdel eller eit element som ein finn i det landet, verdsdelen eller byen. Dette kan til dømes vere eit spesielt dyr, ein spesiell bygning eller eit fjell.


I innhaldslistene til atlasane deler *Mitt første Atlas* og *Jorden rundt* likskapar ved at dei har ei kronologisk innhaldsliste over kva ein kan slå opp på. I desse innhaldslistene er verdsdelane delt opp i ulike delar. Til dømes i *Mitt første atlas* er Asia delt opp i ”Nord-Eurasia”, ”Vest- og Sør-Asia” og ”Øst- Asia”. I *Jorden rundt* brukar dei til dømes ”Kina og nabolandene” og ”Øst- Kina og Korea”. *Kart for oppdagere og eventyrlystne* og *Barnas verdensatlas* skiljar seg her ut ved at innhaldslista er eit kart, og lesaren må leite på kartet etter sidetalet på det landet eller den verdsdelen han/ho vil slå opp på. I *Kart for oppdagere og eventyrlystne* står alle landa som er representerte i boka i innhaldslista medan i *Barnas verdensatlas* må ein sjå etter verdsdelane. Tittelen på *Kart for oppdagere og eventyrlystne* står i stil med innhaldslista då lesaren må leite seg rundt på kartet som ein slags eventyrar eller oppdagar for finne det

han/ho leitar etter.

Mitt første Atlas og *Jorden rundt* er begge gitt ut av ”Dorling Kindersley book” og begge bøkene byrjar med eit kapittel dei kallar ”Vår verden”. Her kan ein finne informasjon om kva eit atlas er, finne fakta om Jordas oppbygning og lese om kva eit kart er og korleis ein kan konstruere kart. I *Barnas verdensatlas* kan ein også finne same informasjon, endå meir detaljert. Her blir det mellom anna informert om korleis Jorda er i forandring, om vær og klima (som ein også finn i *Jorden rundt*), naturressursar, globalisering og trugslar for planeten. *Kart for oppdagere og eventyrlystne* skiljar seg ut her, ved at boka presenterer mindre fakta.

Alle framstillingane av land bruker verbaltekst for å framstille fakta om mellom anna størrelse på landet, turistattraksjonar, ressursar, yrker, bygningar, fjell, dyr, osv. På dei siste sidene i *Mitt første atlas*, *Barnas verdensatlas* og *Jorden rundt* kan ein finne register og ordliste der ein kan slå opp på land, byar, elver, fjell, dyr og andre ord eller områder ein lurar på. Desse bøkene deler også at i presentasjon av land og verdsdel byrjar dei med Antarktis, medan *Kart for oppdagere og eventyrlystne* skiljar seg ut ved atlaset byrjar med Europa.

2.1 *Mitt første Atlas* (1995)




Figur 1: *Mitt første Atlas* (1995, Boyle)

Dette atlaset blei først gitt ut i Storbritannia i 1994, deretter oversett til norsk og gitt ut i Noreg 1995. I innsidepermen av boka kan ein sjå flagg frå ulike land i verda. På dei to første sidene blir tittelen til boka presentert og på venstre side er det ein illustrasjon av Jordkloden med ulike dyr, eit fly og ein båt. Blar ein om kjem ein til innhaldslista og ein beskjed til dei vaksne som lesar i lag med barnet frå forlaget, Dorling Kindersly. Her skriv forlaget mellom anna at ved å samanlikne land og regionar kan barnelesaren lære kor stor og mangfaldig verda er. Teksten blir avslutta med at *Mitt første Atlas* eignar seg godt til å stimulere barn si lyst til å finne ut meir om den forunderlege verda vår.

I introduksjonskapitlet ”Verden vår” er det skriva korte faktasetningar om kvar verdsdel der det er fokus på størrelsen av verdsdelen. Ein kan også finne kart over heile verda. Her står det kor mange land verda består av og at kvart land har ein hovudstad. Verdiskartet viser landa i ulike fargar. I presentasjonen av verdsdelar og land er det korte tekstar om kva ein kan gjere, vanlege yrker, kva som blir dyrka og om dei første innbyggjarane. Nederst på kvar side er det ei pil som viser kva land eller verdsdel ein kjem til når ein blar til neste side. I slutten av boka finn ein korte faktasetningar om verda og jordkloden vår. Der finn ein mellom anna informasjon om kor det er mest sol, største by, mest plante- og dyrerike, osv.


2.2 *Barnas verdensatlas* (2000)



Figur 2: *Barnas verdensatlas* (2000, Sale)

Dette atlaset blei gitt ut i Noreg i år 2000, medan originalen, *Children's Atlas of the world* blei gitt ut i 1998. Hovudredaktøren av atlaset er Colin Sale. I permen av boka, framme og bak, er verdskartet strekt utover to sider. Begge karta er like både framme og bak. På kartet er områder i dei forskjellige verdsdelane nummerert med sidetall. Til dømes viss ein ser "Sørlige Asia" på kartet ser ein at ein kan slå opp på side 82. Etter innhaldslista kan ein finne ein guide som forklarar korleis atlaset blir brukt. Det blir forklart kva som er meint med ulike element og brukt eit døme om Frankrike. Illustrasjonane som er brukt i dette dømet blir forklart ved at dei viser folk, plassar, bygningar, dyreliv og verksemder i eit område. Større illustrasjonar gir ekstra informasjon om eit kartemne. Her blir det brukt pedagogiske verkemiddel som oppgåver og eksperiment. Nedanfor oppgåva er det ein boks som seier kva ein skal undersøka nærare for å kunne svare på den gitte oppgåva. I verbalteksten er det skrive om korleis atlaset skal brukast og lesaren blir oppmoda til å lese kapitla "Kart og kartografi" og "Bruk av kartet". I slutten av boka kan ein lese om kva land som har territorier og besettingar og om territorier som er omstridde, altså der det er konflikhtar om kven som eiger kva.

2.3 Jorden rundt (2011)



Figur 3: *Jorden rundt* (2004, Ganeri.& Oxlade).

Jorden rundt er opprinneleg gitt ut av Dorling Kindersly og originaltittelen på boka er *DK Picture Atlas* (først gitt ut i 2003). I 2004 gav Damm & Søn ut ei utgåve, medan boka som blir brukt i denne oppgåva er gitt ut i 2011 av Cappelen Damm som ein del av serien *Barnas Fakta*.

I dette atlaset kan ein lese om ulike typar kart, der det blir forklart at til dømes små bilete på karta viser bygningar, dyr og nasjonalidrettar. Ein kan også her lese om ulike landskap og løyse ”prøv deg sjølv”-oppgåver der ein mellom kan prøve å lage ein matrett som er kjend frå det landet ein lesar om. I presentasjonen av land og verdsdelar blir lesaren først introdusert for ulike delar i ein verdsdel. Til dømes kjem ein direkte til Nord- og Sør- Amerika som byrjar med Canada og Alaska når ein kjem i frå Arktis. Medan Afrika blir introdusert med eit bilete av eit kart over heile Afrika. Deretter kjem det meir fakta om Afrika generelt. Det er ingen inndeling etter land. Lesaren reiser så direkte frå Nilen til Norden. Her er det heller ingen klar overgang til at ein no er i Europa.

Når lesaren kjem til eit nytt område blir han/ho først introdusert for eit kart over dette området. Til dømes i Midtausten er det kart over det området som blir rekna som Midtausten og kva land som ”høyrrer til” der. På kartet over området finn ein bilete av dyr, mat, industri og næringsliv, bygningar, menneske i klede som er ”typiske” for det området, planteliv, skulpturar og transportmiddel. Ein kan også sjå bilete av kvar på Jordkloden dette området er. Ved sida av kartet finn ein fleire bilete og faktasetningar. I Midtausten er det bilete av Mekka og dette biletet blir forklart med tekst om kva Mekka er. Etter introduksjonen av kartet kan ein bla om til ein ny faktadel om området. Der står det mellom anna om kjente bygningar, statuar, klesdrakter, nasjonalmat, religion og dyr. I slutten av atlaset finn lesaren ein oppslagsdel. Der kan dei mellom anna sjå bilete av alle flagg i verda og finne register der lesaren kan slå opp på land eller ord han/ho vil lære meir om.

2.4 Kart for oppdagere og eventyrlystne (2014)



Figur 4: *Kart for oppdagere og eventyrlystne* (2014, Mizielinska & Mizielinski)

Denne boka er opprinneleg gitt ut i Polen av Wydawnictwo Dwie Siostry og illustrert av Aleksandra og Daniel Mizeilinski. I Noreg er boka gitt ut av Fontini forlag i 2014. På første side kjem tittelen på boka, namn på illustratørane og ein illustrasjon av delar av eit verdskart. Når ein blar om kjem ein ny illustrasjon av heile verdskartet. Her er det brukt ulike fargar i dei ulike verdsdelane. Illustrasjonane viser også kva dyr i ein kan finne i dei ulike havområda og ulike typar skip. Det er også teikna eit kompass som viser, nord, sør, aust og vest. I denne illustrasjonen ligg fokuset på havet, medan landområda er tomme for illustrasjonar.

I presentasjonen av verdsdelar finn ein færre illustrasjonar enn i framstillingar av land. Når ein verdsdel blir presentert står det kor mange land det er, størrelse i kvadratkilometer og kor mange menneske som bur i verdsdelen. Det er svært lite verbaltekst.. I dei få illustrasjonane kan ein sjå kva dyr ein finn i havet rundt verdsdelen. Etter ein verdsdel er presentert møter ein framstillingar av land i denne verdsdelen. Ikkje alle landa frå verdsdelen blir representerte. Presentasjonen av eit bestemt land tek plass over to sider og i nokre land må ein snu boka sidelengs for å sjå illustrasjonen riktig veg. Her er det langt fleire illustrasjonar enn i presentasjonen av verdsdelane.

3. Teoretisk bakgrunn

I dette kapitlet vil eg presentere teorien som ligg til grunne for analysen av materialet.

Oppgåva tek utgangspunkt i korleis India blir framstilt i atlas for barn. Då India er eit land som tidlegare har vore under kolonimakt vil eg nytte meg av ei postkolonial lesing av materialet og difor diskutere kva postkolonial teori går ut på og nemne ulike diskursar innanfor denne teorien. I denne lesinga møter ein på ulike omgrep som "Orienten" og "dei andre". I undersøkinga om menneska som blir representert i atlas blir framstilt som ein del av Orienten er desse omgrepa sentrale. Eg vil også støtte meg til teori om korleis koloniserte land som India tidlegare har blitt framstilt gjennom barnelitteratur, for å sjå om framstillingane i atlas deler kjenneteikn med desse. I analysen av materialet vil eg finne ut om eller eventuelt i kva grad atlas fremjar stereotypiske førestillingar om India. Stereotypiar oppstår gjerne gjennom inntrykka nokon har av til dømes ei folkegruppe, eit land eller ein religion. Dette kapitlet diskuterer kvifor stereotypiar oppstår og kva stereotypiar som eksisterer om India i media, barnelitteratur og hos menneske i Vesten.

Atlas nyttar seg av både bilete, illustrasjonar og verbaltekst. Det vil difor vere naturleg at eg støtter meg til teori om korleis ein kan lese og analysere bilete, samt teori om sanningsverdi. Ein del av målet med oppgåva er å finne ut i kva grad atlas fremjar ein sanningsverdi, altså om det ein ser verkar truverdig. Bøker som skal formidle fakta for både barn og vaksne er nøydd til å forenkle informasjonen då ingen oppslagsverk kan formidle ei absolutt sanning. Ein kan likevel vere kritiske til det utgivarane vel å fokusere på då dette kan gi lesaren eit inntrykk som ikkje alltid stemmer med realiteten. Det kan fremje stereotypiske førestillingar om det aktuelle landet. Korleis atlas vel å framstille eit land ved bruk av bilete og tekst avgjer også korleis lesaren oppfattar truverdigheita i det som blir presentert. Eit atlas kan ikkje presentere alle element som eit land består av, men eit meir variabelt bilete av landa som får fram kompleksitetane som ofte oppstår i eit land kan vere ein moglegheit.

3.1 Postkolonial litteraturteori

Postkoloniale undersøkingar prøver gjerne å finne ut kva haldningar til menneske med ikkje-vestleg bakgrunn som kjem til uttrykk i vestleg litteratur. Eller, som Claudi (2013) skriver, så forsøker dei å finne ut korleis litteraturen, i første rekke litteratur frå forfattarar frå tidlegare kolonimakter, utfordrar og undergrev etablerte vestlege førestillingar om ikkje-vestlege menneske og samfunn (s. 190). Claudi (2013) viser vidare til to ulike retningar innanfor postkolonialismen. Den eine sida står i ein hovudsakeleg australsk retning, der ”post” blir brukt som i betydninga ”etter”. I eit slikt perspektiv blir postkolonialismen eit litteraturstudie som arbeider med å analysere tekstar skrivne i dei tidlegare kolonistatane etter at kolonimakta var avslutta. Den andre retninga har sitt utgangspunkt i amerikansk litteraturvitskap. Omgrepet postkolonialisme viser her til ikkje noko som kjem etter kolonitida, men til ei forlenging og ein vidareføring av koloniale makter etter at kolonialismen tok slutt. Denne retninga har ofte teke utgangspunkt i poststrukuralistisk teori og forsøker med dette å finne ut korleis vestlege regime og dominans blir vidareført i andre former etter koloniane si formelle frigjering (s. 190-191). I forhold til denne oppgåva vil det vere den andre retninga innanfor postkolonialismen som er mest relevant. Korleis India blir framstilt i atlas som er produsert i vestlege land kan vere ei vidareføring av eit vestleg regime og dominans, då det er Vesten som definerer korleis ”dei andre” er.

Dersom atlas frå materialet skal analyserast i lys av postkolonial teori hevdar Claudi (2013) at det er naudsynt at ein finn synspunkt i atlas som understreker eit forhold mellom Vesten og resten av verda (s. 191). Forholdet Vesten har til resten av verda i atlas er at det er dei som sit med makta til å definere seg sjølve og resten av verda. Fellestrekk i postkoloniale arbeid er ofte at dei undersøker- og kritiserer eit verdsbilete der ”...Europa og Vesten betraktes som sentrum, i politisk, økonomisk, intellektuell og/eller kulturell forstand” (Claudi, 2013, s. 191). Ofte blir koloniane sett på som Vestens motsetnad og kan, i følgje Claudi (2013) forståast som ein underutvikla, usivilisert eller på andre måtar underståande utkant. Litteraturen bidreg til å etablera og oppretthalde slike verdsbilete (s.191).

Kart for oppdagere og eventyrlystne som er eit av atlasa i materialet til denne oppgåva får fram motsetnader mellom land og kulturar ved å til dømes presentere kjende personar frå vestlege land som forfattarar og andre intellektuelle. I Storbritannia finn ein mellom anna Charles Darwin, Isaac Newton og William Shakespeare, medan i India finn ein Mahatma Ghandi plassert nedst i eit hjørne, nesten umogeleg å oppdage. Dette er den einaste kjende personen som representerer India. Slår ein derimot opp på Storbritannia finn ein minst ti kjende personar og i Polen, der atlaset er produsert, finn ein minst fire personar som ifølgje atlaset er rekna som kjende. Desse personane er mellom anna kunstnarar og komponistar som ein barnelesar truleg ikkje er kjend med frå før.

India er eit land som ofte blir forbunde med noko eksotisk og mystisk. I følgje Said (i Burney, 2012) var europeiske framstillingar av Orienten prega av romantikk, eksotiske¹ menneske og landskap som bydde på utrulege opplevingar (s. 41). Dette var den hegemoniske framstillinga, som ifølgje Peggy Ochoa (1996) vil seie at det er den som er den politiske og sosiale dominanten (s. 223). Barn bruker somme gonger atlas som ei kjelde til å lære meir om verda. Kunnskapen lesaren tileignar seg blir i dette tilfellet den hegenomiske framstillinga der og då, altså den som gjeld. Gir atlasa ei slik framstilling som Said hevdar er ei hegemonisk førestilling, kan dette bli problematisk då slike førestillingar kan bidra til å skape stereotypiar om India.

Stereotypiar om India kan mellom anna vere, som Roy (2008) har funne i hennar analyse, at ørkenen ofte er til stades i folkeforteljingar om India, at menneska må hanskast med utfordringar som ørkenen byr på og at menneska lev i eitt med naturen (s. 4). Slike førestillingar kan vere med på å oppretthalde det som Claudi (2013) peika på, at koloniane blir sett på som Vestens motsetnad, ein underutvikla, usivilisert eller undersåtande utkant (s.191). I *Mitt første Atlas* blir det beskrive at menneske som lever i landsbyar dyrkar mat til seg sjølve og er omgitt av dyrka mark, medan menneska som lev i urbane områder ikkje er til representert. Dette kan skape ein førestilling om at alle menneska i India lever på denne måten. Maria Nikolojeva og Carole Scott (2006) peiker på at ein barnelesar av ei fagbok forventar at den informasjonen han/ho mottek viser sanninga og bruker omgrepet modalitet som betyr at lesaren sjølv kan avgjere graden av truverdigheita han/ho mottar (s. 173).

¹ Etymologi: utenfor, framandt, utanlandsk (brukt om tropiske land) (Gundersen, 2009).¹⁹

Barnelesarane har ofte eit avgrensa verdsbilete og ofte ikkje så mykje kunnskap om andre land og kulturar. Deira verd består av det dei er omgitt av og strekker seg ikkje lenger enn det dei ser her og no (Nikolojeva & Scott, s. 13).

I ei postkolonial lesing av materialet kan ein allereie sjå døme på litteratur som er med på å oppretthalde bilete som Said (i Burney, 2012) peika på: romantiske, eksotiske menneske og landskap som baud på utrulege opplevingar av verda. Som eg nemnte i beskrivinga av materialet var det eit bilete av kartet over Amerika i atlaset, *Jorden rundt*. Her var USA representert med maskiner og moderne teknologi. Dette understrekar det som Claudi (2013, s. 191) hevda, at Europa og Vesten blei idealisert som eit sentrum i både politisk, økonomisk, intellektuell og kulturell forstand. Sør Amerika blei derimot representert med element frå naturen, som til dømes fuglar og sommarfuglar. Dette er igjen med på å understreke at postkoloniale land (som Sør Amerika består av) er ein motsetnad av Vesten. Når alt ein ser er fuglar og sommarfuglar, kan dette skape eit inntrykk av at desse landa berre består av eksotiske dyr og at menneska lev i eitt med desse dyra. Gjennom slike framstillingar kan ein sjå dei binære motsetnadane som Ochoa (1996) hevdar eksister mellom Vesten og Austen eller "sjølv" mot "dei andre" (s. 221). Framstillingane som atlas i dette materialet representerer er gitt ut av vestlege forlag og den definisjonen dei i dette tilfellet gir av Sør Amerika den som gjeld for lesaren. Bileta som blir brukt i framstillinga av Nord- og Sør Amerika kan sjå ut som ekte fotografi og kan dermed gi ein høgare ein modalitet. Mjør (2015) hevdar at visualisering kan styrke sjølve saka i til dømes journalistikken dersom det blir brukt fotografi. Atlas går innanfor sjangeren sakprosa som skal presentere fakta. Lesaren får truleg ei høgare troverdigheit til framstillinga sidan visualiseringa bruker realistiske bilete saman med sin vitskaplege sjanger. På denne måten kan ein oppnå eit "korresponderande eller organisk samspel mellom det verbale og det visuelle (Mjør, 2015, s. 15).

3.2 Orienten/"Dei andre"

Barn lærer i tideleg alder at det er forskjellar mellom ulike plassar, både i nærområdet og elles i verda. "Her" og "andre plassar" er uttrykk som Thomas Moore og Loise Derman-Sparks (i Roy, 2008) bruker i sine undersøkingar av barn si forståing av ulikskapar mellom områder. På grunn av globalisering har det vore spesielt viktig at barn lærer om andre menneske, stader og måtar å leve på (s. 2). Viktigheita av bøker som ein "guide" i prosessen av sosialisering

har blitt som ein standard i læringa av andre kulturar (Betzner m. fl. i Roy, 2008, s. 2). Roy (2008) peiker på at når barn lesar om barn i andre land og andre kontekstar enn dei sjølv lever i, får lesaren moglegheit til å oppdage andre kulturar (s. 2). Atlas kan dermed vere ein inngangsport til å lære om andre kulturar og miljø. Men ein kan stille spørsmål til om lesaren lærer om Vesten sine oppfatningar om land i Austen eller om korleis menneske i Austen ville framstilt seg sjølve. Sidan atlasa er publisert av europeiske forlag i Europa, vil det sannsynlege svaret vere at lesaren av atlasa møter Vesten sine oppfatningar av Austen. Ochoa (1996) hevdar at dersom ein aksepterer beskrivinga av kolonialisme og effekten av den, slik som teoretikarane innanfor postkolonialismen, Spivak, Said, Bhabha, og Abdul JanMohamed føreslår, vil ein konkludere med at den fremjar ein dualistisk, altså todelt, manikeisk tenkjemåte (s. 221). Ein slik måte å tenkje på fremjar ein diskurs som introduserer og eviggjer den binære motsetninga av "sjølv" motsett "andre", "oss" motsett "dei", "koloniherre" motsett "kolonisert" og til og med den som "definerer" motsett den som blir "definert" (Ochoa, 1996, s. 221). I høve denne oppgåva blir det altså slik at atlasa, som i dette tilfellet blir "oss", definerer "dei andre" som blir Austen.

Innbilte ulikskapar mellom Austen og Vesten er synlege i fleire formar. Claudi (2013) viser til eit av hovudmomenta i Saida *Orientalisme. Vestlige oppfatningar av Orienten* som er å avsløre korleis førestillingar om Orienten har oppstått og blitt halde ved like i Europa og USA, og korleis skiljet mellom Aust og Vest pregar vestleg vitskap, politikk, filosofi og litteratur (s. 194). Desse førestillingane kan vere vanskelege å oppdage dersom ein finn seg innanfor ein vestleg kulturkrets, då dei blir oppfatta som sjølvsegte og sanne (Claudi, 2013, s. 194). Vidare hevdar Claudi (2013) at utgangspunktet for ideologien om Orientalismen er det fiktive skiljet mellom Orienten og Oksidenten, "dei" og "oss" som finn seg på kvar si side av ei grense (s. 194). Claudi (2013) peiker på at dersom skiljet mellom "oss" og "dei" skal vere meiningsfullt, er det naudsynt at dei som er utanfor grensene skiljar seg ut frå dei som er innanfor. Til dømes blir Sverige i *Barnas Verdensatlas* illustrert med mellom anna eit kjempe-sjakkbrett. Sjakk er ein idrett som ofte blir forbunden med intellektualitet, i følgje Trude Haugseth Moe (2014). Ho viser til ei undersøking utført i Austerrike der dei fann samanheng mellom sjakkspeling og høg intelligens. Sjakk er også ein utbreidd idrett i India og spelet sjakk har sitt opphav ifrå India i følgje Rolf Bryhn (2015). Ingen av atlasa i mitt materiale illustrerer eller skriv noko om spelet sjakk i høve til India. Claudi (2013) peiker på at den tilfeldige geografiske linja som er konstruert mellom ulike nasjonar, blir i Vesten sine

auger, ei skiljelinje som kan sjåast som ei grense mellom ”to vesensforskjellige sfærer” (s. 196). Denne grensa som Claudi (2013) viser til blir så brukt til å dele menneske inn i ulike kategoriar og gi dei eigenskapar utifrå kva side av linja dei finn seg på (s.196). Sidan Sverige blir framstilt med eit stort sjakkbrett og at menneske som spelar sjakk ofte har høg intelligens, kan undersøkinga som viser at sjakk og intellekt har ein samanheng bidra til at ein kan tolke framstillingane i atlasa som at svenskane blir tileigna eigenskapen intelligens. Medan India, som er sjakkspelet sitt opphav får ikkje denne eigenskapen framstilt.

Claudi (2013) peiker på det faktum at sidan Orientalismen går ut på å stadfeste, i staden for å utfordre eitt allereie eksisterande bilete av Orienten, vil førestillingane stadig bli sterkare. Europa og Vesten har dermed makt til å definere resten av verda (s.196). Det vil dermed vere interessant å undersøke om atlasa er med på å stadfeste ei allereie eksisterande førestilling om Orienten, eller om dei utfordrar denne førestillinga. Når førestillingar om at verda er delt inn i ein sivilisert vestleg del, og ein orientalsk og ukultivert del, blir denne førestillinga ein del av den rådande diskursen på dette feltet. Det blir på denne måten danna ei ”naturleg” og sjølvstøtt ramme for alle som vil uttale seg om forhold i eller mellom verdas kulturar og land (Claudi, 2013, s. 195). Orienten rommar eit stort område, ulike kulturar og samfunn og blir tilskrive visse kjenneteikn og særpreg som kan forståast – og handterast på bestemte måtar (Claudi, 2013, s. 196). Claudi (2013) hevdar vidare at med denne merkelappen følgjer ei rekkje med eksisterande førestillingar om Orienten. Desse blir overført til å gjelda alle dei aktuelle samfunna (s. 196). Det allereie etablerte bilete av samfunna og menneska vil finnast igjen av vitskapsmenn, misjonærar, handelsmenn, kunstnarar, osb. Dette for at turistar ofte ynskjer at reisemålet skal opplevast som ”ekte” eller ”autentisk”, slik at ein kan fortelje andre at ein har opplevd det ”ekte” (Claudi, 2013, s. 196). Det som turistar opplever som autentisk kan vere nettopp det eksotiske og det stereotypiske. Eg meiner dette er eit typisk fenomen for vestlege turistar som ofte reiser for å ”finne seg sjølv”. I dagens samfunn er det ofte blitt ein trend og skulle leve som ”dei andre” ei lita stund, deretter kome heim og ha blitt eit ”nytt” menneske.

3.2.1 Framstillingar av ”Orienten” i kunst og litteratur

Likskapar mellom menneske frå ulike plassar er noko som har blitt lagt lite vekt på i atlasa frå mitt materiale. Noko som Roland Barthes (2002) peiker på, er at i mange tilfelle er det første

ein ser ulikskapar mellom menneske, men trass desse ulikskapane deler alle ein felles grunn. Som eg nemnte tidlegare hevdar Nikolajeva & Scott (2001) at barn sitt verdsbilete ofte er svært avgrensa. Hadde det vore enklare for ein barnelesar og relatere seg til India dersom atlasane hadde trekt fram likskapar mellom kultur og samfunn, samstundes som dei hadde trekt fram ulikskapar? Barthes (2002) viser i essayet "Menneskenes store familie" til ei fotoutstilling, med same namn, som skulle vise allmenngyldige menneske. Han hevdar at denne utstillinga fører ei dobbeltydig myte om menneskelege "fellesskap". I denne myta er det først fokus på eksotiske trekk ved menneske, variasjonar og ulikheiter i hudfarge. Men så blir det henta fram ein einskap av denne pluralismen: at ein bli født, så arbeider, ler og døyr på same prmiss (s. 255). Innleiingsvis viser eg til Maktabi (1994) som skriv i forordet til Said at han stiller spørsmål til innhaldet i forteljninga om Orienten som ein mystisk, sensuell og fjern verdsdel med eigne kulturelle trekk som er svært ulike frå dei som eksisterer i Oksidenten, den vestlege verda (s. III). Førestillinga som Said (1994) hevdar eksisterar i fortellinga om Orienten understrekar det Barthes (2002) viser til i utstillinga av menneske, at ein finn ulikheiter. Forteljninga om Orienten i atlasane manglar derimot poenget med at ein blir født, arbeider, ler og døyr på same måte.

I forteljingar om Orienten har mellom anna fargar i bilete av India betyding for korleis India blir oppfatta av dei som ser bileta eller illustrasjonane. Burney (2012,) hevdar at India har blitt eit typisk døme på land som har vore under kolonimakt i noveller og kunst som handlar om kolonitida (s. 86). Ho viser til boka *A Passage to India*, og peiker på at det er mystikken i landet som er krafta i boka. Burney (2012) viser vidare til eit anna døme, som er ei reiseskildring med tittelen *Walls of India* av den canadiske forfattaren George Woodstock med maleri av kunstnaren Toni Onley (1985). Eit av dei mest folkerike områda i verda, det indiske sub-kontinentet fullt av sollys, er i *The Walls of India* skildra med bleike pastellfargar og utvaska vatnfargar, utan menneske, utan fargar og utan liv (Burney, 2012, s. 87). Framstillinga viser ifølgje Burney (2012) ein ukritisk, vestleg visjon, som ikkje har noko referanse til den komplekse realiteten i India (s.87). Eit element i illustrasjonar av India, som også Roy (2008) peiker på, er at fargane i bileta er svært bleike med skuggar av svart og grått. Nokre var så lyse for å dekke over eit område og skape kontrastar mellom det eksotiske og det spanande (s. 6). Det er altså det mystiske som kjem fram gjennom sterke fargar, medan menneskeliv er ikkje kjem til syne i bileta eller i illustrasjonane.

Menneske i India som lever under urbane forhold er lite synlege i atlas frå mitt materiale. Menneska sin eksistens i den moderne tida vi lev vi no, er noko Johannes Fabian (1983) hevdar ”dei andre” er nekta å ta del i (i Burney, 2012, s. 87). Medan festningar og palass blir representert i Orientaliske mytologiar, er landskapet tømt for folka som ”eig” landet, folket i India er altså eliminerte frå dette postkoloniale ”postkortet”. Dette er typiske framstillingar av Orientalismen/”dei andre”, tidlause, mystiske og umoderne framstillingar (Burney, 2012, s. 87). Fortida og den antikke tida heimsøker representasjonane av Austen, utan referansar til moderniteten. Det er henvisningar til ein slags tapt gullalder. Ein finn også dette i atlas frå mitt materiale. Roy (2008) peiker på at i analysen av illustrasjonane i bøkene frå materialet hennar finn ein kjenneteikn på det Burney (2012) peiker på, at ”dei andre” ikkje lev i ei moderne tid. Her har berre to av tretten bøker bilete av ein bil, medan menneska er vist med rynkete ansikt og tynne kroppar, omgjevnadane er stort sett bare, menneska jobbar ”dag inn og dag ut” med lite tid til fritid, og få moderne bekvemelegheiter kjem til syne (s. 6). I Roy (2008) sitt materiale finn ho også at dyr som tigrar, elefantar, slangar, kyr og sjakalar luskar rundt i bakgrunnen for å skremme menneska i bøkene (s. 5). Ifølgje det Roy (2008) og Burney (2012) hevdar, er framstillingar av India prega av få menneske, mange dyr, vakkert landskap, tempel og palass. I analysekapitlet vil eg gå nærmare innpå om atlas i mitt materiale deler denne førestillinga om India.

3.3 Stereotypiske førestillingar

Denne oppgåva ynskjer å undersøke i kva grad dei utvalte atlas gir ei stereotypisk framstilling av India og menneska som lev i India. I samband med dette spørsmålet vil eg gi ei utdjupande forklaring på kvifor stereotypiar kan oppstå, kva stereotypiar ein kan ha om andre, stereotypiar som tidlegare har blitt framstilt i fagbøker/lærebøker for barn og kvifor stereotypiar kan vere skadelege. Eg vil også skilje mellom sosialstereotypi, som i dette tilfellet kan vere stereotypiar om menneske i India, og stereotypiar om India som land.

Det hendar at stereotypiske førestillingar er negativt lada oppfatningar og kan dermed vere skadelege i høve til dømes diskriminering og rasisme. Eriksen og Sajjad (2015) peiker på at stereotypiar også kan gi ei ideologisk grunngeving til at etniske grenser oppstår. Dei bruker døme som ”Du skal ikke gifte deg med en sånn en, for blir du sånn selv!” (s. 57). Slike

ideologiar kan bidra til å styrke gruppefellesskapet. Ein slik kategorisering kan skape orden og ei kjensle av trygghet, men stereotypiar har også ei skadeleg verknad om dei blir sett i system (Eriksen & Sajjad, 2015, s. 57). Til dømes har stereotypiar om at innvandrarak er kriminelle ført til at menneske som ser utanlandske ut blir stoppa på gata og krevja å vise legitimasjon sjølv om dei har vore norske statsborgarak (Eriksen & Sajjad, 2015, s. 57). Når ein diskuterer stereotypiar er det også viktig å peike på at ein stereotypi ikkje nødvendigvis treng å vere negativ for å vere skadeleg. Eit døme på ein stereotypi ikkje nødvendigvis er negativ er når atlasare representerer India med fleire dansarak. Å vere dansar er ikkje negativt, men menneske i India blir kategorisert i ei gruppe som kan bidra til at barnelesaren kan få eit inntrykk av at i India er alle flinke til å danse. Men kva med menneska som ikkje er flinke til å danse?

3.3.1 Sosial identitet

Korleis menneske ser på seg sjølv blir avgjort utifrå kva faktorar som finn seg rundt dei. Alle formar for sosial identitet blir skapa gjennom kontrastane ein finn til dei som står utanfor ei gruppe; ein finn ikkje eit fellesskap der absolutt alle deltek (Eriksen & Sajjad, s. 56). Dei viser dette med eit døme om at for å vere nordmann treng ein svenskane, for å kunne vere menn treng ein kvinner, osv. (s. 56). Dei peiker vidare på at grenser mellom grupper er naudsynt for at grupper skal eksistere (s. 56). Kan atlas i denne samanheng vere med på å forsterke identiteten til lesaren? Når lesaren lærer om kontrastane som er mellom ulike kulturar og land; kan dette då føre til at han/ho blir sikrare på si eiga identitet? To av atlasare frå materialet til denne oppgåva er frå britiske forlag. Det er altså den tidlegare kolonimakta Storbritannia som definerer sin tidlegare kolonistat. Menneska som er frå den tidlegare kolonistaten India, får ikkje moglegheit til å seie noko om korleis dei ville definert seg sjølv som land, kultur og menneske.

Ein definisjon av menneska i India som går igjen i alle atlasare frå mitt materiale er at ein finn minst ein eller fleire dansarak. Dette er ikkje nødvendigvis noko negativt, men som eg vil kome nærmare innpå seinare, kan dette knytast opp mot noko som ein kallar sjølvoppfyllande profetiar. Ei dominerande gruppe, som til dømes Vesten, kan gjere ei dominert gruppe til skuletaparar ved å hevde at dei er født dumme, i følgje Eriksen & Sajjad (2015, s. 57). Når

ein til dømes finn sjakkbrett i Sverige og ikkje i India, (der ein finn fleire verdsmeistarar i sjakk) kan dette gi eit bilete av at det er færre akademikarar i India enn i Sverige. India blir framstilt med fleire dansarar, som representerer det kroppslege, det inuitive og det estetiske. Desse trekka er motsetnadar er av det sjakk representerer, som er intellektualitet. Eriksen & Sajjad (2015) viser til eit døme om at dersom nokon trur at svarte menneske ”har rytmen i blodet” kan ein avkrefte denne teorien fordi det ikkje er noko som er genetisk, men heller kulturbetinga (s. 39). På same måte blir det gong på gong vist at grunnen til at svarte barn i USA skorar lågare på IQ-testar enn kvite barn, er at miljøet dei ofte lever i, kan verke mindre stimulerande på den type intelligens desse testane målar enn dei kvite barna. Det er altså kulturforskjellane mellom den kvite middelklassen og svarte arbeidarklassen, og ikkje medfødde forskjellar mellom mørke og kvite som spelar inn i resultata på IQ-testane. Testane er for øvrig laga av kvite amerikanarar med middelklassebakgrunn. Det er også ueingheit om i kva grad slike testar faktisk kan måle noko som er medfødd (Eriksen & Sajjad, 2015, s. 39).

3.3.2 Grenser og sjølvoppyllande profetiar

Grenser mellom grupper kan ha ein tendens til å oppstå når menneske trekker slutningar om andre som ikkje er i ”deira” gruppe. Marianne Mikkelsen (2011) trekk fram eit døme frå avisa, ”Verdens Gang” der ein journalist skreiv ein artikkel om undertrykte kvinner i Noreg. Ho hevda at ”Verstingene i denne sammenheng er kanskje innvandrere med bakgrunn fra Pakistan og andre (Sic) Sør-Asiatiske land...” (Hanne Skartveit i Mikkelsen, 2011, s. 178). Mikkelsen (2011) peiker vidare på at ”når man kårer kulturelle verstinger, inviterer man ikke til dialog” (s. 178). Ein utøver ei definisjonsmakt ved å sette menneske i kategoriar og gir karakterar som i dette tilfellet, ”verstingar” (Pierre Bourdieu i Mikkelsen, 2011, s. 178). Ein kan igjen trekke inn det som Ochoa (1996) peika på: at ei slik tenking fremjar binære motsetningar og i tilfellet Mikkelsen (2011) viser til blir Skartveit den som definerer, medan innvandrar frå Pakistan og Sør-asiatiske land blir definert. Ein kan også sjå på det som at det blir ”oss” frå Noreg mot ”dei” frå Austen. Mikkelsen (2011) peiker på at når ei slik generalisering og kategorisering blir brukt på denne måten skapast det ”...sterke, ekskluderende virkemidler.” (s.179). Grensene som oppstår mellom kulturar, i tilfellet som

Mikkelsen viser til, hevdar Eriksen & Sajjad (2015) er med på å skape etnisitet². Ein av konsekvensane blir då at etnisitet er noko som er mellom gruppene og ikkje innad i dei. Kulturkonflikt, diskriminering og rasisme fins mellom gruppene og begge deler kan oppstå i fleiretniske samfunn (s. 55).

Korleis ein oppfattar seg sjølv kan bli påverka utifrå korleis andre oppfattar ei gruppe menneske. Stereotypiar kan også fungere som *sjølvoppfyllande profetiar* (Eriksen & Sajjad, 2015, s. 57). Dette kan til dømes vere stereotypiar om innvandrarar som kriminelle, som Eriksen og Sajjad (2015) peika på tidlegare. Samfunn som har vore koloniserte er framleis ofte prega av kulturelle mindreverdigheitskompleks. Då innbyggjarane i slike samfunn gjennom generasjonar har fått høyre at dei ikkje er dugande til noko, er det ofte ei utbreidd oppfatning om at det må europearar til for å styre landet skikkelig. Ei slik sjølvforakt som kjem frå stereotypiar frå ei herskande gruppe, tek lang tid å bryte ned (Eriksen & Sajjad, 2015, s. 57). Dei hevdar at stereotypiar og fiendebilete kan skuldast logiske feilslutningar, men det er ikkje enkelt å forandre desse. Sidan stereotypiar og fordommar er i kroppen i staden for bevisstheita, kan dei truleg overvinnast ved at dei som har stereotypiske forestillingar får erfaringar som stridar i mot desse. Erfaringar verkar ofte sterkare enn informasjon (2015, s. 58).

Ei som har peika på faren ved å ikkje forklare eller gi lesaren høve til å forstå bakgrunnen for religiøse ritual er Kathleen Morley (2011). Religiøse ritual innanfor hinduismen er for mange noko framandt og slike slutningar som Morley (2011) hevdar at er blitt gjort i "Dagsavisen", kan vere med å forsterke denne kjensla av framandheit. Morley viser i sin artikkel til den årlege tempelfestivalen, organisert av Norges Hindu Kultursenter. Artikkelen blei omtala i Dagsavisen med tittelen "6000 hinduer sørger for fargerik feiring i ti dager i strekk" (Dagsavisen 24.07.2006 i Morley, 2011, s. 105). I materialet til denne oppgåva finn ein fleire skildringar av religiøs praktisering i India. Til dømes finn ein bilete av menneske som vaskar seg i Ganges elva i fleire av atlasane. Somme gonger blir det forklart at vaskinga blir gjort for å kvitte seg med synder, andre gonger står biletet åleine med teksten: "Vasking i Ganges". Lesaren får altså lite informasjon om kvifor Ganges-elva kan brukast til å "vaske vekk" synder. Ifølgje Per Kværne (2009) blir det henta vatn i frå elva Ganges ved spesielle anledningar som ved giftarmål eller dersom sjukdom oppstår.

² Folk eller folkeslag (Eriksen & Sajjad (2015, s. 52).

Morley (2011) beskriv i artikkelen som skildrar hinduar at dei står i lange køar med sølvfat dekkja med kokosnøtter, blad og bananar, før dei blir velsigna av presten som står ved ei pynta trone. Omtalane held fram med fleire ”eksotiske” skildringar av kvinner i fargerike drakter og menn som har på seg gullkjeder og går i bar overkropp (Morley, 2011, s. 105). Slike skildringar hevdar Morley (2011) kan vere villeiande når det gjeld framstillingar av hindutradisjonar og av tamilske hinduar i Noreg. Det er som regel skildringar av eit spesielt augneblikk frå korte besøk ved festivalen, saman med tvilsame faktaopplysningar (s. 106). Morley (2011) peiker også på at artiklane har lite fokus på kvifor dei religiøse rituala blir praktisert eller kva dei betyr for dei som praktiserer dei, noko som er ein grunnleggjande kunnskap for å kunne forstå hinduismen, anten den blir praktisert i Noreg eller i Sør-Asia (s. 106). Skal lesaren av atlas tileigne seg meir kunnskap om til dømes religion, er det naudsynt å informere om kvifor ulike ritual blir utført. Lesaren vil då få ei breiare forståing om i dette tilfellet, hinduismen.

3.3.4 Stereotypiar om Indarar og India i Vesten

Eg har tidelegare diskutert korleis stereotypiske førestillingar kan oppstå blant ei gruppe menneske om ei anna gruppe. Vestlege oppfatningar om ”andre” er noko som har kome tydeleg fram i litteraturen. Suren Lalvani (1995, i Roy, 2008) forklarar korleis namnet ”India” kan fremja assosiasjonar til det spirituelle, det fatalistiske (at alt er skjebnebestemt), det kollektive, hovudplagg, turbanar, stoffet i kleda og elefantar (s. 3). Med dette peiker Lalvani (1995) på det som i dag er framandt for truleg fleire vestlege kulturar. Tidlaus er ordet Roy (2008) bruker om folkeforteljingane frå hennar analyse, som er synonymt med mangel på utvikling, fattigdom og eksotiske element. Ho peiker også på at skildringar av korleis indarar lever i dag er svært avgrensa (s. 7). Indarane blir i dette tilfellet definert som at dei lever i ei anna tid som er prega av fleire eksotiske kulturtrekk.

Når ei gruppe tileignar ei anna gruppe eigenskapar dei ikkje er fortulege med sjølve, tar denne gruppa ein definisjonsmakt over andre. Peter Barry (2009) skriv om Vesten sine stereotypiske førestillingar om Austen. Til dømes hevdar han at Vesten tileignar Austen eigenskapar som dei sjølve ikkje vil erkjenne seg ved. Dette kan vere eigenskapar som vondskap, sensualitet,

forfallenheit og latskap. Samstundes hevdar Barry (2009) at Austen blir sett på som ei fasinerande verd av det eksotiske, mystiske og forførande, tankar som ein finn i Said sitt verk (1994). Menneska blir i følgje Barry (2009) kategoriserte som homogene grupper der folka blir anonyme og folkemassane skuggar over enkeltindividua og deira handlingar blir avgjort utifrå instinktive kjensler som begjær, terror og lyst, i staden for bevisste val. Deira kjensler og reaksjonar blir bestemt utifrå rasemessige betraktningar som; ”they are like this because they are asiatics or blacks or orientals” (Barry, 2009, s. 187) i staden for individuelle faktorar som at dei er ei søster eller ein onkel (s. 187). Eriksen & Sajjad (2015) hevdar at det er velkjent at ulike folkegrupper bruker ordet ”menneske” om si eiga gruppe, for å tydeleggjere at andre ikkje er fullverdige menneske (s. 56). Då Vesten, ifølgje Barry (2009) kjem med påstandar om at mørke, orientalarar eller asiatarar er som dei er på grunn av plassen dei kjem i frå, kan dette føre til at dei blir sett på som ikkje eit menneske, men heller ei folkegruppe.

3.3.5 Naturreferansar i bøker om India

Natur er eit svært sentralt element i materialet til denne oppgåva. Landskap og geografi blir omtala i verbalteksten fleire plassar og karta er ofte dekkja av brune eller grønne sletter. Referansar til naturen er noko Roy (2008) peiker på at ein finn i nesten alle overskrifter, illustrasjonar og forteljingar i hennar analyse av indiske folkeforteljingar. Til og med byen Kerala, ein stat i Sør India, blir representert ved bruk av bilete med skogar i disse fargar (s. 5). Roy (2008) hevdar at det er som om at naturen overskygga alle andre aspekt av liv i India. Framstillingane Roy beskriv gir lesaren eit manglande bilete av byar i India, som eigentleg består av eit yrande folkeliv, sykklar, bilar og bygningar. Det som Roy beskriv om byen Kerala, forsterkar påstanden til Rao (i Roy, 2008) som eg viser til i innleiinga der ho peika på at forlaga krev at bøker om India skal innehalde ei viss mengde ”exoticm” (s. 4).

Roy (2008) skildrar også andre framstillingar av natur. Til dømes er ørkenen sentral i boka *Hidden in sands*. Han blir omtala som ein nådelaus del av livet til menneska som hanskast med ørkenen kvar dag. Bileta i bøkene som framstiller at menneska i India berre lev av naturen, kan gjere at kontrastane blir store for til dømes ein barnelesar frå middelklassen i USA. India kan for dei bli eit land langt, langt vekke og menneske i India kan bli framstilt som at dei lever langt vekke frå sivilisasjonen, ein plass som er ubebueleg frå lesaren sitt perspektiv (Roy, 2008, s. 5). Mange indarar bur på landsbygda, men det gir likevel eit

manglande bilete av korleis det er for mange menneske som lever i India. Hall (1992) (i Roy, 2008, s. 5) hevdar at dette er ein måte å veksle mellom fakta og fiksjon for å bidra til kunnskap om ”dei andre”. Når India blir framstilt som eit vakkert landskap-, med eksotiske dyr som barn elles berre kan sjå i ein dyrehage i til dømes Noreg eller USA, forsterkar dette kjensla om at landet består av mange eksotiske element og der mykje er framandt for ein barnelesar. Då atlas ikkje er fiktive framstillingar, men skal presentere fakta kan slike framstillingar forsterke denne kunnskapen som atlas formidlar om ”dei andre”.

På karta i atlas er dyr og menneske plasserte om kvarandre som om at dei lever i same omgivnader. Roy (2008) hevdar at nokon av illustrasjonane i hennar materiale gav ho ei klaustrofobisk kjensle. Det same opplevde ho opplevde når ho las den litterære klassikaren *The heart of darkness* av Joseph Conrad. Skildringane av naturen i Afrika og livet til karakterane blei beskrive som om dei levde i steinalderen og ville dyr sprang rundt dei. Ho hevdar at framstillingane i *The heart of darkness* framstilte negative stereotypiar til lesaren om Afrika (s. 5). Framstillingane av dyr og natur presenterer liknande bilete av India der ville dyr og menneske ser ut til å leve i same omgivnader.

Det mystiske³ kjem ofte til syne i framstillingar om Austen. Burney (2012) viser til skjønnlitterære døme når ho skal poengtere framstillinga som ofte blir gjort av austleg kultur. Ho peiker vidare på at måla til desse framstillingane synast å vere å tydeleggjere det eksotiske og det nye, sjølvstendige landet, noko som gjer at det kan verke som at India framleis er i ei endelaus og mystisk kolonial fortid (Burney, 2012, s. 87). Mystiske og eksotiske element i forteljingar om India og andre land i Austen kan bidra til å oppretthalde stereotypiar og forsterke og oppretthalde grenser som allereie eksisterer mellom ulike land og kulturar. Fokuset på det som er framandt og annleis enn det ein sjølv er vane med, skaper sterkare grenser mellom menneske innanfor ulike grupper.

3.3.6 Fattigdom i India: to perspektiv

³ Spontan fornemning som kan oppstå i samband med naturopplevingar (Kverne, 2009).

Fattigdom har eit stort fokus i dei indiske folkeforteljingane frå USA som Roy (2008) har undersøkt. Ei av bøkene, *The Stonecutter* handlar om ein fattig steinhoggar som lengtar etter rikdom og velferd. Når han oppnår dette lengtar han tilbake til det "enkle" livet som steinhoggar. Han får tilbake sitt gamle liv som steinhoggar og blir endeleg lukkeleg igjen. Denne forteljinga kan forståast som ei idealisering av eit "enkelt liv". Kanskje har forfattaren prøvd å gjere lesaren innforstått med at sjølv om steinhoggaren var fattig var han likevel lukkeleg. Vidare hevdar Roy (2008) at ord som "poor", "thin", "simple" og "begging" er mykje brukt i hennar materiale, noko som kan resultere i eit bilete av fattigdom og desperasjon (s.6). Fokuset på fattigdom og svolt definerer India utifrå mangelen på økonomisk velstand, og igjen er det litteratur frå Vesten som definerer India og forsterkar den binære motsetninga mellom menneske og kultur. Den binære motsetnaden blir dermed kontrastane mellom Vesten som eit område med velstand og Austen som eit område med fattigdom og svolt. I staden for at motgang blir framstilt noko som ein lærdom der ungdommar ser verdien av hardt arbeid, skildrar bøkene motgang som ein livsstil utan val (Roy, 2008, s. 6). Diskursen av fattigdom og naud er i materialet til Roy (2008), i følgje ho, så overdrive at det blir degraderande. Det kan sjå ut som fattige menneska i India har blitt plassert strategisk i bøkene for å fremje og skape kontrastar mellom livsstilen til menneske i USA og i India (s. 6). Denne diskursen ser ein ofte i barnebøker som handlar om menneske frå det vi kallar "u-land". Slike bøker kan forståast som "lærebøker" for barn for å setje pris på det "gode livet" dei har her i Vesten.

Fattigdom er likevel eit utbreidd faktum i India. I ein rapport skriven av Tore Linnè Eriksen (2012) på vegne av FN-sambandet, blir India brukt som døme for å forklare kontrastane mellom fattige og rike. Eriksen (2012) viser her til ei manntalundersøking som blei lagt fram i 2012 (Rajalakshmi, 2012, i Eriksen 2012). Han peiker på denne undersøkinga som ein kontrast til eit mediestrykt bilete som viser eit moderne high-tech-India og livet til ei velstående og forbruksorientert middelklasse i det urbane samfunnet, altså det motsette av mitt materiale. Grunnen til at slike framstillingar oppstår kan vere den veksande teknologiske utviklinga som har vore i India dei siste åra. Veksten har også ført til ein veksande middelklasse. Denne høg-teknologiske utviklinga blir i eit av atlasane frå materialet vist med ei datamaskin med teksten "Høy teknologi" under. Innleiingsvis i denne boka blir det forklart at datamaskina er eit teikn på "høg-industri", noko som nødvendigvis ikkje indikerer rikdom blant menneska, men industrien har bidrege til ein økonomisk vekst som eg vil gå nærmare

innpå.

Manntalundersøkinga Eriksen (2012) viser til fortel at dei offisielle tala viser at dei fleste indarar lev under svært vanskelege- økonomiske- forhold i omlag 600 000 landsbyar (Eriksen 2012, s. 45). Eriksen (2012) trekk også fram at meir enn to av tre hushald lever på eitt eller to rom og fleirtalet har ikkje innlagt vatn i springen frå kjelder med renseanlegg og halvparten har ikkje noko form for avløp. Det kjem også fram at kvar femte innbyggjar som lev på landsbygda må gå meir enn 500 meter for å hente vatn, latrine er ei mangelvare for over halvparten og to av tre har ved, kull eller tørka kumøkk som energikjelde for å lage mat. 40% manglar fasilitetar for bad/vask i heimen og må dermed vaske seg utandørs. Halvparten av dei som lev på landsbygda har jordgolv (Eriksen, 2012, s. 47). Menneske som lever på landsbygda blir illustrert i *Mitt første Atlas* (1995). Ein kan sjå menneske som bur på landsbygda og det kan sjå ut som at dei manglar fleire av fasilitetane Eriksen (2012) peiker på. Det står i *Barnas verdensatlas* at fire femdelar av sørasiatane bur på landsbygda.

I kontrast til fattigdom og manglande fasilitetar skriv Trine Nickelsen (2012) om den urbane middelklassen. Ho har gjort ei samanlikning av økonomisk utvikling i India og Kina. Nickelsen (2012) peiker på at veksten i økonomien har auka velferda til fleire hundre millionar menneske i både India og Kina. I samband med denne velstandsutviklinga og den urbane middelklassen som er ei stor gruppe menneske i India, kan ein stille spørsmål til kor dei er i atlasa og korleis dei blir representert. Ein kan også stille spørsmål til om dei blir representert i det heile. Svaret på desse spørsmåla vil eg gå nærare innpå i analysekapitlet. I samband med den økonomiske utviklinga India har opplevd dei siste åra har det også ført med seg eit stort helseproblem som også svært mange andre land også står overfor. Dette problemet er livsstilssjukdomar som overvekt, fedme og diabetes. Ifølgje Ingvild Svahn (2015) har utanlandske fast-food kjedar som mellom anna McDonalds og Dominos Pizza dukka opp på svært mange gatehjørne i India. I samband med kosthaldet til mange indarar som lever i middelklassesamfunn har den økonomiske veksten ført til at usunn og rimeleg ferdigmat har blitt til ei uovervinneleg freisting for den veksande middelklassen (Svahn, 2015). Då *Mitt første Atlas* først blei gitt ut i 1995, var ikkje dette problemet så aktuelt for India. For dei tre andre atlasa, *Barnas verdenatlas* som er gitt ut i år 2000, og *Jorden rundt og Kart for oppdagere og eventyrlystne*, som er gitt ut etter år 2010 kunne dette vore eit tema som hadde vore liksom viktig som fattigdom å aktualisere.

3.3.7 Stereotypiar om indarar i filmar frå Vesten

Det er ikkje berre i litteratur ein finn framstillingar av India og indarar. Stereotypiar som blir framstilt gjennom film kan vere svært forsterkande. Til dømes får ein høyre stemmer med kraftig indisk-aksent når indarar snakkar engelsk i filmar. Shoat & Stam (1994) hevda at indarar ofte tar på seg ei rolle der dei spelar anti-vestlege, medan barna tar på seg ei uskuldig ”pro-Western” rolle (i Ramasubramanian, 2005, s. 247). Ramasubramanian (2005) hevdar at dette tyder på at det ”nye” India skal bryte ut av den tradisjonelle fortida og omfamne den Vestlege progresjonen. Hovudmotivasjonen for å skape stereotypiar av indiske karakterar i vestlege filmar, meiner , Mitra (1999) er for å skape ein avstand mellom vestlege og ikkje-vestlege karakterar. Difor blir element som hudfarge, korleis dei kler seg og fysiske karakteristikkar understreka for å skape kontrastar (Ramasubramanian, 2005, s. 247).

I filmar om India produsert i Vesten finn ein døme på stereotypiar som forsterkar Roy (2008) sine funn i indiske folkeforteljingar. Den urbane middelklassen som Nickelsen (2015) hevdar har hatt stor vekst dei siste åra er også lite synlege i filmene som Ramasubramanian (2005) viser til. Eg vil diskutere dette i denne oppgåva fordi meiningane som kjem fram i desse filmene ikkje berre er ein refleksjon av menneske i media-samanheng, men ein del av eit større sosialt meiningaspekt og myter som finst i Vesten om ”Indian-ness” (Ramasubramanian ,2005 s. 259). Dette kan sjåast i samanheng med materialet då framstillingane som blir presentert også er ein del av eit større sosialt meiningaspekt som eksisterer i Vesten. Ramasubramanian (2005) hevdar at eksistensen av felles stereotypiske førestillingar om andre kulturar i motsetnad til individuelle-stereotypiske oppfatningar, gjer det enklare for folk i makt å diskriminere ”ut-grupper” på måtar som er legitimert av sosiale institusjonar (s. 259). Slike stereotypiar kan til dømes vere det Ramasubramanian (2005) hevdar går igjen i filmar produsert i Vesten, at indarar ofte har tenestebaserte yrker. Stereotypiane kan på denne måten fremja institusjonelle fordommar (s. 259). Altså er det større sannsyn for at når slike framstillingar når ut i større grupper, blir det ”greitt” å seie at

desse stereotypiane stemmer med verkelegheita. Nok ein gong kan ein trekke inn det Ochoa (1996) peiker på, at ein sosial institusjon blir den binære motsetninga til den som blir stereotypisert. Den sosiale institusjonen sit dermed med makta til å definere ”dei andre” i Ramasubramanian (2005) sitt tilfelle, indarar i vestlege filmar. Eit anna døme på stereotypi er filmen ”Slumdog Millionaire”, som er regissert av den bittiske regissøren Danndy Boyle. I filmen blir fattige barn i India framstilt og definert i vestleg film-produksjon.

Medierte kulturelle stereotypiar, kan i følgje Ramasubramanian (2005) forme den kollektive medvita til negative haldningar blant Vestleg publikum mot India som heilheit (s. 259). I følgje ho kan dei påverke eit samfunn sine haldningar til andre kulturar. Til dømes viser ho til stereotypiske førestillingar i filmar som framstiller indarar som at dei einaste yrker er jegerar, magikarar og danse-jenter. Desse menneska lev gjerne i stereotypiske plassar som i hytter og i jungelen. Kort sagt føreslår desse funna eit definitivt mønster av stereotypiske framstillingar av India i filmar som vert laga i vesten (Ramasubramanian, 2005, s. 259). Slike framstillingar er altså noko som går att i både film og litteratur ifølgje Ramasubramanian (2005) og Roy (2008).

I filmar der indarar er i roller har dei ofte blitt framstilt gjennom yrker som er ”typiske” for dei . Ramasubramanian (2005) hevdar at det ikkje berre er eit vesteleg publikum som blir påverka av stereotypiar ulike media framstiller, men også dei i stigmatiserte grupper blir påverka av eksponeringa av ulike skildringar (s. 259-260). Vidare peiker Ramasubramanian (2005) på at med den auka tilgangen til vestlege mediaprodukt i til dømes India, er sannsynet for at tilskodarane som finn seg i ei stereotypisk gruppe kan bestride sin eigen identitet i møte med media sine skildringar av ei gruppe i den dominerande kulturen (s. 260). Dette er også viktig å ta omsyn til i for eksempel barn i Noreg med innvandrar-bakgrunn sitt møte med framstillingar av deira eigen kultur. Ifølgje Ramasubramanian (2005) er stereotypiske yrker som blir framstilt gjennom vestlege filmar yrker som tenarar, gartnarar, menneske som bærer bagasje på hovudet og servitørar (s. 257). I den populære Netflix-serien, ”Master of None” finn ein også tydelege døme på stereotypiar om indarar i Vesten. Rollefiguren ”Dev” skal prøve å lukkast som skodespelar, men får ikkje roller utan å spele med ein indisk aksent. I dei fleste rollene han får prøvespele til innebær det at han må spele yrker som taxi-sjåfør eller servitør. Slike stereotypiske yrker som Ramasubramanian (2005) viser til og ein finn i tv-seriar og filmar frå Vesten, kan skape forvirringar for eit barn som kanskje ikkje kjend med at

deira kultur blir framstilt på denne måten. Ein indar har kanskje har ei anna førestilling om kva som er typiske yrke i deira kultur. Slike framstillingar kan også påverke barn sin sosiale identitet- og deira oppfatning av kva yrker som er oppnåelege for dei.

3.4 Sanningsverdi: bilete, illustrasjon og tekst

Tidelegare i dette teorikapitlet har eg presentert teori om postkolonialisme, ”oss” og ”dei andre”, kva stereotypiar er, korleis dei oppstår og kva stereotypiar som eksisterer om India som land og menneska som lev i India. Atlasa består av: (som tidelegare nemnt) illustrasjonar, bilete og tekst. Alt dette skal presentere fakta for lesaren. Ein stereotypi er sjeldan faktabaserte opplysningar, men førestillingar menneske har om kvarandre. Difor vil det i analysekapitlet vere viktig og sjå om atlasa fremjar dei stereotypiske førestillingane eg tidelegare har nemnt gjennom bileta, illustrasjonane og teksten dei presenterer. I dette delkapitlet vil eg difor diskutere korleis bilete, illustrasjon og tekst kan skape ein sanningsverdi for lesaren. På same måte som Løvland (2014) vil eg sjå på korleis verkelegheita kjem fram gjennom verbalspråk og visuelle ressursar, men i sakprosa (atlas) for barn. Eg vil også diskutere korleis lesaren eller tilskodaren kan sjå at det dei lesar eller ser er truverdig og kva grad av sanningsverdi ein finn i atlasa. Sanningsverdien er med på å avgjere kor mykje lesaren kan stole på informasjonen som han/ho mottar og kva type sanning eller verkelegheit den representerer (Mjør, 2015, s. 49).

3.4.1 Sanningsverdi i sakprosa

Johan L. Tønnesson (2012) diskuterer omgrepet sakprosa og trekk fram forholdet det har til verkelegheita. Han stiller likevel spørsmål til om sakprosaomgrepet er for vidt til å dekke alle tekstar som skal presentere fakta (s. 11). Atlasa i mitt materiale framstiller både kunst i form av bilete og illustrasjonar og tekstar. Løvland (2014) peiker imidlertid på at verken språk eller bilete kan eintydig informere lesaren om verkelegheita, men at det alltid vil vere verkelegheit formidla gjennom dei ulike modalitetane (s. 2). Omgrepet ”modalitet” kjem frå lingvistikken og referer til sanningsverdien eller truverdigeita i påstandar om verda i ein språkleg realisert samanheng (Kress & van Leeuwen, 1996, s. 160). Det er, ifølgje Kress & van Leeuwen

(1996), somme gonger naudsynt å stole på den informasjonen ein mottar, basert på modaliteten som er markert i informasjonen og basert på dei tekstlege ”hint” for kva som er truverdig og kva som bør behandlast med mistanke (s. 159).

Tekstlege ”hint” som kan bidra til å avgjere truverdigheit i teksten kan vere modale hjelpeverb i verbalspråket som Mjør (2015) viser til: (kan, bør, skal, må, osb.). Substantiv, adjektiv og adverb kan også vere ”hint” som er med på å markere ein sanningsverdi gjennom grammatiske kategoriar. Substantiv: (sikkerheit, sannsynlegheit, moglegheit), adjektiv: (sikker, sansynleg, mogeleg) og adverb: (sikkert, sannsyneleg, kanskje) (s. 49). Kress & van Leeuwen (1996) hevdar at fleire element kan vere indikatorar på at ein tekst manglar sanningsverdi. Slike element kan vere at dersom forfattaren av ein tekst tek avstand frå det han/ho skriv og formidlar informasjonen gjennom andre. Forfattaren kan gjere dette ved å til dømes formulere ein påstand subjektivt. Dersom forfattaren eksplisitt formidlar noko gjennom andre ”stemmer” og ikkje gjennom si eiga, kan teksten hevdast å ha ein låg modalitet og gå under termar som ”forteljing”, ”draum” eller ”tru” (Kress & van Leeuwen, 1996, s. 160). Det blir dermed ikkje den som skriv teksten som meiner at noko er sant, men dei som teksten handlar om. Lesaren kan på denne måten miste tillit til det som er skrive då forfattaren ikkje står inne for den påstanden som blir formidla. Kress & van Leeuwen (1996) peiker på at ein slik måte å formidle informasjon på viser at modaliteten er ”mellommenneskleg”. Det blir ikkje formidla ei avslutt sanning eller ein tydeleg løyndom, men ein delt sanning som distanserer forfattaren frå ”dei andre”. På denne måten blir det skapa eit imaginært ”vi”. Slik kategoriserer forfattaren det ”vi” meiner er sant, og det som ”vi” distanserer oss frå (Kress & van Leeuwen, 1996, s. 160). Dersom forfattaren skriv som i *Jorden rundt*, frå mitt materiale: ”Elva Ganges er hellig for hinduene” blir det hinduane som trur at dette er sant, medan ”vi” distanserer ”oss” frå denne påstanden.

I førre avsnitt viste eg til ”hint” som kan gjere at ein tekst får høgare eller lågare modalitet, men Mjør (2015) slår imidlertid fast at det er sjangeren som er det viktigaste signalet for sanning (s. 49). I dette tilfellet er det sakposa som skal presentere fakta for lesaren. Sakprosatetekstar kommuniserer med mottakaren på ein måte som kan styrke eller svekke det skal representerast som sant i teksten (Løvland, 2014, s. 2). Dette kan til dømes gjerast slik som i førre avsnitt, at forfattaren tek avstand frå det han/ho skriv. Eit slik verkemiddel kan vere med på å svekke den kommunikasjonen og gjere det som står i teksten mindre truverdig

for lesaren. Forholdet mellom språk og verkelegheit er i følgje Tønnesson (2012) for komplisert til at ein kan ”slå fast at sakprosa *er* direkte utsagn om virkeligheten” (s. 19). Tønnesson (2012) peiker vidare på at dei som trur på evna til språk og bilete til å eintydig skulle fortelje korleis verda eigentleg er, har oversett ein lang og sjølvkritisk tradisjon i vitenskapen (s.19).

Tønnesson (2012) bruker omgrepet ”etterrettelighetsremiget” og hevdar at dette er ei forutsetning for demokrati og fagelegheit (s.128). Han forklarar dette vidare med at veljarane, som vert lesaren, skal kunne stole på kandidaten, altså forlaga eller forfattaren. Kandidaten må meine det som blir sagt og ikkje uttale seg om nokon som veit betre om faktiske forhold (Tønnesson, 2012, s. 128). Tillit og diskusjon byggjer, ifølgje Tønnesson (2012) likevel på sannsyn og allmenne oppfatningar, enn på sannheit (s.129). I retorikken blir det som rommar det som verkar sannsynleg kalla *doxa* (Tønnesson, 2012, s.129). Ein kan dermed stille seg kritisk til forlaga som publiserer atlas, då dei truleg ikkje veit betre om India enn dei som faktisk bur der. Ein kan stille spørsmål til om dei bruker *doxa*, det som verkar sant, i staden for det som eigentleg er sant, Indias menneske sine refleksjonar av seg sjølve.

3.4.2 Visualisering og sanning

Det som er i eit fotografi sitt fokus, er det som avgjer bilete si sanning. Roland Barthes (2001) hevdar at alle fotografi på ein eller annan måte bærer med seg si eiga referanse, altså biletet si sannheit (s. 94). Barthes (2001) peiker på fotografiet sin *referent*, den naudsyne verkelege ”tingen” som er plassert framføre kamera. I høve denne oppgåva sitt materiale kan det til dømes vere eit dyr, ein bygning, eit fjell, osb. Barthes (2001) peiker på at utan den ”tingen” ville det ikkje vore eit fotografi (s.94). Han hevdar vidare at eit maleri på den andre sida kan utgje seg for å gjengi det verkelege utan å eigentleg å ha sett det. Dette kan medføre at dei atlasane som nyttar seg av illustrasjonar kan stå fram som mindre truverdige. Eit døme på illustrasjonar som kan stå fram som mindre truverdige er bokpermen til atlaset, *Kart for oppdagere og eventyrlystne*. Der er det illustrert ei kvinne som ser ut til å kle seg i noko som kan likne på ei indisk folkedrakt. Kvinna er illustrert med eit svært stort hovud i forhold til resten av kroppen. I forhold til andre illustrasjonar eller bilete der kroppen er illustrert med slike proposisjonar som kroppen har, kan denne illustrasjonen virke meir fiktiv og

illustrasjonen kan sjå meir ut som ein teikneseriefigur. Ifølgje van Leeuwen (2005) i *Introducing Social Semiotics*, har ofte avis-teikneseriar ein tendens til å ha ein redusert artikulering av detaljar, bakgrunn, djubde lys og skygge, og ingen artikulering av farge- og tone- gradering (s.167). Desse momenta som van Leeuwen trekk fram om teikneserie-bilete er noko ein kan sjå att i teikningane i *Kart for oppdagere og eventyrlystne* og kan påverke truverdigeheita i framstillinga av India.

Sidan dei utvalte atlasar brukar visualisering, anten i form av fotografi eller illustrasjon, kan dette medføre at teksten som høyrer til får ei høgare truverdigeheit og lesaren kan få meir tru til den. Kress & van Leeuwen (1996) hevda at Visualisering kan representere menneske og plassar som om dei er verkelege, som om dei faktisk eksisterer på den måten dei blir illustrert, eller som om dei ikkje gjer det. Eit døme på dette er dersom illustrasjonane er fantasiar, imaginere eller karikaturar (Kress & van Leeuwen, 1996, s. 161). Ved dette som Kress og van Leeuwen (1996) peiker på, blir modaliteten i illustrasjonane avgjort utifrå det sosiale, kva gruppa vurderer som realistisk, sant eller heilag (s. 161). I *Jorden rundt*, som er ein del av materialet til oppgåva, blir det skriva om elva Ganges og forfattaren tek avstand frå at denne elva kan vaske vekk syndene til Hinduar. Forfattaren avgjer dermed kva som er realistisk for han/ho og deler sitt synspunkt med lesaren. Dermed vil lesaren også finne dette mindre truverdige, då dette er noko "dei" trur, ikkje "vi".

Eit bilete består som regel av to deltakarar som kommuniserer med kvarandre. Han/ho som ser biletet og han/ho som har illustrert det, teke det eller publisert det. Kress & van Leeuwen (1996, s. 119) hevda at kommunikasjon gjennom visualisering fører til ei samhandling mellom den som har produsert bilete og den som ser det. Altså, biletet har to grupper av deltakarar: dei representative (menneske, plassar og moment som kjem til syne i biletet) og dei interaktive deltakarane (menneske som kommuniserer med kvarandre gjennom bilete, produsent og dei som ser biletet). I atlasar blir dei representative til dømes vist gjennom Taj Mahal, Gangeselva, palassvaktar osv. og den interaktive vil vere forlaga som produserer det dei meiner er etterspurnad om blant lesarane. Mjør (2015) hevda at verknaden av eit fotografi gjer at lesaren kjenner att fenomen som har eksistert i den verkelege verda. Gjennom farge, skarpheit, detaljar i motivets bakgrunn, skugge og djubde kan fotografiet maksimera sin realitetsrepresentasjon (2015, s. 49). Uttrykket i biletet er noko som kjem til syne i materialet då bilete representerer det lesaren kan vere kjend med frå før, altså det dei veit har eksistert

eller framleis eksisterer. Til dømes er mange barn kjend med at det finst tigrar i India. Alderen på lesaren er avgjerande for kva kunnskap han/ho sit med frå før.

Korleis eit bilete er illustrert vil vere med på å bedømme korleis biletet blir oppfatta. Mjør (2015, s. 49) hevdar at illustrasjonar i biletbøker kan vere realistiske, men også fjerne seg frå det verkelege ved stilisering og abstraksjon. Konstruerer illustrasjonane univers med tydelege fiksjonskaraktarar, fører dette også til større avstand frå det realistiske. Visuell sanning kan analyserast i forhold til realismen (Mjør, 2015, s. 49). Mjør hevdar at sjangeren er det som er avgjerande for sannsynet om sanning. Som eg nemnde i innleiinga er grensa mellom sak- og skjønnlitteratur på ingen måte ei klar grense, retoriske og litterære verkemiddel blir brukt i begge sjangrane (2015, s. 49). Når verbalteksten i sakprosa for barn informerer, argumenterer og greier ut, er det også ynskjeleg at det visuelle skal vere fagleg appellerande. Sakprosa om til dømes dyr eller historie bruker difor ofte fotografi og/eller presise, realistiske teikningar saman med vitskaplege sjangrar som modellar, faktaboksar, tidslinjer og kart. På denne måten opplever ein eit samspel mellom det verbale og det visuelle (Mjør, 2015, s. 50). Kress & van Leeuwen (i Løvland, 2014) hevdar at i multimodale tekstar⁴ vil det mellom ulike modalitetar alltid vere eit samspel. Dette samspellet skapar tillit til lesaren, som han/ho er avhengig av for å kunne stole på det som står i teksten, som er ei kjelde til kunnskap om verda (s. 4). Løvland (2014) viser til ei studie som er gjort av elevar på mellomtrinnet, der det blei vist at desse elevane ofte satsa på at all informasjonen blir formidla gjennom lærebøkene sin verbaltekst (Løvland, 2011, i Løvland 2014, s. 4). Det bileta formidlar er dermed mindre viktig, då lesaren stoler på at det er informasjonen som kjem gjennom verbalteksten er den som ”gjeld”.

Då det ofte er eit samspel mellom tekst og bilete i informasjonen som fagbøker skal formidle, er det også viktig at bileta har ein informasjonsverdi. Kress & van Leeuwen (1996, s. 195) hevdar at korleis informasjonen er plassert er avgjerande for kor stor verdi den har. Dei bruker omgrepa ”Ideal” og ”Real”. Ideal og Real blir knytt til korleis informasjonsverdien i eit bilete kjem fram. Det som er plassert øverst i biletet representerer ”The Ideal”, medan element i nedre del av biletet er ”The Real”. For at noko er Ideal betyr det at det representerer den ideale og generaliserte essensen av informasjonen og den tilsynelatande framtrekande informasjonen. ”The Real” representerer ein meir spesifikk informasjon (til dømes detaljar) og meir jordnær informasjon (til dømes kart), eller meir praktisk informasjon (Kress og van

⁴ Tekst og bilete i same tekst.

Leeuwen, 1996, s. 193/194). Dei viser til eit bilete frå ei Nederlandsk geografibok med eit bilete som truleg er tatt i India. Biletet viser ei ung mor for seg sjølv i øverste del av biletet. Nedre del av biletet viser ei gruppe av kvinner og barn som sitt tett saman på bakken. Den unge mora ser bekymra på denne gruppa. Heilheita i dette bildet representerer sjølvmotseiande Ideal av morsidealet og The Real som er gruppa som representerer overpopulasjon. Under biletet finn ein avisoverskrifta: "India struggles against overpopulation". Som Real er avisoverskrifta kjelda til "harde fakta" som viser symbolikken som biletet problematiserer (Kress & van Leeuwen, 1996, s. 194).

I atlaset *Jorden rundt* ser ein korleis informasjonsverdien i biletet kjem fram gjennom "the Real" og "the Ideal" dersom ein ser kartet over India med elementa rundt som eitt heilt bilete. Øvst i biletet ser ein mellom anna elefantar i opptog og nedst på biletet ser ein menneske som sykklar i høgt vatn for å illustrere regntida. Altså er elefantane i solskin det ideale i dette biletet. Regntida blir skildra som noko indarar gler seg over på grunn av jordbruket, men blir det for mykje regn kan dette øydelegge avlinga. Dette blir dermed "The Real", som representerer det som er meir jordnært.

Når Kress & van Leeuwen (1996, s. 89) skal forklare ein analytisk prosess av eit bilete hevdar dei at den består av to delar: ein *Carrier*, heilheit og delane av heilheita, *Possesive Attributes*. I analyse av kart hevder Kress & van Leeuwen (1996, s. 90) at karta har same struktur. Dei viser dette med døme om at Australia er heilheita (*Carrier*) og at statane i Australia er delane (*Possesive Attributes*). Eit kart kan gi nokså eksakte analyser av det som kan verka som å vere heilheita. Nokre kart fokuserer på geografiske spesifikasjonar, medan andre fokuserer meir på sosiale og politiske avgrensingar. Analyser fører til at ein må ta val. Nokre kart tileignar eigenskapar til heilheita, medan andre analyser gir eigenskapar til kartet ei kjensle av irrelevans på grunn av kriterier som er satt utifrå ein gitt kontekst (1996, s. 90). I atlas som mitt materiale består av er India heilheita (*Carrier*) medan bileta og illustrasjonane på kartet av India blir delane (*Possesive Attributes*). I desse karta blir det som Kress & van Leeuwen (1996) hevda, fokusert på sosiale og politiske avgrensingar. Det er også slik stereotypiar om andre oppstår. På grunn av delane som karta består av vil lesaren trekke slutningar når han/ho lesar i atlas. Eit døme på dette kan ein finne i *Jorden rundt* (2011) der kartet av India (*Carrier*) viser bilete av mellom anna ein slangetemjar (*Possesive Attributes*). Slike avgrensingar av kva menneske som skal representere India kan altså byggje opp under

stereotypiar.

I dette teorikapitlet har eg presentert postkolonial litteraturteori og omgrep som "Orientalisme", "oss" og "dei andre. Eg har også diskutert kva det vil seie at noko er stereotypisk, korleis stereotypiar oppstår og ulike stereotypiar om India som land og menneska som lev i India. Eg har òg drøfta modalitetsomgrepet og kva det vil seie at tekst, bilete eller illustrasjon har ein sanningsverdi. I neste kapitlet vil eg anvende dei ulike omgrepa og teoriane i ei analyse av bileta, illustrasjonar og teksten i atlas frå mitt materiale.

4. Analyse av materialet

I analyse av materialet vil eg diskutere korleis atlasa framstiller India. Her vil eg legge vekt på kva bilete som blir brukt i dei ulike framstillingane i materialet og kva desse atlasa har fokus på i verbalteksten. I gjennomgangen av bileta og verbaltekst ein finn igjen i fleire atlas vil eg dele dette inn i kategoriar: natur og dyr, framstillingar av menneske og kultur og religion. Grunnen til at eg deler bilete og tekst inn i kategoriar er for å gi ei oversikteleg analyse av materialet. Eg kunne også tatt føre meg eit og eit materiale, men eg meiner kategoriane vil gi eit større innblikk i kva eg kjem fram til. Eg vil diskutere korleis nokon av bileta eller ord og uttrykk kan vere stereotypiske og gi eit inntrykk av at India og menneska der er ein del av Orienten. Ord og uttrykk finn ein til dømes i faktaboksar om eit spesielt tema eller i teksten til dei ulike bileta. Deretter vil eg diskutere om bileta eller verbalteksten har ein sanningsverdi, om framstillinga gjennom bilete og tekst gir eit realistisk bilete av India. Når eg skal finne ut om framstillingane har ein sanningsverdi vil eg sjå etter ulike modalitetsmarkørar som enten forsterkar eller svekker truverdigheita i tekst eller bilete og om dei stereotypiane som eventuelt blir framstilt og India som ein del av Orienten står fram som realistiske.

4.1 Beskriving av India i materialet

I *Jorden rundt* (s.94) er kartet over India fordelt utover på eit dobbelt oppslag. Her ser ein mellom anna bilete av ein tiger, elefant og ei ku som er omtala som heilag. Ein kan også sjå bilete av Taj Mahal, ein kathkalidansar⁵ og ein rickshaw⁶. Blar ein om på side 96 er det små ”faktaboksar” der det er skriva om den heilage elva Ganges, indisk kunst, utryddingstruga

⁵ Ein dansar som fortel myter og historier gjennom dans (*Jorden rundt*, (2011)).

⁶ Eit transportmiddel der ein syklar ein passasjer sit i ei dekorert vogn (Henry Henne, 2009) <https://snl.no/rickshaw>.

tigrar, Taj Mahal, indisk mat, Bollywood og Hindugudar. Det er også ei ”prøv selv” oppgåve, der lesaren, som truleg er eit barn, blir invitert til å lage raita⁷.



Figur 5: *Jorden rundt* (2011, Ganeri & Oxlade).


I framstillinga av India i *Mitt første Atlas* er det fokus på mange av dei same momenta som i *Jorden rundt*. Hovudskilnaden i desse to bøkene er at *Mitt første Atlas* bruker teikningar og nokre fotografi, medan *Jorden rundt* berre bruker fotografi. Til dømes er bilete av Taj Mahal og eit barn som sit på ein elefant fotografi, medan resten er illustrasjonar. Det er brukt lite verbaltekst i denne framstillinga. Det atlaset har valt å bruke mest plass på i verbalteksten er Taj Mahal, fakta om fjellklatring og om det som er ”typisk” for indiske landsbyar. I bileta er det som i *Jorden rundt* heilage kuer, dansarar og sitarspelar, turisme, dyr og seljarar som er representerte.

⁷ Ein indisk youghurt dip (*Jorden rundt*, 2011).



Figur 6: Mitt første Atlas (1995, Boyle).

Kart for oppdagere og eventyrlystne framstiller India ved å bruke fleire ulike illustrasjonar som gir eit varierende bilete av India. Også her er tempel og palass representert, men også menneske som spelar land-hockey og cricket. Boka illustrerer "Dame i Sari", ei nasjonaldrakt, men også barn som har blitt gitt namn som Aditi og Rahul i "vanlege" klede. Mat er også framtrudande i representasjonen av India. Til dømes illustrerer boka ein Tandori-ovn, kylling-tikka og curry. Det blir også skriva at indisk mat ofte består av erter, bønner og linser.



Figur 7: Kart for oppdagere og eventyrlystne (2014, Mizielinski & Mizielinski)

I *Barnas verdensatlas* finn ein mange ulike illustrasjonar som skal representere element som India består av. Ein finn menneske i ulike yrker og aktivitetar, dyr, palass og tempel. Verbalteksten legg vekt på geografiske element, fattigdom og den enorme befolkninga som Sør-Asia består av. Atlaset viser også ein faktaboks som fortel folketalet og hovudstaden til dei landa som blir framstilt i Sør-Asia.



Figur 8: Barnas verdensatlas (Sale, 2000).

4.2 Natur og dyr

I dette delkapitlet vil eg drøfte korleis natur og dyr blir framstilt i atlasa frå materialet mitt og om framstillingane kan forsterke påstandar som at framstillingar av Austen er prega av landskap som byr på utrulege opplevingar og at dyr ofte er overrepresentert i framstillingar av India. Som Roy (2008) kom fram til i sine analyser, var framstillingar av India i barnelitteratur ofte prega av landskap som var ”tømt” for menneske og at naturen overskuggar alle andre aspekt av liv i India (s. 5).

4.2.1 Landskap og dyr i framstillingar av India

Illustrasjonar, bilete og tekst om fjell i India finn ein i *Mitt første Atlas*, *Barnas verdensatlas* og i *Kart for oppdagere og eventyrlystne*. I *Jorden rundt* finn ein ingen skildringar av fjell,

men heile India er på kartet dekkja av noko som kan sjå ut som ei grøn slette rundt bileta som er plassert rundt om på kartet. I *Mitt første Atlas* og *Barnas verdensatlas* beskriv verbalteksten ved sida av illustrasjonen og bilete fakta om Himalaya-fjella og Mount Everest. I *Kart for oppdagere og eventyrlystne* er fjella illustrert med teikningar av som har teksten ”Himalaya” over seg. I dette atlaset kan ein også sjå illustrasjon av Kanchenjunga, Indias høgaste fjell. I *Mitt første Atlas* er områda rundt bileta på kartet dekkja med grøne sletter og tre. Dette stemmer også for *Barnas verdensatlas*, medan *Kart for oppdagere og eventyrlystne* bruker ein nøytral kvit farge på området rundt bileta på kartet. Roy (2008) fant i sine undersøkingar av bøkene *Hidden in sands*, *Count Your way through India*, *The heart of darkness* og *The Stonecutter* at naturen overskygger alle andre aspekt av liv India.

Det er ikkje berre fjell som representerer referansar til naturen i atlasa. I alle atlasa i mitt materiale er det minst eit dyr som pregar framstillinga av India. Dyr er noko som fangar interessa til barn, men korleis dei blir framstilt er avgjerande for korleis lesaren vil oppfatte korleis menneske og dyr lever saman i India. Dyr som tiger, elefant, heilage kuer, apekattar, slangar, løver og nasehorn er dyr ein finn i alle atlasa frå mitt materiale i oppslag om India. Roy (2008, s. 5) hevda at framstillingar ho har undersøkt skildrar naturen og livet i Afrika som at dei er ein del av steinalderen, der menneska er omgitt av insekt og ville dyr som spring rundt dei. Når dyra i atlasa frå mitt materiale er plassert rundt på karta, saman med menneska kan dette gi eit inntrykk av at menneska og dyra lever i same omgivnader, slik som også Roy (2008, s. 5) peika på. Dette er truleg ikkje tilfellet for mange menneske i India.

Nikolajeva & Scott (2001) peiker på at lesaren sjølv kan avgjere kva som er truverdig i det ein ser og lesar sjølv. (s.13). Dei bruker modalitetsomgrepet om korleis lesaren kan avgjere at det han/ho ser er truverdig. Atlasar brukar alle saman bilete eller illustrasjonar av dyr og har plassert dei ulike dyra som eg nemnte rundt om på karta. Kress & van Leeuwen (1996) har hevda at visualisering, som blir brukt i dette tilfellet, kan representere plassar og menneske som om dei eksisterer på den måten dei blir framstilt, eller at dei ikkje gjer det (s.161). I *Jorden rundt* og *Barnas verdensatlas* brukes bilete med skarpe fargar, skugge og detaljar og proposisjonane på dyra er tilnærma vekelegheita. *Mitt første Atlas* og *Kart for oppdagere og eventyrlystne* bruker dusere og svakare fargar og spesielt i *Kart for oppdagere og eventyrlystne* er proposisjonane på dyra mindre verkelegsnære, då dei er meir karikerte enn realistiske teikningar av korleis dyra eigentleg ser ut. Mjør (2015) hevda at skarpheita på

fargane, detaljar i motivets bakgrunn, skugge og djubde maksimerer bileta sin realitetsrepresentasjon (s.49). Sidan *Jorden rundt* og *Barnas verdensatlas* gjer nettopp dette som Mjør (2015) peika på kan ein difor sjå deira framstillingar som meir realistiske enn dei to andre.

Lesaren av eit atlas slik som dei mitt materiale består av, vil kanskje ha avgrensa tilgang til kunnskap om India. Når atlas brukar slike modalitetsmarkørar som forsterkar sanninga i bileta, kan dette bidra til å fremje denne stereotypiske framstillinga som Roy (2008) hevda at prega framstillingar i litteratur for barn i bøker om India, at menneske lev i eitt med natur og dyr og at landskapet på kartet er skildra som eit område som verkar urørt og manglar menneskeliv. Dette kjenneteiknar også det Roy (2008) hevda i sin artikkel. Ho peika på at nesten alle overskrifter, illustrasjonar og forteljingar i hennar materiale refererte til naturen.

4.2.2 Korleis påverkar landskapa og naturen framstillingane av India?


Som eg nemnte i førre avsnitt, brukar atlas *Jorden rundt* og *Barnas verdensatlas* illustrasjonar og bilete som forsterkar realitetsrepresentasjonen i framstillingane av India. Når desse atlas skal illustrere landskapet i India på bileta av karta brukar *Jorden rundt* ein sterk grøn-farge, medan *Barnas verdensatlas* brukar ein svakare grøn-farge. Ein kan ikkje sjå verken skog, ørken, eller noko som kan likne på ein by i desse framstillingane. Byane New Delhi og Mumbai er likevel plassert på kartet, men begge byane viser ingenting som kjenneteiknar noko ein kan finne i ein by. Til dømes eit folkeliv, butikkar, osv. er ikkje-eksisterande. *Barnas verdensatlas* har derimot eit bilete av bygningen "Gateway to India" der Mumbai er plassert på kartet. Roy (2008) peika også på i hennar analyse, at byen Kerala blir framstilt med bilete av skogar i disse fargar (s.5). Sjølv om ein ikkje ser eit klart bilete av ein skog i desse atlas kan den grønne "sletta" likevel minne om ein skog, då dei ofte består av grønne trer. Dette og fleire liknande element som eg vil kome nærmare innpå nærare i dette kapitlet, kan knytast til det Rao (i Roy, 2008) hevda, at forlag som i Rao sitt tilfelle er frå USA, kan krevje at bøker om India skal innehalde ei viss mengde av eksotiske moment. Sidan *Barnas verdensatlas* og *Jorden rundt* nyttar seg av illustrasjonar og bilete som er verkelegsnære, nyttar dei seg av slike verkemiddel som Mjør (2015) peika på. Slike verkemiddel forsterkar realitetsrepresentasjonen ved bruk av sterke fargar, skarpheit og

detaljar. Dette kan fremje den stereotypiske førestillinga som allereie eksisterer om India. Burney (2012) hevda at framstillingar av India i litteratur og kunst hadde som mål å eksotifisere eit nytt og sjølvstendig land (s. 87).

I *Kart for oppdagere og eventyrlystne* er landskapet i India illustrert med ein lysebrun farge, noko som medføre at landet ser ut til å vera dekkja av ein stor ørken. Ifølgje Roy (2008) er ein overrepresentert ørken eit bilete av at ørkenen er ein del av det nådelause livet til menneska som må hanskast med den kvar dag. I *Mitt første Atlas* er Bombay (som endra namn til Mumbai same år som dette atlaset blei gitt ut) ein prikk på kartet med noko som kan sjå ut små tre rundt seg. I *Mitt første Atlas* finn ein også New Delhi i noko som kan sjå ut som ein jungel eller regnskog, med ein illustrasjon av ein tiger ved sida av. For ein barnelesar frå til dømes Noreg, kan dette virke svært eksotisk, då det ikkje er vanleg at ein finn byar i jungelen, utan menneske, men med eit vilt dyr som tigreren. Framstillingane av indiske byar i *Mitt første Atlas* og i *Kart for oppdagere og eventyrlystne* manglar også det som ein ofte finn i større byar, og som spesielt desse byane er kjende for, eit yrande folkeliv. Dette forsterkar det som Burney (2012) også peika på, at landskapet er tømt for dei folka som "eig" landet og at framstillingar av India er prega av få menneske, mange dyr, vakkert landskap og tempel og palass (som vil bli gått nærmare under kategorien Kultur og religion).

Landskapa som blir framstilt i *Mitt første Atlas* og *Kart for oppdagere eventyrlystne* kan minne om dei stereotypiske førestillingane som Burney (2012) og Roy (2008) hevdar eksisterer i litteratur og kunst om land som har vore under kolonimakt. Ein kan likevel stille spørsmål til om modaliteten i illustrasjonane fremjar stereotypiske førestillingar utifrå korleis dei er illustrerte. van Leeuwen (2005) hevda at teikneseriar har ein tendens til å ha ein redusert artikulasjon av detaljar, bakgrunn, djubde, lys og skugge og ingen artikulasjon av farge- og gradering (s.167). Teikneseriar kan stå fram som svært stereotypiske då dei ofte forsterkar stereotypiane ved å teikne overdrivne illustrasjonar som framhevar det som er stereotypisk. Førestillinga om at India er dekkja av ørken kan kome fram i til dømes bilete av ein kamel som ofte blir forbunde med ørken. I *Kart for oppdagere og eventyrlystne* er kamelen illustrert ved at den ser mindre ut enn mannen som sit oppå. I *Jorden rundt* er det bilete av to kamelar som ser ut som eit ekte fotografi. Dei er dekorerte, menneska som sit oppå ser mindre ut enn kamelane, slik som det er i verkelegheita, ein kan sjå detaljar som hovane til kamelane og biletet har skugge, noko som gjer det meir realistiske. Truverdigheita i

illustrasjonen til *Kart for oppdagere og eventyrlystne* forsvinn likevel til ein viss grad, då illustrasjonane står fram som mindre realistiske i forhold til biletet av kamelane ein finn i *Jorden rundt* som står fram som meir truverdig. Fargebruken i dei to bileta er derimot ulik. Kamelen i *Kart for oppdagere og eventyrlystne* ser ut til å vandre i ein ørken, medan i *Jorden rundt* ser kamelen ut til å vere på ei slette av grønt gras. Fargebruken i *Kart for oppdagere og eventyrlystne* forsterkar på denne måten truverdigeita dersom lesaren har kunnskap om at ørkenen er dekkja av brun sand.



Figur 9: "Kamel" *Kart for oppdagere og eventyrlystne* (2014, Mizielinski & Mizielinski).



Figur 10: "Kamel" *Jorden rundt* (2011, Ganeri, & Oxlade)

Ein finn altså fleire faktorar som bidreg til å avgjere truverdigeita i eit bilete eller ein illustrasjon. Då kamelen i *Kart for oppdagere og eventyrlystne* blir framstilt som ein del av den brune ørkenen er denne framstillinga meir truverdig enn at kamelane i *Jorden rundt* ser

ut til å finne seg på ei grøn slette av gras. Sjølv om fotografiet i seg sjølv forsterkar truverdigeita, forsterkar det ikkje tilknytinga kamelen har til ørkenen.

4.3 Framstilling av menneske i India

I framstillingar av menneske i India som ein finn i atlas frå mitt materiale, kan ein finne ulike ”grupper” menneske. Det er ofte dei same ”gruppene” som går att i framstillingane. Eg vil i dette delkapitlet diskutere og drøfte om desse gruppene av menneske bidreg til å fremje nokre av dei stereotypiske førestillingane eg har presentert tidlegare og eg vil diskutere kva som eventuelt gjer at nokre av førestillingane fremjar stereotypiane som eksisterer om menneske i India og om menneska blir framstilt som ein del av Orienten. Eg vil også diskutere om framstillingane gir og står fram som meir eller mindre truverdige.

4.3.1 Fattigdom i India presentert i atlas

India er eit land som består av 1,252 milliardar menneske. I Eriksen (2012) sine undersøkingar vises det at dei fleste indarar lev rundt i 600 000 ulike landsbyar under tronge økonomiske forhold (s.45). I *Mitt første Atlas* blir ein indisk landsby illustrert med ein teikning som viser små hus med tak av gras og menneske som bærer krukker på hovudet. I teksten til biletet er det skriva at mange menneske i India lever i små landsbyar og er omringa av dyrka mark. Dei dyrkar mat til seg sjølv og noko blir selt på marknadsplassen. I denne illustrasjonen kan lesaren sjå ein landsby utan særleg mykje fasilitetar. Dyra går fritt rundt på marka, klede blir vaska for hand, folka sit på teppe på bakken og sel noko som kan sjå ut som krydder. Illustrasjonen som *Mitt første atlas* presenterer, er at den presenterer noko som både er truverdig og sant. Sjølv om dette biletet av landsbyen er ein illustrasjon, er likevel ikkje illustrasjonen fjern frå verkelegheita då til dømes menneska som er illustrert er presise teikningar som viser menneske sine proposisjonar slik som dei vanlegvis er.

Kress & van Leeuwen (1996) hevdar at visualisering kan representere menneske og plassar

som om dei er verkelege og at dei eksisterer slik som dei blir illustrert (s. 161). Modaliteten i illustrasjonar blir avgjort utifrå kva den sosiale gruppa vurderer som realistisk, sant eller heilag (Kress & van Leeuwen, 1996, s. 161). Dersom barnelesaren av *Mitt første Atlas* har kunnskap om at India er eit land prega av mykje fattigdom og at dette er ein etablert kunnskap i den sosiale gruppa som barnelesaren høyrer til i, blir altså framstillinga av landsbyen i India eit realistisk bilete på korleis menneske i India lever. Illustrasjonen av landsbyen er også eit realistisk bilete av det Eriksen (2012) skriv om fattigdom i India. Det som likevel er problematisk med framstillinga av India i *Mitt første Atlas* er at den berre representerer ei menneskegruppe som lever i små landsbyar, medan menneske som lever i andre omgivnader er ekskludert frå denne framstillinga og mangfaldet av menneske i India forsvinn.

I *Barnas verdensatlas* kan ein sjå ein illustrasjon av ei kvinne frå Tharørkenen som bærer ei krukke på hovudet og ein mann som driv med pløying av jord med oksar. Roy (2008) peika på at fokuset som er på fattigdom definerer India utifrå mangelen på økonomisk velstand (s. 6). Denne definisjonen blir mellom anna gjort av litteratur frå Vesten. Sjølv om atlaset ikkje direkte skriv at kvinna som bærer krukka på hovudet, eller mannen som driv med manuell pløying med oksar er fattige, kan likevel lesaren få eit slikt inntrykk. Eriksen (2012) trakk i sin artikkel fram, at kvar femte innbyggjar som lever på landsbygda må gå over 500 meter for å hente vatn (s. 47). Kvinna som er illustrert kan dermed vere eit bilete på det som Eriksen (2012) peiker på. Dersom lesaren har kunnskap om jordbruk, veit han/ho òg kanskje at dei fleste i Norden og USA bruker maskiner til å pløye jordet sitt. Mannen som pløyer med oksar manglar denne fasiliteten. Fokuset *Mitt første Atlas* og *Barnas verdensatlas* har på fattigdom kan vere med på å forsterke påstanden Roy (2008, s. 6) uttalar, at fattige menneske i India har blitt strategisk plassert i litteratur om India for å fremje og skape kontrastar mellom livstilen til menneske rundt om i verda.

Eg har tidlegare nemna at Europa og Vesten blir sett på som eit sentrum for politikk, økonomi, intellekt og/eller kulturell forstand (Claudi, 2013, s. 191). I *Barnas verdensatlas* finn ein døme på akkurat dette, då dei beskriv USA og New York som ein av verdas fremste byar innan handel, industri og kultur og beskriv byen som full av menneske og bilar. India har nokre av dei mest folkerike byane i heile verda. Dette blir i *Barnas verdensatlas* ikkje nemna, men derimot at mange av menneska som lever i India er svært fattige og mange av dei lever i landsbyar og dyrkar sin eigen mat legg atlaset vekt på si informasjonsteksten i India.

Den urbane middelklassen i India, som Nickelsen (2012) trekk fram er ikkje synleg i verbalteksten i atlasa. Den økonomiske veksten i India har auka velferda til fleire hundre millionar menneske, men denne folkegruppa kjem ikkje til syne i atlasa. I *Jorden rundt* blir det skriva at det er ulike kulturar i det Sørlege Asia, men desse kulturane blir skildra utifrå dei ulike religionane som finst i Sør-Asia. I *Barnas verdensatlas*, blir det skriva at Sør-Asia har ein veksande industri, men at desse ressursane så vidt kan halde liv i områdets enormt store befolkning, og at mange er svært fattige. Løvland (2014) skriv at sakprosatetekstar skal kommunisera med mottakaren på ein måte som styrker eller svekker det som skal representera som sant i teksten (s. 2). Når *Barnas verdensatlas* skriv at den veksande industrien ”så vidt” held liv i den store befolkninga, vil kanskje lesaren sjå føre seg at det er ein svært liten del av befolkninga som får nytte seg av denne veksande industrien. Eit tekstleg ”hint” i denne teksten kunne bidrege til at lesaren kunne fått eit meir nyansert inntrykk av India. Til dømes kunne det blitt skriva at ”få får nytta seg av den veksande industrien, *men* India har ein veksande middelklasse der fleire får nytta seg av den”. Lesaren ville på denne måten ikkje berre fått eit nyansert bilete av India, men også lært litt om dei store kontrastane som er mellom fattige og rike i India.

I *Mitt første Atlas* finn ein også eit liknande døme som i *Barnas verdensatlas* der dei skildrar kor mange menneske som lever på landsbygda. I *Mitt første Atlas* skriv dei derimot ikkje noko konkret tal på dette, men dei skriv i verbalteksten at: ”Svært mange lever av jorda.”. Vidare skildrar atlaset kva som er den viktigaste avlinga for menneska i Sør-Asia. Men det blir også peika på at Pakistan og India er dei landa som er mest industrialiserte i Sør-Asia. Det blir likevel ikkje sagt noko som kva som er viktige industrier, utanom eit bilete av oljeboring i Pakistan. I India derimot blir det verken illustrert eller nemna i verbalteksten kva industrier som er viktige i dette landet, eller vist menneske som til dømes arbeider innanfor industrien. Då industri ofte kan føre til ein veksande økonomi, slik som Nickelsen (2012) hevdar har vore i India dei siste åra, er det merkverdig at industrien eller menneske som arbeider innanfor den ikkje er ein del av framstillinga. Derimot er bilete av dansarar, bønder eller kryddeseljarar bilete som er gjennomgåande i atlasa. Då industri er noko som kan vere eit fellesstrekk mellom Austen og Vesten kan ein stille spørsmål ved kvifor ikkje atlasane legg meir vekt på noko som også er ein fellesnemnar mellom fleire land.

4.3.2 "Mystiske" og "eksotiske" menneske i atlas

I dette delkapitlet vil eg presentere menneske som blir framstilt som eksotiske og mystiske ved at dei gjennom ulike faktorar utfører handlingar som er framande for til dømes ein barnelesar frå eit vestleg land. Dei eksotiske elementa som blir framstilt i atlas kan også gå under kategorien "Kultur og religion" eller "Yrker og aktivitetar". Menneske som driv med dans i ulike samanhengar er eit av elementa som gjer framstillingane eksotiske og mystiske. Dans er ein del av både kulturen og religionen til mange indarar, men kan også vere eit yrke eller berre ein aktivitet. Eg vel likevel å diskutere nokre av framstillingane under dette delkapitlet då mystiske og eksotiske framstillingar av India ofte er det som pregar vestleg litteratur. Som Claudi (2013) hevda, er førestillingar om Austen i kunst og litteratur, ofte bygd på stereotypiar om at Austen er mystisk og framand.

I alle atlas frå mitt materiale finn ein bilete eller illustrasjonar av menneske som dansar i ulike drakter og masker. Dei blir kalla mellom anna Bharatnatyam-tempeldansar, folkedansar, kathkalidansar eller hindu-dansarar. I dei fleste bileta er det kvinner som opptrer som dansarar. Ein finn også satirespelarar og slangetemjarar som også vil bli diskutert under denne kategorien. Av alle dei milliardane av menneske som bur i India er det desse menneska som blir representert i framstillinga av India. Som eg nemna i innleiinga set Said (1994) spørsmålsteikn ved at førestillingar om Orienten som ofte gir ei kjensle av ein mystisk, sensuell og fjern verdsdel med kulturelle trekk som er så annerleis enn dei som er i Vesten (s. III). Omgrepet eksotisk blir ofte brukt dersom noko er framandt og er ofte brukt om tropiske områder. Dansarane har klede og masker framføre ansiktet noko som forsterke ei kjensle av framandheit og gjere dansaren meir mystisk då ein ikkje ser ansiktet. Dette er med på å forsterke påstanden til Said. Viss ein ser tilbake på dømet om sjakkspelning i India som eg viste til tidelegare, der Sverige viser ein illustrasjon av eit kjempe-sjakkbrett i *Barnas verdensatlas* blir det ikkje forklart kvifor dette er illustrert. India blir i framstillingane i atlas eliminert frå å vere deltakar i denne idretten, sjølv om det finst fleire gode sjakkspelarar frå India. I atlas frå mitt materiale er det menneske som driv med fysisk aktivitet eller arbeid som representerer menneska i India. Menneske som driv med intellektuelle aktivitetar, slik som sjakk eksisterer ikkje i desse framstillingane. Derimot er teiknet om at India har

”høgteknologi” til stades, men det er likevel ingen menneske om representerer dette. Atlasa, som alle er frå Europa, definerer dermed India og hindrar menneska i å ta del i den akademiske kulturen.

Antrekka til dansarane er ofte prega av sterke fargar, mykje mønster, smykke, tiara og i *Jorden rundt og Kart for oppdagere og eventyrlystne* er dansarane utan sko. Dansarane finn ein i alle atlasar i ulike kledningar, men fellestrekk er dei elementa eg nemna her. Dans er ein viktig del av både indisk kultur og også fleire andre kulturar og det er naturleg at dei er med i framstillinga av India. Men når menneske som driver med dans tar ein så stor del i ei framstilling og framstillinga manglar menneske som driver med andre aktivitetar bidreg dette til at India blir som ein slags motsetnad til Vesten, der det ikkje blir framstilt dansarar. I *Jorden rundt* blir menneska framstilt som syklistar og alpinistar (i Frankrike). Desse idrettane representerer velstand då både sykkel og ski kostar mykje pengar og utstyret ein treng elles ofte er svært dyrt. I Storbritannia finn ein fotballspelarar. Engelsk fotball er også noko som har ein stor økonomisk faktor over seg. Som eg viste til i teorikapitlet hevda Claudi (2013) at Europa og Vesten blei idealisert som eit sentrum både i politisk, økonomisk, intellektuell og kulturell forstand (s. 191). Dansarane blir i atlasar definert som ein del av den kulturelle forstanden til India. Økonomisk velstand og intellekt er truleg ikkje det som ein forbinder med dans, men heller estetikk og det kroppslege. Dette er ikkje negative eigenskapar, men framstillinga manglar likevel mangfaldet som dekkjer dei andre områda Claudi (2013) peika på. Vesten blir derimot definert med sport som gir høg status både økonomisk og som ”kjendis”. Dansarar blir sjeldan omtala i media i forhold til fotballspelarar, syklistar og alpinistar.

Dansarane som representerer fåtalet av menneska som lever i India kan også forsterke det som Burney (2012) observerte i hennar undersøking av *Walls of India*. Her fann ho at framstillinga viser ein ukritisk, vestleg visjon som ikkje referer til den komplekse verkelegheita som eksisterer i India (s. 87). Denne verkelegheita er menneske som lever i ekstrem fattigdom (som atlasar har i fokus) og menneske som lever i ein middelklasse og overklasse, med liv som truleg mange i Vesten kan kjenne seg att i. Desse menneska finn ein ikkje representert i nokon av atlasar.

Eriksen & Sajjad (2015) bruker omgrepet sjølvoppfyllande profetiar og peiker på at ei

dominerande gruppe, som Vesten i dette tilfellet er, kan gjere ei etablert førestilling til å få ei dominert gruppe til å tenke at denne førestillinga er sann og dermed handle slik som førestillinga seier. Ved å opprettheld slike førestillingar som at India har mange flinke dansarar kan dette skape urealistiske visjonar om India. Menneske som dei siste åra har vore med på å utvikle landet innanfor både teknologi og ingeniørskap og har gjort at India har kome seg der dei er i dag ikkje eksisterer i framstillingar om landet. Eriksen & Sajjad (2015) viser til ei etablert førestilling om at mørke menneske har ”rytme i blodet” (s.39). Dans er ofte ein del av ein kultur, men det er derimot ikkje genetisk vilkårleg at nokon er flinke å danse. Viss atlas hadde hatt eit større fokus på å fram kompleksitetane rundt menneska som bur i India, kunne dette kanskje vore med på å bryte ned stereotypiane som eksisterer om landet. Burney (2012) som viste til *Walls of India*, peika på at skildringa ikkje hadde noko referanse til den komplekse verkelegheita som eksisterer i India. Dans er ein del av indisk kultur, men då framstillinga av menneske som dansar nesten overskygger alle andre menneske som driv med andre aktivitetar hindrar framstillingane lesaren i sjå dei likskapane som finst mellom menneske frå andre land og kulturar.

Menneske som til dømes blir framstilt i turban finn ein særleg i *Barnas verdensstals*. Då dette er ein del av den indiske kulturen og eit vanleg hovudplagg blant menn i India vil det vere naturleg at menneske som brukar dette hovudplagget er ein del av framstillingane. Det som eg stiller spørsmål til er kvifor ikkje dei menneska som ikkje brukar hovudplagg er ein del av framstillingane, då det finst svært mange av dei også. I *Barnas verdensatlas* er alle menn som er illustrert iført turban. Mitra (1999, i Ramasubramanian, 2005) hevda at motivasjonen til å skape stereotypiar om indiske karakterar i vestlege filmar var for å skape eit skilje mellom vestlege og ikkje-vestlege karakterar. Difor har bilete av menneska frå India i filmene blitt understreka med kva hudfarge dei har, kva klede dei brukar og fysiske karakteristikkar som forsterkar kontrastane mellom vestlege og ikkje-vestlege (s. 247). Når *Barnas verdensatlas* framstiller alle menn i atlaset med turban set dei menn i India i ein kategori der dei gir forenkla beskrivingar av antekne kulturtrekk ved bestemte typar menneske (Eriksen & Sajjad, 2015, s. 57). Dersom barnelesaren blir fortalt gjennom bileta i *Barnas verdensatlas* at alle menn i India går med turban, gir atlaset ei forenkla beskriving av menn i India.

Eit spørsmål ein også kan stille i samband med denne framstillinga er korleis ein indisk mann ville framstilt seg sjølv. Her er det fleire avgjerande faktorar som må takast omsyn til. Men i

dette tilfellet er det eit vestleg forlag som avgjer kva faktorar som skal takast omsyn til i framstillinga av India og indarar. Forlaga blir på denne måten den som ”definerer” medan indarane blir dei ”definerte” (Ochoa, 1996, s. 221).



Figur 11: ”Krydderseljar i turban” *Barnas verdensatlas* (2000, Sale)

4.3.3 Yrker og aktivitetar som blir framstilt i atlasa

Barthes (2002) peiker på at i mange tilfelle er det første ein ser ulikskapar mellom menneske, til trass for at alle deler ein felles grunn (s. 225). Yrker som blir framstilt i atlasa deler fleire fellestrekk. Sjølv om atlasa ikkje kallar desse ”aktivitetane” direkte for yrker, vil eg likevel setje dei i den kategorien då det er eit arbeid som blir utført. Ei rekkje yrke går igjen i fleire av atlasa frå mitt materiale. Til dømes krepsefiskarar, fiskarar som er i båt, kvinner som plantar ris og hauster teblad, slangetemjarar og sjåførar som køyrer andre rundt i rickshaw. Elles finn ein i *Barnas verdensatlas* fiskarar på styltrer og ein palassvakt. *Kart for oppdagere og eventyrlystne* framstiller kamelavling, *Jorden rundt* skriv om bønder som set pris på regntida og *Mitt første Atlas* illustrerer ein seljar på ein marknad.

Yrka, eller arbeida som atlasa frå mitt materiale framstiller i India er alle enten tenesteytande eller harde, fysiske arbeid. Ramasubramanian (2005) peika på yrker som er typiske for indarar i filmar laga i Vesten. Dette var yrker som tenarar, gartnarar, menneske som bærer bagasje på

hovudet og servitørar (s. 257). I dømet som eg viste til om serien ”Master of None” skulle den indiske skodespelaren i USA på audition for roller som indisk taxisjåfør som for øvrig også måtte ha indisk aksent. Igjen finn ein yrker som utfører tenester for andre. Samanliknar ein yrkene som er framstilt i India med til dømes USA finn ein FBI, som er eit av yrka som er representert i *Kart for oppdagere og eventyrlystne*. Sett på spissen representerer FBI i forhold til hausting av teblad svært store kontrastar mellom desse to landa. Viss ein trekk inn det som Ochoa (1996) peika på kan desse framstillingane vere eit bilete på den binære motsetninga som allereie er mellom desse landa. USA blir representert med eit yrke som går ut på å fange dei som er slemme, men også å dominere over andre, medan India blir representert med eit yrke som går ut på å tene andre. Ochoa (1996) hevdar at ein slik todelt måte å tenke på, altså å setje kulturar opp mot kvarandre, slik som er gjort i dette tilfellet, eviggjer den binære motsetninga av ”sjølv” motsett ”andre” og ”oss” motsett ”dei” (s.223).

Roy (2008) hevda at på grunn av globaliseringa som har blitt tydelegare dei siste åra, har det vore viktig for barn å lære om menneske frå andre plassar og korleis dei lever (s.2). Då alle atlas som mitt materiale består av framstiller India gjennom kva som skiljar India frå andre land, lærer dei barnelesaren om menneske frå andre plassar og korleis dei lever. Dei lærer også barnelesaren å sjå kva som skiljar India frå ”oss” og ”andre” land. Å sitje med ei makt som går ut på å tileigne andre menneske eigenskaper dei kanskje ikkje fortrulege med sjølv, kan vere problematisk dersom barnelesaren til dømes er frå India sjølv. Samanliknar denne lesaren ”si” framstilling med til dømes korleis USA blir framstilt kan dette bidra til å skape ei kjensle av undertrykking eller det kan vere med på å forsterke ”sjølvopppyllande profetiar” som Eriken og Sajjad (2015, s. 57) peika på. Dette kan bidra til at lesaren får ei kjensle av å ikkje kunne ha andre arbeid enn tenesteytande arbeid som atlas frå materialet mitt hevdar er dei vanlegaste yrka i India. Når slike dømer på arbeid som i *Kart for oppdagere og eventyrlystne* der det er store skilnader mellom yrka som blir framstilt, kan dette bidra til å skape grenser mellom kulturar, noko som igjen kan skape etnisitet. Dette er problematisk då ein konsekvens av etnisitet kan vere at det blir noko som er mellom ulike grupper og kan skape kulturkonflikt, diskriminering og, i verste tilfelle, rasisme (Eriksen & Sajjad, 2015, s. 55). På grunn av globaliseringa verda står overfor i dagens samfunn er det dermed viktig å bryte ned slike førestillingar og fordommar.

Barthes (2002) hevda at menneske sine forskjellar ofte blir sett i fokus gjennom framstillingar

av det eksotiske, understrekingar av arten sine variasjonar og ulikheiter i hudfarge, seder og skikkar, men at over alt blir menneske født, arbeider, ler og døyr på same måte (s. 256). Ein kan dermed stille spørsmål til kvifor framstillingane av menneska i atlas frå mitt materiale er prega av det som skiljar menneska frå kvarandre. Eriksen & Sajjad (2015) peiker på at sosial identitet blir skapa gjennom kontrastar til dei som står utanfor ei gruppe. Er det dermed slik at ein barnelesar frå til dømes USA forsterkar sin identitet ved å lære at i USA kan ein arbeide i FBI, men i India plukkar ein teblad, er palassvakt eller driver med jordbruk? Det er derimot nyttig at barn lærer om andre kulturar og får forståing for at menneske har ulike normer og levesett, men kanskje det kunne vore nyttig og også ha eit fokus på det som Barthes (2002) såg i fotoutstillinga, ”Menneskenes store familie”, at alle menneske har noko til felles, og sjølv om ein kjem frå andre land og kulturar vil dette alltid ligge til grunn.

Dersom ein skal seie noko om korleis bileta av menneska i atlas, gjennom yrker og aktivitetar, i framstillingane av India fremjar stereotypiar som eksisterer om indarar, må ein også undersøke korleis menneska blir framstilt gjennom illustrasjonar, bilete og tekst og om dei gjennom dette fremjar ein sanningsverdi. Dersom ein skal undersøke dette er det viktig å ha i minne det som Løvland (2014) peika på, at verken språk eller bilete kan eintydig informere lesaren om verkelegheita, men det vil alltid vere noko form for verkelegheit som blir formidla gjennom ulike modalitetar (s. 2). Viss ein ser nærmare på bileta av kvinner som plukker teblad i *Kart for oppdagere og eventyrlystne* og *Jorden rundt*, palassvakten i *Barnas verdensatlas* og krydderseljaren i *Mitt første Atlas* er dette ein illustrasjonar eller fotografi som visualiserer ulike arbeid i India. Ifølgje Kress & van Leeuwen (1996) kan visualisering representere menneske og plassar som om dei eksisterer i verkelegheita og at faktisk *er* slik som dei er illustrert. Modaliteten i ein illustrasjon blir avgjort utifrå kva den sosiale gruppa vurderer som realistisk, sant eller heilag (s. 161). Dersom den sosiale gruppa til barnelesaren av eit av atlas frå mitt materiale har ei førestilling om at det er vanleg at indarar utfører tenesteytande arbeid, kan slike illustrasjonar bli svært realistisk for barnelesaren. Dette kan også bidra til å forsterke den stereotypiske førestillinga som Ramasubramanian (2005) hevdar eksisterer om indarar i filmar produsert i India, at indarar ofte utfører tenesteytande arbeid. Har eit barn sett slike filmar som Ramasubramanian (2005) viser til i si undersøking kan dette føre til stereotypiske førestillingar om yrker som er vanlege i India. Dette kan igjen bli bekrefte dersom barnet lesar eit av atlas frå materialet mitt og ser dei same yrkene som i filmar om indarar i Vesten.

4.4 Kultur og religion

Under kategorien Kultur og religion vel eg å plassere mellom anna palass og tempel, noko som blir representert i alle framstillingane av India i dette materialet. Taj Mahal er eit av tempela som ein kan finne i alle atlas frå dette materialet. Tempeldansarar er også noko som går igjen i fleire av framstillingane og sjølv om eg har diskutert dansarar i framstillingane tidlegare vil det vere naturleg å plassere tempeldansarar under denne kategorien då dei har samanheng med religion. I religiøse framstillingar vises til dømes statuar, elva Ganges og personar som er forbunden med religion. *Kart for oppdagere og eventyrlystne*, *Jorden rundt* og *Barnas verdensatlas* har alle framstillingar av den heilage elva Ganges, der dei illustrerer gjennom fotografi og illustrasjonar korleis menneska badar i elva for å vaske vekk syndene sine.

4.4.1 Tempel og palass

Burney (2012, s.87) hevdar at i framstillingar av austlege land blir dei ofte ”eksotifiserte”, altså at framstillinga av landet beskriv det som svært eksotisk og at det blir lagt vekt på nokre moment som kan forsterke denne førestillinga. Denne eksotiske framstillinga som ofte blir presentert i litteraturen kan vere ein forsterkar til at landet blir framandgjort. Det eksotiske kjem fram når naturen, dyra, bygningane eller religionen er annleis frå den som ein sjølv er vane med. Når noko er framandt kan det også vere naturleg å bruke omgrepet om at noko er mystisk, noko som ikkje kan forklarast. Burney (2012) hevdar India blir tvungen inn i ei endelaus og mystisk kolonial fortid (s. 87). I denne mystiske og endelaus koloniale fortida kan ein sjå for seg eit land som framleis ikkje klarar seg på eiga hand og eit land som bær preg av noko framandt. I eit slikt land herjar ein kultur som dei frå Vesten ikkje kan kjenne seg att i. I mellom anna *Jorden rundt* er biletet av Taj Mahal svært dominerande. Overskrifta til faktaboksen om Taj Mahal har også fått ei større og meir utheva skrift enn dei andre faktaboksane. Ifølgje Burney (2012, s. 87) er det festningar og palass som blir representerte i

orientalske mytologiar og landskapa er ofte ”tømt” for folk som ”eig” landet. Dette gjeld også for *Jorden rundt*. Dei få menneska som er representerte på desse sidene er enten kledd ut som dansarar eller som eit folkehav som vaskar vekk syndene sine. Burney har i si analyse teke føre seg reiseskildringa *Walls of India* (2012, s. 87). Skildringa av folkehav er altså noko som går igjen i fleire framstillingar.

Taj Mahal og dei andre tempela og palassa som blir framstilt i atlasa frå materialet kan sjåast på som eit slags symbol på at India blir framstilt som eit land frå ei anna tid. Taj Mahal blei, ifølgje *Jorden rundt* bygd for om lag 300 år sidan og er i somme av atlasa den einaste bygningen som er representert. Roy (2008) peika på at folkeforteljningane frå hennar analyse står fram som tidlause og skildringar av korleis indarar leverer i dag er svært avgrensa (s. 7). Nyare bygningar i India er ikkje å finne i nokon av atlasa frå dette materialet. Historie er ein viktig del av kultur og det er dermed naturleg at ein finn historiske innslag i framstillingar av land, men det er likevel merkverdig at ein ikkje finn nokon framstillingar som kan minne om den store utviklinga India har hatt dei siste åra, som eg vil gå nærmare innpå i neste avsnitt.


I *Jorden rundt* si framstilling av India manglar det framstillingar av menneske som lev i urbane settingar. Med urbane settingar meiner eg menneske som til dømes lever i byar, går på café eller McDonalds, shoppar eller går på museum. Overvekt er dei siste åra blitt eit folkeproblem i India og fast-food kjedar som McDonalds, har ifølgje Sahl (2015) dukka opp på fleire gatehjørne i India. Sahl (2015) peiker også på at fast-food- mat for indarar noko som er blitt svært populært og blitt ein del av mange indarar sin kultur levestil. Dette er også noko India har til felles med land i mellom anna Amerika og Europa, dei er altså ein del av eit felles verdsproblem, som ofte er i fokus både i skulesamanheng og i media. Overvekt er noko som bør setjast agendaen i lærdomen til barn frå både Austen og Vesten, men dette er ein av fleire problemstillingar som er aktuelle i verda som ikkje blir teke opp. Fabian i Burney (2012) hevda at ”dei andre” er nekta privilegia som å eksistere i moderne tid. Framstillingar av Austen er ofte prega av den antikke tida og fortida, utan referansar til den moderne tid. India blir altså i dette tilfellet ekskludert frå eit felles-problem verda står overfor.

Som eg har nemna tidlegare bær framstillinga i *Mitt første Atlas* preg av fattigdom i illustrasjonen av landsbyen i India. Dette er sjølvsagt tilfellet for mange menneske i India,

men atlaset manglar likevel framstillinga av det urbane folket i India då dei utgjer ein stor del av befolkninga. Framstillinga strider også imot dei store helseproblema India møter i dagens samfunn. Framstillinga ein ser i *Mitt første Atlas* er meir prega av det Roy (2008) peika på sine analyser av folkeforteljingar om India, der fattigdom og gir eit bilete av India som eit land som manglar økonomisk velstand og i framstillinga dette atlaset kan ein trekke fram det Roy (2008) hevda prega bøkene i analysen hennar, at dei fattige menneska var strategisk plassert for å fremje og skape kontrastar mellom livsstilen til menneska i USA og India (s. 6). Dersom atlasa frå mitt materiale hadde hatt fokus på at det også er til dømes McDonalds i India, hadde dette blitt eit fellestrekk mellom eit vestleg og eit austlege land, noko ein til dels ser lite av i framstillingane av India i atlasa.

I *Mitt første Atlas* er representasjonen av tempel og palass større enn i *Jorden rundt*. Taj Mahal er vist med fotografi og verbaltekst i ein eigen spalte utanfor kartet, medan Lingaraja tempelet og Chepauk palasset er plassert på kartet. I teksten om Taj Mahal står det om tempelet si opprinnelse, om den indiske keisaren som bygde tempelet som ein gravplass for kona hans. Endå ein gong blir India tvungen inn i den antikke tida som heimsøker representasjonane av Austen, utan referansar til moderniteten (Fabian, 1983 i Burney, 2012, s. 87). Palass og tempel er ein del av India si historiske fortid og er viktig å ha med for heilheita, men mangfaldet forsvinn i representasjonen då India består av så mykje meir.

Bakgrunnen i biletet av landsbyen i *Mitt første Atlas* er svært detaljert og viss ein ser på det Kress & van Leeuwen (1996) skriv om "The ideal" og "The real" er det korleis informasjonen i biletet er plassert som er avgjerande for kor stor og kva verdi den har (s. 196). I *Mitt første Atlas* er eit bilete av Taj Mahal plassert øverst på sida, over kartet over India, medan biletet av landsbyen er plassert parallelt under Taj Mahal og under kartet over India. Dersom ein skal forstå plasseringa av bileta utifrå "The real" og "The ideal", er biletet av Taj Mahal det ideale og ein generalisert essens av informasjonen og det som tilsynelatande er framtrekande. Ein kan utifrå dette tolke at Taj Mahal er biletet på noko som hadde vore ideelt, medan biletet av landsbyen "The real", er biletet av korleis det eigentleg er. Taj Mahal er jo nesten som ein motsetnad av kva som er jordnært, det er ein representasjon på eit ynskje, eller ein draum, medan landsbyen er realiteten, det som er ekte for mange menneske i India. Atlaset viser på denne måten dei to ytterpunkta i India: fattigdom og rikdom. Menneska og andre element som eksisterer mellom desse ytterpunkta er ikkje representerte.



Taj Mahal
Taj Mahal er
vakkert marn
tempel, utsmj
med edle stene
indisk keiser fi
bygd som grav
for sin kone. It
Mahal ligger i
i India.

Figur 12: "The Ideal" *Mitt første Atlas* (1995, Boyle).



I India bor mange
mennesker i små landsbyer,
som er omgitt av dyrket mark.
Her dyrker de mat til seg selv, og
noe selges også på markedsplassen.
Hvilke husdyr tror du de holder?

Figur 13: "The Real" *Mitt første Atlas* (Boyle, 1995).

Dersom ein knyter Taj Mahal og ein indisk landsby opp mot kvarandre kan ein tenke seg at begge desse to er ytterpunkta i indisk kultur. Taj Mahal blir eit bilete på det som Said (i Burney, 2012) trakk fram, at europeiske framstillingar av Orienten ofte er av romantikk, noko som Taj Mahal er eit symbol på. Landsbyen blir derimot eit bilete av det som Roy (2008) peika på i hennar analyse, at menneska lever i eitt av naturen. Dette blir som sagt skrive i teksten til biletet av landsbyen der det står at: "I India bor mange mennesker i små landsbyer som er omgitt av dyrket mark. Her dyrker de mat til seg selv, og noe selges også på markedsplassen." (1995).

4.4.2 Religiøse dansarar i framstillingane av India

I alle atlasa frå mitt materiale finn ein minst eit element som representerer religiøse handlingar, tradisjonar eller symbol. Nokre gonger blir desse religiøse tradisjonane eller symbola gitt ei djupare forklaring med tekst ved sida av, andre gonger blir desse elementa vist med bilete eller illustrasjonar av til dømes dansarar i religiøse samanhengar, statuar eller rituale.

I *Kart for oppdagere og eventyrlystne* finn ein også illustrasjonar av ”hindu-dansarar”. Det blir ikkje forklart kva ein ”hindu-dansar” er, men sidan det heiter hindu-dansar har dei truleg samanheng med religionen hinduisme. Slike merknadar som blir teke utifrå eit spesielt augneblikk peiker også Morley (2011) på, då artiklane i hennar undersøking har lite fokus på kvifor dei ulike rituala blir utført eller kva dei betyr for dei som praktiserer dei. Då hindu-dansarane i *Kart for oppdagere og eventyrlystne* er framstilt gjennom kvinner, kan dette medføre at ein barnelesar vil trekke slutning om at alle kvinner som trur på hinduismen er dansarar. Då tradisjonar eller ritual som dans innanfor hinduismen ikkje blir forklart kva meining dei gir for hinduar, noko som ifølgje Morley (2011) er grunnleggjande kunnskap for å kunne forstå hinduismen (s. 106), bidreg ikkje ”hindu-dansarane” til at barnelesaren lærer meir om hinduismen. Det blir heller fremja stereotypiar som at ”indarar er flinke å danse”. Igjen kan ein trekke fram at det er Vesten som definerer korleis Austen skal bli framstilt for barn i mellom anna Europa. Dersom ein hinduist eller ein indar skulle definere eit viktig element frå hinduismen, ville det kanskje ikkje vore ”hindu-dansarar” som hadde vore det viktigaste elementet i ei slik framstilling.

I samband med framstillinga av ”hindu-dansarar” i *Kart for oppdagere og eventyrlystne* kan det vere problematisk at forlaga bruker for lite av dei modalitetsmarkørane ein finn i tekst og bilete, som er med på å vise lesaren at det *kan* vere slik, men at det ikkje nødvendigvis alltid er slik som det blir framstilt. Grunnen til at dette kan vere problematisk er at dersom atlasa framstiller stereotypiske bilete av India, som til dømes at i India er dei flinke å danse, vil kanskje lesaren førestille seg at det er slik det er, og tru at alle i India er flinke til nettopp det. Bruker dei modale hjelpeverb ved å skrive ”I India *kan* det vere flinke dansarar”, vil ikkje påstanden bli så bastant. I dømet frå om ”hindu-dansarar” frå *Kart for oppdagere og*

eventyrlystne kunne slike modalitetsmarkørar bidrege til å svekke ei stereotypisk førestilling om at alle kvinner som trur på hinduismen driver med dans. Til dømes kunne dei forklart "hindu-dansarane" med at "somme gonger er dans ein del av rituala som blir utført i hinduismen". Den eksisterande forklaringa "hindu-dansarar" kan gi inntrykk av at ein person *er* ein "hindu-dansar", at dette er identiteten til kvinner som driver med dans i religiøse samanhengar.

Illustrasjonen av "hindu-dansarane" bidreg til kommunikasjon gjennom visualisering som fører til ein samhandling mellom den har produsert biletet og den som ser det (Kress & van Leeuwen, 1996, s. 119). Hindu-dansarane blir dermed dei representative som kjem til syne i biletet medan dei interaktive blir dei som kommuniserer med kvarandre gjennom biletet, altså forlaget som kommuniserer med lesaren. "Hindu-dansarane" representerer ein del av det forlaga har avgjort at det er etterspurnad om i atlas for barn som framstiller India. Rao (2001, i Roy, 2008) forsterkar også denne påstanden då ho hevda at forlaga i USA krevja at bøker om India skulle innehalde ei viss mengde "exoticism" som "hindu-dansarane" er eit symbol på. Dans blir ofte forbunde med det sensuelle og estetiske og har gjennom lange tider blitt brukt til å forføre. Barry (2009) peiker også på at Austen blir sett på som ei fasinrande verd av det eksotiske, mystiske og forførande (s.187).



Figur 14: "Hindu-danser" Kart for oppdagere og eventyrlystne (2014, Mizielska & Mizielski)

4.4.3 Elva Ganges

Eit anna element blir framstilt i samband med hinduismen er elva Ganges, som eg har nemna tidlegare. Elva er framstilt i tre av atlasane frå mitt materiale. I *Jorden rundt* blir det forklart at elva Ganges er heilag for hinduane, *Kart for oppdagere og eventyrlystne* forklarar også ”bading i Ganges” med at den er heilag for hinduar og *Barnas verdensatlas* illustrerer to kvinner med teksten ”Vasking i Ganges”. Eit religiøst ritual som å ”vaske seg” i ei elv for å bli kvitt syndene sine, er i dei fleste tilfelle ein framand handling for menneske som ikkje er hinduar. Då dette er ei framand handling for til dømes ein norsk barnelesar, kan ein kalle denne framstillinga, av menneska som vaskar seg i elva Ganges, som ein eksotisk framstilling. For ein hinduist derimot vil kanskje ikkje dette ritualet virke som noko eksotisk, men noko som må gjennomførast for å kunne kalle seg ein hinduist, eller noko som gjerast for å kvitte seg med syndene sine.

Morley (2011) peika også på at eksotiske framstillingar av ritual innanfor hinduismen som har blitt omtala i norsk presse. Eksotiske menn og kvinner i fargerike drakter blir velsigna av presten som står på ei pynta trone. Morley (2011) hevda at slike framstillingar kan vere villeiande og tatt ut av samanheng då det som regel er korte augneblikk som kjem fram i beskrivingane som Morley (2009) viser til (s.105). Når slike framstillingar ikkje forklarar kvifor dei religiøse rituala blir praktisert eller kva dei betyr for dei som utfører dei blir det vanskeleg å forstå hinduismen. I *Barnas verdensatlas* står biletet av kvinner som vaskar seg i elva Ganges åleine utan noko forklaring til kvifor dei utfører denne handlinga eller at det noko med religion å gjere. I *Jorden rundt* blir det derimot forklart at pilegrimar reiser til Ganges for å vaske vekk sine synder og visualiserer dette med fotografi av eit folkehav med menneske som badar i elva. Biletet viser slik som Morley (2009) peika på, menn i bar overkropp og kvinner i fargerike klede (s. 105).


Dersom ein samanliknar dei to framstillingane av elva Ganges i *Barnas verdensatlas* og *Jorden rundt* kan lesaren av *Jorden rundt* få informasjon av om kvifor pilegrimar badar seg i Ganges. Kværne (2009) hevda at elva Ganges mellom anna brukt til å hente vatn i frå ved spesielle anledningar. Dette blir ikkje nemna i atlaset og ein barnelesar kan få inntrykk av at

dette er noko hinduar gjer ved samtlige anledningar, då barn ofte tek det som står skrive svært bokstaveleg. Derimot i *Barnas verdensatlas* er det naudsynt at nokon som har kunnskap om Ganges og det den står for forklarar barnelesaren kvifor kvinnene på biletet vaskar seg der. Som eg har nemna tidlegare hevda Tønnesson (2012) at dei som trur at språk og bilete har evna til å fortelje korleis verda eigentleg er har oversett ein tradisjon i vitskapen (s. 19). Ein kjem likevel ikkje vekk i frå at ein barnelesar vil ta det han/ho ser på eit bilete eller i ein illustrasjon bokstaveleg og når biletet ikkje forklarar eller gir meir informasjon om handlinga til kvinnene som vaskar seg i Ganges kan dette gi inntrykk av at det er ein vanleg handling blant kvinner i India. Nikolajeva & Scott (2001) peika på at barn sitt verdsbilete er svært avgrensa og består av det som er rundt dei og det dei ser akkurat her og no (s. 13).

Ser ein derimot nærmare på verbalteksten til biletet av elva Ganges, kan denne teksten bidra til å skape ein distanse til sanninga for lesaren. I denne teksten blir det skrive at ”Elva Ganges er hellig for hinduene. De tror at vannet i elva vasker bort syndene deres.” (2011). Forfattaren tek her avstand til at elva Ganges er heilag og peiker på at dette er noko ”dei” trur, ikkje han/ho som skriv teksten. Tønnesson (2012) peiker på at forholdet mellom språk og verkelegheit er for komplisert til at det som står skrive i teksten er direkte skrive om verkelegheita (s. 19). Dersom ein skal tolke det som står i teksten til Ganges-biletet, kan det virke som forfattaren eller forlaget sjølv ikkje trur at elva Ganges kan vaske vekk synder, og tek dermed avstand til om dette er verkelegheit eller ikkje. Tønnesson (2012) peiker også på at lesaren skal kunne stole på at forfattaren eller forlaget ikkje uttalar seg om nokon som veit betre faktiske forhold (s. 128). Dersom lesaren skulle fått kunnskap om elva Ganges og det den representerer kunne det kanskje vore nyttig å til dømes ha med eit intervju der nokon som trur at elva Ganges vaskar vekk synder fortel om kvifor ein trur på dette. Dermed kan lesaren velje sjølv om han/ho vel å tru på dette. I dette tilfellet blir det Vesten som definerer Austen, ”dei andre” og tileignar dei eigenskapar som dei tek avstand ifrå sjølv.



Figur 15: "Elva Ganges" *Jorden rundt* (2011, Ganeri. & Oxlade)



Figur 16: "Elva Ganges" *Barnas verdensatlas* (2000, Sale).

I likskap med *Jorden rundt* bruker også *Kart for oppdagere og eventyrlystne* same verkemiddel for å distansere seg frå hinduane si tru om at Ganges er ei heilag elv. Der illustrerer boka ei kvinne som badar i elva og skriv i verbalteksten: "Bader i Ganges, en hellig elv for hinduer". I verbaltekstane som *Jorden rundt* og *Kart for oppdagere og eventyrlystne* beskriv Ganges med gir forfattarane lesaren "hint", som Kress & van Leeuwen (1996) hevdar

er med på å avgjere modaliteten i denne informasjonen lesaren mottar. Kress & van Leeuwen (1996) hevdar at forfattarane kan formidle informasjonen dei kommuniserer på ein subjektiv måte. Når forfattarane eksplisitt bruker andre stemmer for å formidle noko kan dette gi teksten ein lågare modalitet (s. 160). Stemmene som forfattarane av *Jorden rundt* og *Kart for oppdagere og eventyrlystne* bruker er hinduane sine stemmer. Som eg nemna tidlegare kjem det fram gjennom teksten at det er dei som trur på dette, men denne trua gjeld ikkje dei som ikkje er hinduar. Ein finn også eit liknande døme, der forfattaren tek avstand frå handlinga der hinduar vaskar seg i elva Ganges. Som tidlegare nemnt skriv *Kart for oppdagere og eventyrlystne* at Ganges er ei heilag elv for hinduar. Dersom lesaren ikkje er hinduist sjølv blir det dermed naturleg at han/ho melder seg til same gruppe som forfattarane av atlasane når lesaren skal avgjere kva han/ho trur på i formidlinga om vasking i Ganges-elva.

4.4.4 Statuar

Framstillingar av religion kjem også fram ved illustrasjonar, bilete eller tekst av og om ulike gudar som er vanlege å tru på i hinduismen. I *Jorden rundt* finn anna bilete av elefantguden Ganesh, Dette er det einaste atlaset som har hindugudar i si framstilling. I verbalteksten til elefantguden Ganesh er det skrivi: ”Hinduer tilber mange guder. Statuer av Ganesh, elefantguden, er plassert nær inngangen til husene”. I denne teksten får lesaren ikkje informasjon om kven sine hus det er snakk om eller om dette er noko som gjeld for alle som trur på Hinduismen. Tønnesson (2012) bruker omgrepet *etterrettelighetsregimet* som vil seie at det må vere ei forutsetning for demokrati og fagelegheit. Lesaren skal kunne stole på den informasjonen forlaga eller forfattaren formidlar (s. 128). Vidare peiker Tønnesson (2012) på at forlaga må meine det som blir sagt og skal ikkje uttale seg om nokon som veit betre om faktiske forhold (s. 128). Når *Jorden rundt* skriv at statuar som Ganesh er plassert nær inngangen til husa, uttalar forlaget seg om ein sak truleg mange indarar veit meir om. Sjølv om teksten er skrivi om hinduismen kjem det heller ikkje tydeleg fram kven sine hus statuen er plassert framføre. Då oppslaget handlar om India og hinduismen, som er den einaste religionen som blir nemna, kan teksten formidle informasjonen som om at dette er noko som gjelder for alle indarar, eller alle hinduar.

Kress & van Leeuwen (1996) peiker på den analytiske prosessen som består av to delar. Ein *Carrier*, heilheita og *Possesive Attributes*, delane (s. 90). I tilfellet om statuen Ganesh blir

kartet over India heilheita (Carrier), medan Ganesh blir ein del av India (Possesive Attributes). Ganesh tileignar kartet over India ein eigenskapar. Då somme kart legg vekt på geografiske eigenskapar gjer dette kartet over India det motsette, dei legg vekta på sosiale og politiske avgrensingar. På grunn av dei ulike delane som kartet består av, der Ganesh er ein av desse delane, vil lesaren, ifølgje Kress & van Leeuwen (1996) trekke slutningar utifrå kva India blir representert med. Når kartet over India (Carrier) viser bilete av Ganesh (Possesive Attributes) er det blitt gjort avgrensingar av kva som skal representere India noko som igjen kan byggje opp under stereotypiske førestillingar.

I dette kapitlet har eg diskutert dei ulike kategoriane eg valte å analysere atlasane utifrå. I desse kategoriane har det vore naudsynt å dele dei opp i under-kategoriar for skape ei oversikt over dei ulike elementa ein finn innanfor dei ulike kategoriane. I analysen har eg funne fleire av dei elementa som det teoretiske grunnlaget for denne oppgåva hevdar kan sjåast stereotypiske og at desse elementa framstiller India som ein del av Orienten. Illustrasjonane, bileta og verbaltekst fremjar ei varierende truverdigheit i framstillingane ved ulik bruk av fargar, illustrasjonar, bilete og kva som blir lagt vekt på i verbalteksten og korleis den er formidla.

5. Oppsummering og avsluttande drøfting

Eg vil i dette kapitlet samle kategoriane eg har analysert utifrå for å trekke fram dei viktigaste elementa som viser kvar ein finn stereotypiar og diskutere om dei står fram som meir eller mindre truverdige. Eg vil også trekke fram det som eventuelt antyder at atlasa framstiller menneske som ein del av Orienten. Eg vil først presentere og summere opp det eg ser på som dei viktigaste funna i analysen, deretter grunngi kvifor dei funna kan svare på spørsmåla som ligg til grunn for denne oppgåva. Eg vil diskutere kva element som er gjennomgåande i atlasa og korleis dei har vore med på å påverke framstillinga av India. Atlasa presenterer fire ulike framstillingar, men det er likevel fleire element ein finn igjen i alle og dei forsterkar mine påstandar for denne oppgåva. I siste delkapittel vil eg gi nokre avsluttande kommentarar til dei funna som har kome fram gjennom atlasa og det eg som eg kjem fram til i denne oppsummerande drøftinga. Deretter vil eg reflektere over vegen vidare i forskning på atlas for barn- og unge.

5.1 Stereotypiar og sanningsverdi

India som eit land med vakker natur, ørken, landskap som strekker seg over heile landet og menneske og dyr som lever i fellesskap er stereotypiske førestillingar som har eksistert om India og indarar i lengre tid. Desse stereotypiane har tidlegare oppstått i anna litteratur for både barn og vaksne, i filmar eller er førestillingar som er etablerte i somme kulturar. Under kategorien "Natur og dyr" fant eg at i *Mitt første Atlas, Barnas verdensatlas, Kart for oppdagere og eventyrlystne* og *Jorden rundt* skildrar landskapet i India, på kartet, som om at landet er dekkja av grønne sletter og høge fjell. Dette var også noko Roy (2008) la vekt på i hennar analyse av folkeforteljingar om India. Der fant ho at naturen ofte overskygga andre aspekt av liv i India. Dyr som er spesielle for India og andre tropiske land er også noko som

blir lagt mykje vekt på og som ein finn i alle framstillingane. På alle karta over India finn ein minst eit dyr som ser ut til å leve i eitt med resten av omgivnadane som også er plassert på kartet. Desse funna stemmer også overeins med Roy (2008) sine observasjonar, der det også blei illustrert at dyr og menneske lever i same omgivningar.

Menneska som ein finn representert i atlasa deler også fleire fellestrekk med kvarandre. Menneske som driver med dans er framstilt i alle atlasa gjennom mystiske og eksotiske element. Dette bidreg til å oppretthalde førestillinga om at India er eit land av det mystiske og eksotiske. Elles finn ein menneske i landsbyar der dei ifølgje atlasa dyrkar sin eigen mat. I verbalteksten i *Barnas verdensatlas* legg forfattaren vekt på det store fattigdomsproblemet i India. Dette forsterkar Eriksen (2012) sine opplysningar om fattigdom i India, men gir også ei skildring av det Roy (2008) peika på: at India ofte blir eit bilete på manglande økonomisk velstand. Ein finn også menneske som driver med tenesteytande arbeid i alle atlasa, for eksempel ”palassvakt” og ”teblad-plukkarar”. Funnet av indarar som driv med tenesteytande arbeid fann også Ramasubramanian (2005) i hennar analyse av filmar frå Vesten som handla om menneske frå India. Atlasa som presenterer menneske i sine framstillingar gir ikkje lesaren moglegheit til å få ein personleg relasjon til barna, mødrene eller fedrane (Barry, 2009, s. 187) som blir presentert, menneska blir i staden for omtala om ”dansar” eller ”kvinne i Sari”. I *Kart for oppdagere som eventyrlystne* finn ein derimot illustrasjonar av barn med namna ”Aditi” og Raul”. På denne måten blir barna gitt ein identitet som kan skape ein relasjon til lesaren. Dersom fleire av atlasa hadde brukt liknande framstillingar kunne kanskje fordommar vore enklare å bryte ved at ein gir eit personleg band mellom lesaren og menneska frå, i dette tilfellet, India i staden for å presentere dei gjennom yrker, aktivitetar og landsbyar slik som dei tre andre atlasa gjer.

Under kategorien ”Kultur og religion” finn eg at Taj Mahal er illustrert eller vist med fotografi i alle framstillingane av India. Taj Mahal kan nærare sjåast som eit symbol på det manglande mangfaldet av, både korleis India eigentleg ser ut og kva bygningar ein finn der, men også mangfaldet av menneska sine liv forsvinn i desse framstillingane. Under same kategori har eg også valt å diskutere dans. Somme av dansarane i framstillingane er illustrert i samband med religion. Dansarar som ein finn i denne kategorien er mellom anna omtala som ”hindu-dansarar” eller ”Kathkalidansarar” eller ”Bharatnatyam-tempeldansar”. Når kvinnene blir omtala ”Hindu-dansar” gir dette lesaren informasjon om at ”kvinnelege hinduar dansar”.

På grunn av dei få modalitetsmarkørane som er til stades i denne teksten mister lesaren informasjon om at dans innanfor hinduismen *av og til* er ein del av deira tradisjonar. Eit anna religiøst ritual som ein finn innanfor hinduismen er framstilt i tre av dei fire atlasane. Elva Ganges blir ofte forbunde med hinduismen og somme gonger blir den kopla til eit ritual som er å ”vaske seg” i elva. Nokre av atlasane beskriv dette, men der det blir beskrive tar forfattaren avstand frå dette ritualet og formidlar det gjennom hinduane. Nokre av atlasane har berre eit bilete av menneske i Ganges, men forklarar ikkje kvifor. *Barnas verdensatlas* beskriv elva med teksten ”Vasking i Ganges” og to kvinner er illustrert i elva. Dette gir lesaren lite eller ingen kunnskap om kvifor kvinnene finn seg i Ganges.

Det som først og fremst er interessant med funna som kjem fram frå atlasane er at framstillingane er alle produsert i Vesten. India og indiarar har på denne måten blitt definert som land og menneske utan å kunne bruke si eiga stemme til å seie korleis dei ville definert sitt eige land og seg sjølv om menneske. Framstillingane blir på denne måten forenkla skildringar av kulturtrekk, som Eriksen & Sajjad (2015, s. 56) forklarar omgrepet stereotypi. Desse vestlege framstillingane har forenkla dei kulturtrekka som er forventet at skal eksistere blant indiarar. Ein forventar at India er eit land av det eksotiske då det er slike framstillingar ein møter. Ein forventar også eit vakkert landskap, eksotiske dyr og anten eit folkehav av menneske eller ingen menneske i det heile teke. Ein forventar framande handlingar, som å ”vaske seg” i elva Ganges for å bli kvitt sine synder og ein forventar tempel og palass. Ein får slike forventningar fordi det er slike framstillingar ein møter. Menneske i India som lever i urbane områder, eter på McDonalds, arbeider som ingeniør eller forretningsmann/kvinne og går i skjorte og dressbukse, er ikkje det ein forventar i møte med ei framstilling av India. Ein grunn til dette kan vere at ein blir møtt med slike framstillingar som beskriv India slik som eg har peika på i dette avsnittet. Materialet mitt er meint å vere til barn i barnehage- og skulealder. Når desse barna møter slike framstillingar vil det vere med på å danne deira inntrykk av India og indiarar.

Eg vil trekke fram atlaset *Kart for oppdagere og eventyrlystne* fordi det skiljar seg ut frå dei andre atlasane ved å ha mindre verbaltekst og bilete av for eksempel menneske eller dyra er teikningar slik som ein kan kjenne dei frå teikneserie-sjangeren. Teikningane ser mindre realistiske ut enn eit fotografi eller ein illustrasjon som teiknar noko akkurat slik det ser ut. Men slike illustrasjonar har ofte ein tendens til å overdrive og framheve stereotypiske

førestillingar. Barnelesaren er truleg klar over at denne boka skal formidle sanning og fakta, men boka bruker ein meir humoristisk formidlingsmåte enn dei andre atlasane frå materialet. Både menneske og dyra i *Kart for oppdagere og eventyrlystne* blir teikna med store hovud og liten kropp. Denne ”stilen” er gjennomgåande for alle framstillingane av land i atlasen. Mjør (2015) hevda at illustrasjonar fjernar seg frå realismen ved å konstruere med ein tydeleg fiksjonskarakter og at sakprosa ofte bruker fotografi og/eller realistiske teikningar (s.49) slik som dei andre atlasane i materialet gjer. Namnet *Kart for oppdagere og eventyrlystne* indikerer at boka skal ta lesaren med seg ut på ei eventyrleg reise og illustrasjonane forsterkar denne kjensla av noko eventyrleg. Men sidan lesaren truleg er klar over at det som blir formidla i boka er fakta, blir nødvendigvis ikkje signalet om sanning svakare i informasjonen til bileta. Sjangeren er ein stor del av det som avgjer signalet om sanning (Mjør, 2015, s. 49). Derimot kan teikningane bidra til at lesaren får ei kjensle av avstand frå det realistiske og dermed få ei lågare truverdigheit til desse framstillingane.

Stereotypiar kan blir framstilt uvilkårleg om sanningsverdien er låg eller høg. Det er truverdigheita som avgjer korleis stereotypiane blir oppfatta av lesaren. Ein kan aldri forvente at slike atlas som mitt materiale består av skal kunne formidle ei fullverdig sanning om ein sak, som i dette tilfellet blir eit land, men ein kan likevel stille seg kritisk til kvifor dei har valt å framstille India slik som materialet viser. Lesaren må likevel avgjere utifrå dei ulike modalitetane kor mykje han/ho kan stole på informasjonen som blir motteke gjennom tekst og bilete. Ein finn ulike døme frå materialet som indikerer ein høg eller låg truverdigheit utifrå dei ulike modalitetsmarkørane. *Jorden rundt* bruker fotografi i framstilling av både menneske og dyr, slik som Mjør (2015) peiker på at kan bidra til ei høgare truverdigheit. Då atlasane frå materialet bruker visualisering i form av illustrasjon og fotografi representerer dei plassar og menneske som om dei eksisterer på den måten dei blir framstilt eller at dei ikkje gjer det (Kress & van Leeuwen, 1996, s. 161), slik som i *Kart for oppdagere og eventyrlystne*, der ein finn det som kan minnast om fiksjonskarakterar.

Då nokre former for visualisering bidreg til å forsterke ei framstilling sin sanningsverdi, forsterkar også visualiseringane dei stereotypiske førestillingane som blir presentert i materialet fordi dei blir meir truverdige. Slik som eg diskuterte i førre avsnitt er det avgjerande for truverdigheita at visualiseringa har ei form for realisme i seg (Mjør, 2015, s. 49). I analysekapitlet nemna eg illustrasjonar og fotografi av dyr. Desse er plassert rundt om

på karta saman med menneska og det ser ut som at dyr og menneske lever i same omgivnader ilag med kvarandre. I slike tilfelle vil det vere viktig at forlaga av atlas, eller ein vaksen som ser i atlas ilag med barnelesaren formidlar at sjølv om det som er på biletet og står i teksten truleg har ein sanning i seg, også formidlar at det er meir enn det ein ser i boka. Ein kan her trekke inn det Nikolajeva & Scott (2001) peika på, at yngre barn sitt verdsbilete er svært avgrensa og deira univers består berre av dei omgjevnadane som er rundt dei og det dei ser akkurat her og no (s.13).

Eg har i dette delkapitlet drøfta og trekt fram det eg ser på som dei viktigaste funna i analysen som kan svare på spørsmåla om atlas fremjar stereotypiske førestillingar og om desse førestillingane står fram som meir eller mindre truverdige

5.2 Menneska i India som ein del av Orienten

I dette delkapitlet vil eg drøfte korleis funna i analysen kan svare på spørsmålet om menneska i India blir framstilt som ein del av Orienten i atlas frå materialet. Dette kan sjåast i samanheng med stereotypiar som har oppstått om Orienten og menneske derifrå. Sidan stereotypiar gjerne oppstår innanfor ulike grupper om ”andre” er det naturleg at dette har ein samanheng. Orienten blir omtala som ei gruppe som finn seg utanfor Oksidenten, Vesten. Orienten er eit omgrep som blir nytta om Asia og Austen i forhold til geografi, moral og kultur (Said, 1994, s. 44). Orienten har i mange år vore ei undertrykt gruppe på grunn av kolonimaktene og stereotypiar har oppstått. Barry (2009) hevda også at menneske i Austen blei kategoriserte som homogene grupper der menneska blir anonyme og folkemassane skugga over enkeltindivid og deira handlingar (s. 187). I mitt materiale blir dei kulturelle, intellektuelle og økonomiske grensene mellom Orienten og Oksidenten tydeleggjort gjennom dei stereotypiane som blir framstilt i mitt materiale.

Gjennom ei postkolonial lesing av atlas kan ein sjå kva haldningar om Orienten som ligg til grunn i vestlege land. Haldningar til ”dei andre” finn ein mellom i framstillingane av menneske med ikkje-vestleg bakgrunn. Desse haldningane kjem til uttrykk i litteratur som er skapa i Vesten (Claudi, 2013, s.190). Førestillingar som at menneske i India til dømes er

dansarar, tempelvakt eller bønder kjem til uttrykk i alle atlasa frå materialet. Dette er ikkje negative førestillingar, men menneska blir sett i kategoriar, som også Barry (2009) peika på: at menneske frå Austen ofte blir sett i ei homogen gruppe og blir på denne måten forenkla førestillingar. Innanfor postkolonial teori forsøker ein å finne ut korleis vestleg dominans over ”andre” blir vidareført etter koloniane si frigjering (Claudi, 2013, s. 190-191). Ein kan sjå at den vestlege dominansen framleis heng igjen når dei vestlege forlaga av atlasa definerer indarar slik som atlasa viser. Ei heil ”gruppe” menneske, dei som lever i urbane settingar, er ekskludert frå alle framstillingane og det er tydeleg kva bilete av India Vesten sit med når framstillingane i materialet deler fleire fellestrekk. Funna i atlasa illustrerer eit verdsbilete der Europa og Vesten blir sett på sentrum i intellektuell, kulturell og økonomisk forstand (Claudi, 2013, s. 191). I samband med det intellektuelle fant eg ingen akademikarar representert i India. I *Kart for oppdagere og eventyrlystne* blir det framstilt minst ein kjend person i alle landa i verda. I til dømes Storbritannia var det fleire og då særleg akademikarar. I India fann eg ein, Gandhi, som er eit positivt bilete av menneske som er ifrå India, men det er likevel merkverdig at ein ikkje kan finne fleire kjende personar og då særleg akademikarar derifrå.

I samband med at Europa blir sett på som eit intellektuelt sentrum fant eg også at Sverige blei framstilt med eit stort sjakkbrett. Sjakk er forbunde med intellekt (Moe, 2014) og det store sjakkbrettet som er illustrert på kartet til Sverige kan sjåast som eit symbol på dette. I India, som har fleire store sjakkspelarar finn ein ingen bilete eller symbol på element som kan bli forbunde med intellekt.

I *Barnas verdensatlas* kan ein finne døme på Vesten som eit økonomisk sentrum då dei på oppslaget om USA omtalar New York som ein av verdas leiande byar innan handel, industri og kultur. Dei naudsynte grensene som Claudi (2013) hevdar må eksistere for at skiljet mellom ”oss” og ”dei” (s. 194) skal vere meiningsfult oppfyller på denne måten krava for at ”dei” som i dette tilfellet blir India finn seg utanfor grensa. Då atlasa ikkje nemner noko om at India har hatt mykje framgang og utvikling dei siste åra, særleg i samband med økonomisk vekst og auka industri, blir dei framleis sett på som det Claudi (2013) omtalar som ein slags utkant. Som Fabian (1983, i Burney, s. 87) også hevda prega framstillingar av ”dei andre”, var dei blei nekta å ta del i den moderne tida vi i dag lever i.

Eg har tidelegare peika på at landskapet i India er dekkja med grønt eller brunt i alle atlasa.

Namna på dei største byane står skrive, men ein finn ingen illustrasjonar, bilete eller teikn på at det er ein by med eit folkeliv der. På karta i atlasane der namnet på dei største byane er skrive ser ein anten skog, grønne sletter eller ein bygning som er eit tempel eller eit palass. Ein barnelesar vil truleg ikkje assosiere dette med det dei kjenner som ein storby. New Delhi og Mumbai er to av dei byane i heile verda med flest menneske og folkelivet vil vere deretter. Skildringane i atlasane formidlar ikkje dette, men New York blir derimot omtala som ein by med høge bygningar og gater som er fulle av menneske og bilar. Byane i India blir ikkje omtala og skildringar av slik dei eigentleg ser ut eksisterer ikkje i nokon av atlasane.

Eit element ein finn igjen fleire plassar i atlasane er fattigdom. Dette er noko som blir illustrert og omtala fleire gonger i materialet. Nokre gonger meir innpakka enn andre ved at atlasane ikkje direkte bruker ordet ”fattig”. Det som likevel blir representert vil kanskje ein barnelesar forbinde med fattigdom dersom dei har høyrd eller lest om det. Det er naturleg at fattigdom er ein del av framstillinga då det er eit stort problem blant svært mange menneske i India. I land som USA er fattigdom eit mindre synleg problem, spesielt for resten av verda. Fattigdom i USA eksisterer i større grad enn kva barna som lesar atlasane kanskje er klar over. Dette er ein stor utfordring blant mange, men ein finn sjeldan eller aldri beskrivingar av USA som eit utviklingsland sjølv om svært mange lever under fattigdomsgrensa og det er store forskjellar mellom fattige og rike. Materialet syner ikkje dette problemet i USA i nokon grad. India blir i atlasane, skildra som at dei dyrkar mat til seg sjølve, bærer krukke på hovudet for å hente vatn og, ifølgje *Barnas verdensatlas* bur fire-femdelar av befolkninga i Sør-Asia i små landsbyar og beskriv den ”...enormt store befolkningen der mange er svært fattige”. Tala som *Barnas verdensatlas* viser til gjeld ikkje berre for India, men også dei landa som er rundt. Ein kan stille spørsmål til kor resten av befolkninga finn seg. Bøndene som truleg utgjer ein del av befolkninga som lever i landsbyar er nemna fleire plassar med at dei håpar på regn slik at avlingane ikkje blir øydelagt. Atlasane bidreg til å definere India utifrå mangelen på økonomisk velstand, slik som Roy (2008) hevda. Materialet bidreg dermed til å skape kontrastar mellom land og beskriv på ein innpakka måte kor ulikskapane mellom ulike kulturar og levemåtar finn stad. Dersom atlasane hadde hatt eit større fokus på fellesnemningar mellom særleg menneske hadde kanskje ikkje grensene mellom ulike kulturar vore så tydelege og fordommar enklare å bryte.

I funna som analysen viser har Austen, nærmare bestemt India, blitt plassert i eit geografisk

område, noko som er naturleg då det er altas denne oppgåva diskuterer. Landskapa har blitt illustrert som mellom anna grønne sletter, ørken og høge fjell. Indarane har blitt tileigna moralske og kulturelle eigenskapar. Moralske eigenskapar har dei blitt tileigna ved til dømes at ”dei” som er hinduar trur at elva Ganges er heilag, slik som *Kart for oppdagere og eventyrlystne* beskriv den. Kulturelle eigenskapar har indarar i atlasa blitt tileigna ved til dømes at ”mange indere” likar dans slik *Jorden rundt* beskriv ”mange” indarar. Sidan forlaga frå vestlege land er dei som definerer India og indarar er det deira haldningar, oppfatningar og førestillingar om India som kjem til syne i framstillingane. Kunnskapen barnelesaren får gjennom å lese om India i atlas for barn blir dermed den kunnskapen Vesten har om ”dei andre” og ikkje korleis ”dei” oppfattar seg sjølve.

Avslutningsvis til dette delkapitlet vil eg peike at ein finn sanningsverdi i alle framstillingane, då ein ikkje kan slå fast at det dei framstiller ikkje er sant. Truverdigheita kan derimot variere utifrå kva atlas ein les i. Atlaset *Jorden rundt* og *Kart for oppdagere og eventyrlystne* brukar modalitetsmarkørar ved at til dømes forfattaren tar avstand frå informasjonen som blir formidla og truverdigheita lesaren får til informasjonen blir på denne måten svekka, men formidla gjennom ”dei andre” ved at påstanden blir ”deira” og ikkje ”vår”. Som Tønnesson (2012) peika på, at dersom lesaren skal kunne stole på informasjonen han/ho mottar må forlaga meine det som blir sagt og ikkje uttale seg om nokon som veit betre om faktiske forhold (s. 128). Ein kan dermed stille spørsmål til om forlaga uttalar seg om noko *dei* trur er sant og byggjer på *deira* førestillingar. Truverdigheita i bileta i *Jorden rundt*, *Barnas verdensatlas* og *Mitt første atlas* er på ei anna side svært realistiske og aukar på denne måten til det som blir framstilt gjennom bilete. Men når verbalteksten tar avstand frå det som bilete viser går det imot sin hensikt. Dette er på ei anna side ei eingongshendig i to av atlasa og ein mister ikkje truverdigheita til heile framstillinga, men til det ritualet som blir framstilt.

I dei visuelle framstillingane blir truverdigheita avgjort utifrå kva type bilete atlasa bruker i framstillingane. *Kart for oppdagere og eventyrlystne* bruker mindre realistiske illustrasjonar som kan bidra til å distansere framstillinga frå verkelegheita. Illustrasjonar med tydeleg fiksjonskarakterar kan fjerne seg frå det realistiske (Mjør, 2015, s. 49). Det bidreg nødvendigvis ikkje til at framstillinga har ein lågare sanningsverdi, då sjangeren er det viktigaste signalet for sanning (Mjør, 2015, s. 49). Men modaliteten i illustrasjonane blir svekka og lesaren kan dermed få ei lågare truverdigheit til framstillinga av India i dette

atlasen. I dei tre andre atlasane frå materialet blir det brukt bilete eller illustrasjonar som samsvarar med sakprosa-sjangeren. Dei bruker fotografi eller presise og realistiske teikningar som Mjør (2015) hevdar bidreg til eit samspel mellom det verbale og visuelle (s. 50). Dette bidreg også til at lesaren får tillit til det som står i teksten (Kress & van Leeuwen, 1996, i Løvland, 2014, s. 4). Dette kan også bidra til at lesaren får auka tillit til at stereotypiane som er framstilt eksisterer om menneska som står fram som ein del av Orienten i framstillingane av India i atlasane.

5.3 Avslutning

Innleiingsvis til denne oppgåva viste eg til eit av kompetanemåla etter sjuande årssteg: "...elevane skal kunne lese tekstar om menneske som lever under ulike vilkår, og drøfte kvifor dei tenkjer, handlar og opplever hendingar ulikt" (kunnskapsdepartementet, 2013). I lesing av atlasane frå materialet lærer ein ikkje berre om kva forhold menneske i andre land lever under eller korleis desse forholda kan påverke handlingar og tenkemåtar. Ein lærer om kva førestillingar som eksisterer om dei ulike landa rundt i verda og kva som er forventa at barn skal informerast om i læring av andre land, kulturar og menneske. Sidan fire atlas frå ulike årstal deler fleire fellesnemnarar i kva dei legg vekt på i deira framstillingar er det tydeleg at det er visse element som det er forventa at skal vere til stades i slike framstillingar av, i dette tilfellet, India.

Vestlege førestillingar og oppfatningar av "oss" og "dei andre" er eit like dagsaktuelt tema i dagens samfunn som i 1978 når Said skreiv den banebrytande boka *Orientalismen. Vestlige oppfatningar av Orienten*. Å oppleve andre kulturar er blitt ein viktig del av livet til dei fleste. Uansett kva land ein finn seg i vil ein oppleve å kome i møte med menneske med andre kulturar. Positive haldningar er dermed ein viktig del av korleis barn vil oppleve dette møtet. Atlas som framstiller land kan denne måten bidra til å påverke kva haldningar barn får i eit slikt møte.

Som eg har nemna fleire gonger er atlasane frå materialet produsert i Vesten. Korleis Vesten oppfattar seg sjølve og Austen kjem til syne i framstillingane i atlasane og tittelen på boka til

Said er dermed svært aktuell då det er mellom anna vestlege oppfatningar av Austen som blir presentert i desse bøkene. Sitatet av Akerman (2012, s. 1) peiker også på det menneskelege behovet menneske har for å sjå seg sjølv i sentrum. Atlasa har plassert India på kartet og tileigna landet og menneska der eigenskapar. Menneska har gjennom ulike element blitt sett i ulike grupper ved å forenkla kulturtrekk. Denne oppgåva har undersøkt og diskutert i kva grad stereotypiske førestillingar blir fremja i framstillingane av India i atlas for barn-og unge, om India blir framstilt som ein del av Orienten og i kva grad bilete og verbaltekst fremjar ein fagleg sanningsverdi.

For å svare på problemstillinga til denne oppgåva viser funna i analysen at stereotypiske førestillingar kjem til syne i framstillingane av India. Dette kan eg grunngi utifrå tidelegare forskning som har undersøkt liknande tema, der India har blitt framstilt ved bruk av stereotypiar. Til dømes finn eg at materialet mellom anna beskriv India slik som Eriksen & Sajjad (2015) definerer omgrepet stereotypi: ei forenkla skildring av kulturtrekk som er forventa at eksisterer ved bestemte typar menneske, som verkar grensesetjande for dei (s. 56). Eit eksempel ein finn i atlasa som viser forenkla skildringar av kulturtrekk er at i *Barnas verdensatlas* er alle menna illustrert med turban. Dette kan bidra til å fremje illusjonar om at alle menn i India brukar dette hovudplagget og ein finn dermed ei stereotypisk førestilling om, i dette tilfellet, menn i India. Barry (2009) peika på menneske frå Austen ofte blir sett i kollektive grupper utan å gi lesaren moglegheit til å sjå ”dei” som eit individ. Menneska i atlasa blir i fleire tilfelle omtala utifrå kva yrke dei har og deira eigenskapar som eit enkeltindivid forsvinn på denne måten. Dette er eit eksempel på at menneska i atlasa blir framstilt som ein del av Orienten, då det er slik som dei har blitt framstilt Vesten oppfattar India som land og menneska som er derifrå.

Atlasa viser vestlege land si forståing av andre land og kulturar. Mitra (2009, i Ramasubramanian, 2005) peika på at vår oppfatning av andre kulturar og land i verda ofte er påverka av dei minna ein får gjennom mediert visuell informasjon (s.243). Oppfatningar og skildringar av ”dei andre” som er synleggjort i anna litteratur som forskning viser, kjenneteiknar dei funna eg har gjort i analysen av India i atlasa. I lys av dette og dei stereotypiske førestillingane eg meiner kjem til syne i materialet blir menneska framstilt som ein del av Orienten. Då det sterkaste signalet om sanning i desse framstillingane blir avgjort utifrå sjangeren som i dette tilfellet er sakposa kan ein slå fast at det er ein høg sanningsverdi i

bøkene, då eg ikkje kan argumentere mot at det som blir framstilt ikkje er sant. Framstillingane viser dei forenkla kulturtrekka av menneska som lever slik som framstillingane viser, men eg kan ikkje påstå at framstillingane ikkje viser sannheita, for korleis nokre menneske i India lever.

Ved desse funna som oppgåva syner kan ein likevel stille spørsmål til kva verkelegheit atlasa representerer då stereotypiar sjeldan er faktabaserte opplysningar, men forventa kulturtrekk. Modalitetsmarkørane som eg derimot har vist til gjennom oppgåva avgjer truverdigheita i framstillingane og om lesaren vel å stole på dei stereotypiske førestillingane og menneska som ein del av Orienten. Eg vil trekke fram at atlaset *Kart for oppdagere og eventyrlystne* skiljar seg frå dei andre atlasa frå materialet. Samstundes som menneska her også blir beskrive med yrker illustrerer dei også enkeltpersonar med namn som Aditi og Rahul. Dette kan bidra til å skape relasjonar mellom lesaren og menneska som blir framstilt i atlaset på denne måten. Sjølv om denne boka også presenterer fakta og er plassert innanfor sakprosa sjangeren kan ein få ei kjensle av fiksjon i møte med denne boka. Tittelen på boka indikerer noko eventyrleg når ein ”reiser” gjennom landa i boka og saman med illustrasjonane som fjernar seg frå det realistiske bevegar boka seg vekk frå normene som ein finn innanfor sakprosa sjangeren. Dei tre andre atlasa frå materialet held seg til sjangerens normer og skapar på denne måten ei høgare truverdigheit til det som blir framstilt.

I framstilling av andre land og kulturar vil det vere naudsynt å formidle eit meir nyansert bilete dei elementa eit land består av. Det vil seie at framstillingar bør informere om mangfaldet av levemåtar og ulike kulturar innanfor eit land. Framstillingane bør også formidle at landskapa vil variere utifrå kvar i landet ein finn seg for eksempel om ein på landsbygda eller i byen. Det er også naudsynt å understreke i framstillingar av andre land at uansett kor ein finn seg vil menneske med ulike hobbyar og yrker, klede og handlingar vere varierende. Å skape relasjonar mellom lesaren og menneske som blir framstilt kan også bidra til å bryte ned fordommar. Ser lesaren at menneska frå andre land som *menneske* i staden for ein yrkestittel vil det vere enklare for lesaren å få eit band til dei som blir framstilt.

5.4 Veggen vidare

Då ei masteroppgåve har visse avgrensingar for omfanget i undersøkinga er det fleire element som kunne vore interessant å undersøke vidare. Denne oppgåva har i hovudsak diskutert korleis India har blitt framstilt i atlas. Materialet har produsert framstillingar av alle verdsdelane og delt dei opp etter område. Eg har somme gonger sett på andre framstillingar for å forsterke dei poenga eg vil få fram. Men å samanlikne India med til dømes eit europeisk land kunne vore nyttig for å få eit bilete av korleis eit vestleg land framstiller og oppfattar seg sjølv i forhold til ”dei andre”.

Då denne oppgåva har hatt hovudvekta på India ville det også vore nyttig å setje lys på at det ikkje berre er India som blir framstilt ved forenkla kulturtrekk, som ein del av Orienten og med ei varierende truverdigheit til det som blir framstilt. Å samanlikne India med til dømes Japan, som ofte blir sett på som eit velstående land, men likevel høyrer til Austen og det som blir kalla Orienten ville vore interessant med tanke på å undersøke om desse to landa deler dei ”trekka” som Orienten har.

Eg vil avslutte denne oppgåva med å understreke at atlas for barn *kan* vere ein svært god og fin inngangsport for barn til å lære seg om kulturar, religionar, geografi og natur. Korleis atlas vel å formidle denne informasjonen vil bidra til at lesaren kan skape eit bilete av sitt eige land og andre land. Viktigheita med å formidle denne kunnskapen på ein nøytral og nyansert måte er dermed essensiell for korleis lesaren sine haldningar vil bli forma.

Primærlitteratur

- Boyle, B. (1995). *Mitt første Atlas*. Oslo: Aschehoug & Co.
- Ganeri, A. & Oxlade, C. (2011). *Jorden rundt*. Oslo: Cappelen Damm.
- Mizielinska, A. & Mizielinski, D., (2014) *Kart for oppdagere og eventyrlystne*. Oslo: Fontini Forlag.
- Sale, C. (Red.) (2000) *Barnas verdensatlas*. Oslo: Gyldendal Tiden.

Sekundærlitteratur

- Akerman, J.R. (ed). (2009). *The Imperial Map. Cartography and the Mastery of Empire*. Chicago: University of Chicago press.
- Barry, P. (2009). *Beginning theory: an introduction to literary and cultural theory*. Manchester: Manchester university press.
- Barthes, R. (2001). *artes. det lyse rommet. Tanker om fotografiet*. Oslo: Pax Forlag A/S.
- Barthes, R. (2002). *Mytologier*. Oslo: De norske Bokklubbene AS.
- Bryhn, R. (2015, 11.oktober). Sjakk. Henta frå: <https://snl.no/sjakk>
- Burney, S. (2012). *Pedagogy of the Other. Edward Said, Postcolonial Theory, and Strategies for Critique*. New York: Peter Lang.
- Castle, K. (1996). *Brittania's children. Reading colonialism through children's books and magazines*. New York & Manchester: Manchester university press.
- Claudi, M.B. (2013). *Litteraturteori*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Eriksen, T.H. & Sajjad, T.A. (2015). *Kulturforskjeller i praksis. Perspektiver på det flerkulturelle Norge*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Eriksen, T.L. (2012). *Fattig og rik i samme verden*. FN-Sambandet: Høgskolen i Oslo og Akershus. Henta frå: <http://www.fn.no/FN-informasjon/Rapporter/OEkonomisk-og-sosial-utvikling/Fattig-og-rik-i-samme-verden>
- Gundersen, D. (2009, 14.februar). Eksotisk. Henta frå: <https://snl.no/eksotisk>
- Iversen, S.H. (2010). *Ideologies of Childhood and Education in Monolingual English Children's Dictionaries 1750-1870*. University of Oxford.
- Kress, G. & van Leeuwen, T. (1996). *Reading Images The Grammar of Visual Design*. London & New York: Routledge.

- Kunnskapsdepartementet (2013). *Læreplan i samfunnsfag- kompetansemål (SAF1-03)*. Oslo: Utdanningsdirektoratet. Henta frå: <http://www.udir.no/kl06/SAF1-03/Kompetansemal?arst=372029323&kmsn=632498266>
- Kværne, P. (2009, 14.februar). Ganges-religiøs betydning. Henta frå: https://snl.no/Ganges/religiøs_betydning
- Kværne, P. (2009, 13.april). Mystikk. Henta frå: <https://snl.no/mystikk>
- Løvland, A. (2012). Når barn lese fagbøker. I Bjorvand, A-M. & E.S. Tønnessen (red.). *Den andre leseopplæringa*. Oslo: Universitetsforlaget. s. 81-202.
- Løvland, A. (2014). Bilete av verkelegheit. Illustrasjonenes bidrag til framstilling av verkelegheit i opplysnings-litteratur. *SAKPROSA, VOL 6 (3)*, 1-19. <https://www.journals.uio.no/index.php/sakprosa/search/search>
- Mallett, M. (2004). Children's information texts. I P. Hunt *International companion encyclopedia of children's literature*. New York: Routledge, vol 1. s. 622-631.
- Mikkelsen, M. (2011). "Jeg bruker folk som helt normale kilder og dropper hele etnograia": Erfaringer fra flerkulturelle journalister i Norge. I Eriksen, T.H. & Næss, H.E. (Red.), *Kulturell kompleksitet i det nye Norge (175-190)*. Oslo: Unipub.
- Moe, H.T. (2014). Sjakk: kan man ha høy IQ og sosial intelligens? *UIT. Norges Arktiske Univerisitet*. Henta frå: https://uit.no/nyheter/artikkel?p_document_id=381327
- Morley, K. (2011). "Gud er ikke bare i tempelet": Kroppsliggjøringens roller under den årlige tempelfestivalen ved hindutempelet Sivasubramanayar Alayam i Oslo. I Eriksen, T.H. & Næss, H.E. (Red.), *Kulturell kompleksitet i det nye Norge*. (s. 105-119). Oslo: Unipub.
- Mjør, I. (2015). Humor og alvor i bildeboka. Sanningsvurdering av ikonotekstar. *Edda, Vol.115*. S. 48-62.
- Nickelsen, T. (2012, 01.februar). *Sterkt voksende ulikheter i Kina og India*. Henta frå <https://www.apollon.uio.no/artikler/2010/kina-india-voksende-ulikheter.html>
- Nikolajeva, M. & Scott, C. (2001). *How Picturebooks Work*. New York: Routledge.
- Ochoa, P. (1996). Forum. After Empire II. The Historical Moments of Postcolonial Writing: Beyond Colonialism's Binary. *Tulsa Studies in Women's Literature*(Vol.15, No. 2), 221-229. Henta frå: <http://www.jstor.org/stable/464132>
- Ramasubramanian, S. (2005). A Content Analysis of the Potrayal of India in Films Produced in the West. *The Howard Journal of Communications*, 16: s. 243-265.
- Roy, S. (2008). A Critical Discourse Analysis of Representation of Asian Indian Folk Tales in US- American Children's Literature. *CLCWeb: Comparative Literature and Culture* 10.2. Henta frå: <http://docs.lib.purdue.edu/cgi/viewcontent.cgi?article=1349&context=clcweb>
- Said, E. (1994). *Orientalismen. Vestlige oppfatninger av Orienten*. Drammen: J.W. Cappelen forlag A.S.
- Svahn, I. (2015, 19.april). 1,5 milliarder mennesker er overvektige- stadig flere av dem bor i utviklingsland. Henta frå: <http://www.bistandsaktuelt.no/nyheter/nyheter---tidligere-ar/2011/15-milliarder-mennesker-er-overvektige--stadig-flere-av-dem--bor-i-utviklingsland/>
- Tønnesson, J.L. (2012). *hva er SAKPROSA*. Oslo: Universitetsforlaget.
- van Leeuwen, T. (2005). *Introducing Social Semiotics*. London: Routledge.

